

# Interne rutinar for arbeid med planar og dispensasjonar etter plan- og bygningslova - sjekklista



August 2023

# Innhald

Innleiing .....	2
Viktige planomsyn og føringar vi må følgje opp .....	2
Overordna mål og strategiar .....	3
Mål 1: Gode og oppdaterte kommuneplanar .....	3
Mål 2: Arealplanar i tråd med nasjonale eller vesentlege regionale interesser .....	4
Mål 3: Godt grunngevne motsegner, der det er naudsynt .....	4
Mål 4: Dispensasjonar i samsvar med krava i plan- og bygningslova (pbl.) .....	5
Differensiering i arealforvaltninga .....	6
Fagtema .....	8
Folkehelse .....	9
Barn og unge, universell utforming og likestilling .....	13
Bustadsosialt arbeid .....	19
Klima, energi- og klimatilpassing .....	23
Samordna bustad, areal- og transportplanlegging .....	29
Samfunnstryggleik og beredskap (ROS-analysar) .....	31
Landbruk og jordvern .....	32
Naturmangfald .....	37
Strandsona langs sjø og vassdrag, sjøareal .....	45
Vassdrag .....	50
Friluftsliv, landskap, grønstruktur og samanhengande naturområde med urørt preg .....	55
Avfalls-/gjenvinningsanlegg og avfallshandtering .....	61
Forureina grunn .....	66
Lokal luftkvalitet .....	70
Støy .....	72
Avløp .....	77
Massehandtering .....	82
Vedlegg .....	86
Rutinar for vurdering av planar og dispensasjonar .....	86

## Innleiing

Det er kommunane sjølve som har ansvaret som planstyresmakt etter plan- og bygningslova. Dei må syte for at omsyna i nasjonal politikk vert varetekne i kommunale planar og vedtak. Kommunane må òg ta omsyn til viktige regionale verdiar når saker skal vurderast lokalt. Kommunane skal, gjennom god areal- og samfunnsplanlegging, sjølve styre utviklinga.

Statsforvaltaren har ei viktig oppgåve i å formidle nasjonal politikk og lovpålagte krav i planprosessar etter plan- og bygningslova. Viktige fagområde som arealpolitikk, miljøvern, landbruk, folkehelse, bustadsosialt arbeid, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt.

Desse interne føringane inneheld både overordna strategiar for arbeidet med planar og dispensasjonar etter plan- og bygningslova og sjekklister for ulike tema som er aktuelle i handsaming av plan- og dispensasjonssaker. Dokumentet er i første rekkje utarbeidd for oppfølginga vår av kommunane, men kan, så langt det passar, også brukast i rettleiinga vår til regionale planar.

## Viktige planomsyn og føringar vi må følgje opp

Klimaendringane og naturkrisa er blant dei største utfordringane vi står overfor i vår tid. Arbeidet for å bidra til reduserte klimagassutslepp i fylket skal prioriterast. Arealplanlegging skal nyttast som verkemiddel for å redusere klimagassutslepp, arealinngrep i viktig natur, og sjå til at samfunnet vert førebudd og tilpassa eit klima i endring.

I nye [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#) har regjeringa m.a. formulert ei slik forventning:

*«Bærekraftsmålene, nasjonale klima- og miljømål, lokalt folkestyre og løysningar som styrker verdiskaping og bosetting i heile landet, legges til grunn for den overordnede samfunns- og arealplanleggingen og for statens deltakelse i planprosessene.»*

Dei nasjonale forventningane vektlegg også sterkt Stortinget sitt skjerpa nasjonale jordvernmål på maksimalt 2000 da jordbruksareal per år innan 2030. Dei beste jordbruksareala har det sterkaste vernet.

Andre viktige omsyn må etter behov også innarbeidast i arealpolitikken, som til dømes samfunnstryggleik og beredskap, barn og unge sine oppvekstvilkår og folkehelse.

Vi vil spesielt trekkje fram desse punkta i dei nasjonale forventningane til planlegginga:

- *Det blir lagt til rette for å utvikle gode lokalsamfunn i bygd og by, i små tettstader og spreiddbygde område med tilgang til bustader og tenester i tråd med kommunale føresetnader og behov.*
- *Sykling og gåing og kollektivtrafikk blir prioriterte i byar og tettstader gjennom planlegging av heilskapleg infrastruktur som er samanhengande, tilgjengeleg, attraktiv og trygg. I arbeidet med byvekstavgiftar i dei store byane skal hovudtyngda av vekst i bustader og*

*arbeidsplassar kome i eller i nærleiken av større knutepunkt for å byggje opp under nullvekstmålet, med dei tilpassingar som følgjer av den enkelte avtalen,*

- *Arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag blir vurdert i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Det blir lagt til rette for ei meir differensiert forvaltning av strandsona med større moglegheiter for næringsutvikling og busetjing i spreiddbygde strøk langs kysten i sone 3 i planretningslinjene for strandsona.*

Regjeringa presiserer elles at forventningsdokumentet er retningsgivande og ikkje formidlar alle nasjonale mål, oppgåver og interesser som planlegginga skal vareta. Dokumentet må difor sjåast i samanheng med aktuelle lover, forskrifter, meldingar til Stortinget og rundskriv.

## Overordna mål og strategiar

### Mål 1: Gode og oppdaterte kommuneplanar

Statsforvaltaren i Vestland skal aktivt bidra til at kommunane har oppdaterte og tenlege overordna arealplanar som er styrande for arealbruken. Vi vil prioritere opp arbeidet med overordna planar, særleg i form av opplæring, rådgjeving og forventningar på fagområda våre.

Vi kjem med tydelege og tidlege signal til planar, ved oppstart og eventuelt i regionalt planforum, for å få til betre planar og om mogleg unngå motsegn. For å få tid til desse prioriteringane, må vi aktivt evaluere måten vi jobbar på – både med informasjon, plansaker og dispensasjonar.

For å sikre at kommunane får gode planar etter plan- og bygningslova, legg vi stor vekt på ansvaret kommunane har for planlegging. Kommunar som har gamle kommuneplanar vert oppmoda om å oppdatere desse, slik at dei får eit tenleg verktøy i arbeidet med utviklinga av kommunen.

Vi vil spesielt trekkje fram dette punktet i dei nasjonale forventningane:

- *Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen, vurderer kommunen om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit føremålstenleg utbyggingsmønster.*

Statsforvaltaren skal støtte kommunane i at arbeidet deira med samfunnsdelen til kommuneplanen tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for samfunnet og for kommunen som organisasjon. Det skal vere samanheng mellom samfunnsdelen, arealdelen og handlingsdelen.

I den kommunale planstrategien skal kommunen klargjere kva for planoppgåver dei vil starte opp eller vidareføre i ny kommunestyreperiode. Vi skal minne kommunane på at dei etter lova skal ha gjort vedtak om planstrategi seinast eitt år etter at nye kommunestyre er konstituerte.

Strategi	Konkrete tiltak
1. Informasjon og opplæring	a) Informasjon til nyvalde politikarar.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>b) Tidleg involvering og klåre råd om arbeidet med planstrategiar.</li> <li>c) Tilbod om fleire webinar om planfaglege tema.</li> <li>d) Marknadsføre KDD sine nettsider på <a href="http://planlegging.no">planlegging.no</a>, og vurdere å supplere med planfaglege råd og tips på nettsidene våre.</li> </ul>
--	---

## Mål 2: Arealplanar i tråd med nasjonale eller vesentlege regionale interesser

Kommuneplanen sin arealdel skal vere styrande for all arealbruk i kommunen. Dersom kommuneplanen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, og reguleringsplanane følgjer opp dette, vil talet på motsegner gå ned. Dette vil igjen føre til at vi brukar mindre tid på handsaming av reguleringsplanar, fordi nasjonale og regionale omsyn er avklara i kommuneplanprosessen. Resultatet for kommunar og utbyggjarar er kortare planprosessar der ein i større grad unngår at tid går med til motsegner, meklingar og handsaming i Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD).

Strategi	Konkrete tiltak
2. Vi prioriterer overordna planar	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Vi deltek tidleg i møte med kommunar om planarbeidet</li> <li>b) Vi viser til gode døme med planfaglege råd og tips på nettsida vår.</li> <li>c) Vi deltek aktivt i Regionalt planforum – og spesielt når arealdelen til kommuneplanen er tema.</li> </ul>

## Mål 3: Godt grunnjevne motsegner, der det er naudsynt

Dersom eit planforslag er i strid med plan- og bygningslova, forskrift, statlege planretningslinjer, statleg eller regional planføresegn, eller overordna plan, kan det gje grunnlag for motsegn, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 5-4 fjerde ledd. [Rundskriv H-2/14 frå KDD](#) har nærare retningslinjer for bruk av motsegn.

[For motsegner på miljøområdet har Klima- og miljødepartementet \(KLD\) utarbeidd rundskriv T-2/16 \(revidert i februar 2021\) for å klargjera kva som er spørsmål av nasjonal eller vesentleg regional verdi, eller som av andre grunnar er vesentleg viktig på klima- og miljøområdet.](#)

[Stortinget vedtok våren 2023 ny nasjonal jordvernstrategi, jf. prop 121 S \(2022-2023\), vedlegg 9. Det mest konkrete tiltaket er at maksimal omdisponering er redusert frå 3000 til 2000 dekar for landet. Fordelt per fylke utgjer dette om lag 180 dekar for Vestland.](#)

[Helsedirektoratet sin rettleiar for systematisk folkehelsearbeid, kapittel 7, tek også opp tema som kan gje grunnlag for motsegn på folkehelseområdet.](#)

Statsforvaltaren skal samordne statlege motsegner til kommunale arealplanar, jf. [delegering frå KDD i desember 2017](#). I dei nye nasjonale forventningane er det understreka at *statlege motsegner skal bli færre og samordnast betre*. Vi må såleis vere aktive med å sjå etter handlingsrommet vi har i rolla som samordnar.



Vi samanfattar motsegnene slik at kommunen får eitt brev med alle statlege motsegner samla. Vi kan på visse vilkår òg avskjere statlege motsegner. Før vi konkluderer i spørsmålet om motsegn, vert kommunane og aktuell statleg styresmakt invitert til eit dialogmøte. I møtet vert alle motsegnspunkta diskuterte med kommunen. Dersom ein oppnår semje i dialogmøtet, vert det ei raskare planavklaring. Vert det ikkje semje, vil kommunen normalt få motsegn til planen. Dersom kommunen framleis ønskjer å halde fast på dei delane av planen det er motsegn til, vert det mekling før saka eventuelt vert sendt Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd.

Strategi	Konkrete tiltak
3. Vi konsentrerer planfråsegna om eventuelle motsegnspunkt	a) Kortfatta fråsegn med ros på dei viktigaste punkta der planen er god. b) Korte merknader til område med forbedringspunkt – her bør vi i størst mogleg grad vise til retningslinjer, rundskriv, nettsider mv. (m.a. <a href="https://planlegging.no">planlegging.no</a> ). c) Poengtert og grundig forklaring på dei områda der vi reiser motsegn. d) Aktiv samordnar av statlege interesser og motsegner, med avtalt framdriftsplan.

#### Mål 4: Dispensasjonar i samsvar med krava i plan- og bygningslova (pbl.)

**Merknad:** Etter at dette dokumentet var ferdig revidert har Statsforvaltaren, som kjent i brev til kommunane 4.1.2024, endra praksisen i dispensasjonssaker etter pbl § 19-1, slik at vi ikkje lenger vil be om å få slike saker på høyring før kommunane gjer vedtak. Sjå [Statsforvaltaren i Vestland foreklar arbeidet med dispensasjonssaker | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no). Vi gjer merksam på at vi ikkje har gjort endringar i dette kapitlet etter denne endringa av praksisen.

Kommunane kan gje varig eller mellombels dispensasjon frå vedtekne planar, men berre når dei to vilkåra i andre ledd i pbl. § 19-2 er oppfylte:

*«Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.»*

Deretter kan kommunen gje dispensasjon, men ingen har krav på dispensasjon.

Som hovudregel bør arealbruksendringar handsamast i samsvar med vedtekne planar, som også sikrar brei medverknad og ein demokratisk prosess. Ein praksis med stadige dispensasjonar svekker arealplanen som styringsverktøy. Å fråvike gjeldande planar skal ikkje vere kurant, og ein dispensasjon må difor vere grundig fagleg grunngjeven. Ein dispensasjon frå ein plan endrar ikkje planen, men inneber eit unntak for det aktuelle tiltaket.

Som statleg fagstyresmakt skal vi få høve til å uttale oss på førehand dersom fagområda våre blir «direkte berørt», og før kommunen eventuelt gir dispensasjon, jf. pbl. § 19-1.

Dei siste åra har vi årleg motteke godt over 2000 dispensasjonar på høyring, og etter positivt dispensasjonsvedtak har vi fått nesten like mange saker til klagevurdering. Av desse har vi klaga på mellom 120 og 145 saker dei siste åra (om lag seks prosent av vedtaka).

### Korleis kan vi bidra til å redusere talet på dispensasjonar?

Talet på dispensasjonssaker til høyring og klagevurdering frå kommunane i Vestland har vore og er høgt. I tildelingsbrevet for 2023 i punkt 3.1.1.14 står det at: «Arealbruken må i størst mulig grad avklares gjennom planlegging, og ikke gjennom dispensasjonar.».

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging omhandlar i utgangspunktet ikkje dispensasjonar. Dispensasjonar er likevel omtalt ein plass i forventningsdokumentet, der det står følgjande om strandsona langs sjøen:

*«Det er viktig at statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen legges til grunn for planleggingen, og at bitvis nedbygging gjennom dispensasjonar unngås. I områder med lite utbyggingspress og mye tilgjengelig strandsoner, i sone 3 i retningslinjene, vil det i større grad være mulig å legge til rette for ny utbygging som bidrar til næringsutvikling og arbeidsplasser. En differensiering av arealbruken skal skje gjennom kommunenes overordnede planlegging, der det både vurderes behov for areal til ulike utbyggingsformål og areal som skal skjermes for nye inngrep.»*

Statsforvaltaren har som oppdrag å bidra til at dispensasjonssakene vert handterte i samsvar med lova. Dette gjer vi gjennom generell rettleiing til både administrasjonen og politikarane, råd i enkeltsaker på høyring, og i nokre høve klager vi på dispensasjonsvedtak som set til sides nasjonale eller vesentlege regionale omsyn.

Vi vil framover ha auka vekt på dialog om dette temaet, særleg med dei kommunane som har flest dispensasjonar, i tillegg til den generelle rettleiinga til alle gjennom enkeltsaker, fagsamlingar, webinar, kommunebesøk og anna.

Kommunane sitt viktigaste grep for å redusere tal dispensasjonar, er oppdaterte kommuneplanar og reguleringsplanar som er i samsvar med kommuneplanen. Med informasjon og i dialog med kommunane ønskjer vi å heve respekten for at utbygging hovudsakleg bør skje i tråd med vedtekne planar, ikkje gjennom enkeltvis dispensasjonar.

Vi skal i andre halvår 2023 ha ein intern prosess der vi spesielt vil sjå på om vi i samspel med kommunane kan effektivisere arbeidet med dispensasjonssaker.

### Differensiering i arealforvaltninga

I tråd med signal frå overordna myndigheiter, m.a. gjennom dei nye nasjonale forventningane til planlegginga, legg vi opp til ein differensiert arealpolitikk overfor kommunane. Vi kan difor ha ulik vektlegging av omsyn i pressområde og utkantområde. Dette er direkte regulert gjennom [dei statlege planretningslinjene for strandsona](#) og i tillegg presisert i tildelingsbrevet for 2023 (pkt.3.1.1.14):

«Det vises til resultatmål 3.1.1.8.1. Det skal sikres en mer differensiert forvaltning av strandsonen, med økt handlefrihet og større muligheter for næringsutvikling og bosetting i spredtbygde strøk langs kysten i strandsonens sone 3. Arealbruken må i størst mulig grad avklares gjennom planlegging, og ikke gjennom dispensasjoner.»

Sjølv om verken gjeldande statlege retningslinjer eller nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging direkte omhandlar dispensasjonar, vel vi å ha ein differensiert praksis når vi skal gje fråsegn til, og ev vurdere å klage på, dispensasjonssaker.

Differensiering kan også vere aktuelt ved planlegging for spreidd bustad-, fritids- og næringsbygg i LNF-område i kommunar med lite utbygging. [Lein rettleiar frå KDD frå mai 2020](#) er det peikt på bruk av dispensasjon som eit alternativ til å setje av store område til «LNF-spreidd» i slike kommunar. Sjølv om dispensasjon ikkje bør vere den generelle løysinga for spreidd utbygging, tilrår KDD at kommunane i så fall utarbeidar retningslinjer om til dømes krav til dokumentasjon, avgrensingar på plassering, storleik mv.

#### Når bør Statsforvalteren klage på dispensasjonsvedtak?

I tildelingsbrevet for 2023, punkt 3.1.1.13 står det at: «Statsforvalteren skal bidra til at nasjonale og viktige regionale interesser ikke blir vesentlig tilsidesatt i enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven. Statsforvalteren kan på denne bakgrunn fremme klage som sektormyndighet. En klage fra staten skal være godt begrunnet, og der er et mål at det er enhetlig praksis for når statsforvalteren griper inn med klage.»

I klagen skal vi vere konkrete på kva som er direkte i konflikt med *nasjonale eller vesentlege regionale interesser*, slik at kommunen, søkjar og publikum kan forstå kvifor vi klager.

Vi skal leggje stor vekt på saksutgreiinga og den faglege grunngjevinga frå kommunen. Viss vi er usamde i desse vurderingane, må vi konkret peike på kva vi meiner er feil i utgreiing og regelforståing.

Som hovudregel skal vi ikkje som einaste klagegrunn vise til at vedtaket ikkje oppfyller dei lovbundne vilkåra i § 19-2 andre ledd. Dette legg vi først vekt på som del av grunngjevinga for eventuell klage når det samtidig er, eller kan vere, konflikt med nasjonale eller regionale interesser. Gjennomgåande feil i tolking av lovheimlar og liknande må vi ta tak i på andre måtar, gjennom dialog og opplæringstiltak med kommunen.

<b>Strategi</b>	<b>Konkrete tiltak</b>
4. Differensiering i dispensasjonssakene	<ul style="list-style-type: none"><li>a) Informasjons- og opplæringstiltak for kommunane, administrativt og politisk, om vilkåra for dispensasjonar og kva som ligg i differensiering.</li><li>b) Gjennomføre ein prosess for å effektivisere arbeidet med dispensasjonssakene.</li><li>c) Arealforvaltning og særleg bruken av dispensasjonar som fast punkt i kommunedialogen – særleg i kommunar med mange dispensasjonar.</li><li>d) Klager på dispensasjonsvedtak skal forklare konkret kvifor det er strid med nasjonale eller vesentlege regionale interesser.</li></ul>




## Fagtema

Under kjem ein gjennomgang av viktige fagtema, med aktuelle lover, nasjonale og regionale føringar, lenkjer og tilvising til fakta i Fylkesatlas. Til slutt under kvart fagtema ligg sjekklister til bruk i sakshandsaminga vår i plan- og dispensasjonssaker.

### FNs berekraftsmål

FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for regional og kommunal planlegging jf. [Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#). Berekraftig utvikling må møte behov og gi betre levevilkår for folk i dag, utan å øydeleggje livsgrunnlaget for framtidige generasjonar. Parisavtalen om klima og det globale rammeverket for naturmangfald er sentrale for at berekraftmåla kan nåast, og set krav til kommunane om å leggje omsynet til biosfæren til grunn for sosial- og økonomisk verdiskaping (**figur 1**).



**Figur 1.** Biosfæren gjer rammar for den sosiale- og økonomiske berekrafta. Klimaendringane og tap av biologisk mangfald synleggjer korleis klima, miljø og naturressursar er grunnlaget for menneskeleg liv og utvikling. Kjelde: Azote Images for Stockholm Resilience Centre.

Klimaendringane og naturkrisa er blant dei største utfordringane vi står overfor i vår tid. Arealplanlegging skal nyttast som verkemiddel for å redusere klimagassutslepp, arealinngrep i viktig natur, og sjå til at samfunnet vert førebudd og tilpassa eit klima i endring. Blant anna skal kommunane vurdere naturbaserte løysingar for å løyse klima- og samfunnsutfordringar i deira planlegging.

### Plan- og bygningslova

Pbl. § 3-1 e: legge til rette for god forming av bygde omgavnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet.

Pbl. § 3-1 f: Fremme befolkninga si helse og motverke sosiale helseforskjellar samt bidra til å førebygge kriminalitet.

Pbl. § 28-7: Krav til storleik, utforming og kvalitet på uteareal.

### Folkehelselova

§ 1: Målet med denne lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjer folkehelse og **utjamnar sosiale helseforskjellar**. Folkehelsearbeidet skal **fremje** befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å **førebygge** psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding.

### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

- Samfunns- og arealplanlegginga blir brukt som verkemiddel for å utjamne skilnader, førebyggje levekårsutfordringar og sikre ei sosial balansert utvikling gjennom bustadbygging, lokalisering av teknisk og sosial infrastruktur og offentlege tenester.
- Det blir lagt til rette for at eldre som ønskjer det, kan bli buande lenger i eigen bustad. Kommunane ser utviklinga i helse- og omsorgstenestene i samanheng med bustadplanlegginga og den langsiktige økonomien til kommunen.
- Det blir lagt til rette for trygge skulevegar og aktivitetsvenlege nærmiljø med varierte tilbod for lek og opphald for ulike aldersgrupper. Deltaking i samfunnet for flest mogleg blir sikra gjennom universell utforming av nye bygningar og uteområde.

### Regionale forventningar

- [Regional plan for folkehelse Hordaland 2014 - 2025](#)
- [Regional plan for folkehelse Sogn og Fjordane 2015 - 2025](#)
- [Regional planstrategi for Vestland fylkeskommune](#)
- [Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022 - 2025](#)

### Aktuelle lenker

- [Helsedirektoratet – Folkehelse i kommunen](#)
- [Systematisk folkehelsearbeid - Rettleiar til lov og forskrift](#)
- [Innsigelser i arealplanlegging ved interesser av nasjonal eller vesentleg regional betydning](#) (kap 7 i rettleiar om systematisk folkehelsearbeid)
- [Forskrift om oversikt over folkehelsen](#)
- [Meld. St. 15 \(2022-2023\) Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar](#)
- [Forskrift om miljøretta helsevern](#)
- [Kommunal planlegging som redskap for å redusere sosiale helseforskjellar](#)
- [Folkehelse – Statsforvaltaren i Vestland](#)
- [Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre](#)

- [Meld. St. 24 \(2022-2023\) Fellesskap og meistring – Bu trygt heime](#)
- [Håndbok for aldersvennlig stedsutvikling](#)
- [Forebygging.no](#)
- [Folkehelseplanlegging i kommunane](#)
- [Verktøykasse for strategisk folkehelsearbeid](#)
- [Læringsportal for lokal og regional planlegging - Helse og omsorg i plan](#)
- [Rettleiar om universell utforming i planlegging](#)
- [Handlingsplan for fysisk aktivitet](#)
- [Barn og unge i plan og byggesak](#)

### I Fylkesatlas

Friluft - rullestol/Friluftsliv/Tilgjengelegheit og universell utforming

Friluft – Elektrisk rullestol/Friuftsliv/Tilgjengelegheit og universell utforming

Friluft – synshemmede/Friluftsliv/Tilgjengelegheit og universell utforming

Tettsted - rullestol/Friluftsliv/Tilgjengelegheit og universell utforming

Tettsted – elektrisk rullestol/Friluftsliv/Tilgjengelegheit og universell utforming

Tettsted – synshemmede/Friluftsliv/Tilgjengelegheit og universell utforming

### Sjekkliste folkehelse

	Kommuneplan samfunns- og arealdel	Ja	Nei
<b>Systematisk folkehelsearbeid</b>	Kommunen har etablert eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid, kor psykisk helse er inkludert.		
	Kommunen har ein oppdatert folkehelseoversikt (fhl § 5). Folkehelseoversikta inngår som grunnlag for <b>planstrategi</b> , og kommunen drøftar/identifiserer folkehelseutfordringane (fhl § 5 annet ledd) i planstrategien (fhl § 6 første ledd, pbl 10-1).  (Korleis vil kommunen møte dei identifiserte folkehelseutfordringar i planverket?)		
	Kommunen har fastsett overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet i <b>kommuneplanar</b> (samfunnsdel, arealdel, kommunedelplanar etter pbl kap 11), som er eigna til å møte dei utfordringane som kommunen står ovanfor, med utgangspunkt i folkehelseoversikta (fhl § 5).		
	Kommunen har lagt vekt på å fremje folkehelse og utjamne sosiale helseforskjellar i planar etter plan- og bygningslova. Er sosial ulikskap problematisert som eige tema?		
	Er folkehelse ein del av kommunens konsekvensutgreiingar? Kva undertema er vurdert. Spel gjerne inn tema frå denne sjekklista.		
	Legg planen til rette for tiltak som vil betre levkåra til låginntektsfamiliar og menneske med nedsett funksjonsevne?		

	Viser kommunen til rettleiar for systematisk folkehelsearbeid? Viss ikkje vis til den: <a href="https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/systematisk-folkehelsearbeid">https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/systematisk-folkehelsearbeid</a>		
Sosial berekraft			
	Kommunen koplar mål og strategiar tydeleg til berekraftsmåla og den sosiale delen av berekraftsombrepet. Kommunen er tydeleg på kva dei ulike berekraftsmåla betyr for deira planlegging.		
<b>Barn og unge</b>			
	Barn og unge har moglegheiter og utfordringar som gir ein meningsfylt oppvekst, utan omsyn til bustad og sosial og kulturell bakgrunn.  Kommunen vurderer konsekvensar for barn og unge i plan- og byggesaksbehandlinga etter pbl. og gjer ei samla vurdering av barn og unges oppvekstmiljø for å innarbeide mål og tiltak i kommuneplanarbeidet.  Sjå sjekkliste for barn og unge.		
<b>Fysisk aktivitet</b>			
	Kommunen legg til rette for eit aktivitetsvenleg samfunn (til dømes nærområdekvalitetar, nærfriluftsliv i bu- og nærmiljø som parkar, hundremeterskogar, byrom og naturområder, gang- og sykkelveg og trafikkisikring, leikeplassar, benkar, lyssetting, universelt utforma sosiale møteplassar)		
<b>Miljøretta helsevern</b>			
	Er det vurdert om kommunen har fysiske, kjemiske, biologiske (støy, lyd, lys, luft) forhold som verkar inn på folkehelsa?  (Korleis møter kommunen desse eventuelle utfordringane i planverket?)  Sjå meir under sjekkliste for forureina grunn, lokal luftkvalitet, støy.		
<b>Heilskapleg bustadplanlegging</b>	Tek kommunen bustadsosiale omsyn i planar? Forankrar kommunen det bustadsosiale arbeidet i kommuneplanen? Sjå sjekkliste for bustadsosialt arbeid.		
<b>Universell utforming</b>			
	Universell utforming er eit premiss for all planlegging.		

	Kommunen har klare mål for universell utforming i planen.		
	Konkrete krav til universell utforming er sikra i føresegnene.		
	Kommunen inkluderer brukargrupper og pårørende.		
	Kommunale område og bygg er universelt utforma med vekt på tilgjenge for alle. Hugs barnehagar og skular.		
	Kommunen har sett krav til kor mange prosent av nye bustadar som skal vere universelt utforma i føresegnene til arealdelen til kommuneplanen.		
<b>Aldersvenlege samfunn</b>			
	Kommunen legg til rette for inkluderande infrastruktur som senker terskelen for deltaking. Døme er gangveggar, benkar, lyssetting, teknologi, transportordningar.		
	Kommunen legg til rette for uformelle og tilgjengelege sosiale møteplassar som når fleire brukargrupper samtidig.		
	Kommunen legg til rette for ulike bustadtypar og buformer tett på handel, kultur og tenestetilbod.		
<b>Integrering</b>			
	Planen har mål og tiltak for å skape eit meir inkluderande samfunn for alle.		
	Bidreg planen til betre integrering, levekår og livskvalitet for innbyggjarar frå andre land?		
	Korleis vert innbyggjarar med ulike funksjonsnedsettingar inkludert i arbeids- og samfunnsliv? Spesielt viktig med dei unge.		

### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Punkt frå kapittel 3 Trygge og inkluderande lokalsamfunn:

- ✓ Samfunns- og arealplanlegginga blir brukt som verkemiddel for å utjamne skilnader, førebyggje levekårsutfordringar og sikre ei sosial balansert utvikling gjennom bustadbygging, lokalisering av teknisk og sosial infrastruktur og offentlege tenester.
- ✓ Det blir lagt til rette for trygge skulevegar og aktivitetsvenlege nærmiljø med varierte tilbod for leik og opphald for ulike aldersgrupper.
- ✓ Deltaking i samfunnet for flest mogleg blir sikra gjennom universell utforming av nye bygningar og uteområde.
- ✓ Ved planlegging av barnehagar og skular blir lokalisering og arealbehov vurdert tidleg i planprosessane i samarbeid med relevante aktørar.
- ✓ Det blir sett av tilstrekkelege areal av god kvalitet til grønstruktur, uterom og møteplassar som stimulerer til fysisk aktivitet, naturoppleving og sosialt fellesskap

#### **Plan- og bygningslova**

Pbl. §1-1 siste ledd: universell utforming og omsynet til barn og unge skal ivaretakast i planlegginga.

Pbl. § 3-1 pkt. e: legge til rette for god forming av bygde omgjevnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår.

Pbl. § 3-1 pkt. f: fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar samt bidra til å førebygge kriminalitet.

Pbl. § 3-3 tredje ledd: etablere ordning for å ivareta barn og unges interesser (barnerepresentant).

Pbl. § 5-1 andre ledd: sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge

Pbl. § 11-9 nr 5: kan stille krav i KPA om universell utforming og leke-, ute- og opphaldsplassar.

Pbl. § 12-7 nr 4: kan stille krav i reguleringsplan til universell utforming og leike- og opphaldsareal.

Pbl. § 28-7: krav til storleik, utforming og kvalitet på uteareal, fellesareal.

#### Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Retningslinene stiller konkrete krav til kvalitet og funksjonar for areal som vert nytta av barn og unge. Lova har krav om medverknad i planprosessen. Kommunen må organisere planprosessen slik at barn får fremma sine synspunkt og får delta. Kommunen er pålagt å etablere ei særskilt ordning for å ivareta barn og unges sine interesser i planlegginga, (Jf. pbl § 3.3 tredje ledd). Det skal vere personar med nødvendig kompetanse og erfaring til å fylle denne funksjonen.

Utdrag frå retningslinene:

##### *4. Krav til den kommunale planleggingsprosessen*

Kommunen skal:

- a. Vurdere konsekvenser for barn og unge i plan- og byggesaksbehandlingen etter plan- og bygningsloven.



- b. Foreta en samlet vurdering av barn og unges oppvekstmiljø for å innarbeide mål og tiltak i kommuneplanarbeidet.
- c. Utarbeide retningslinjer, bestemmelser eller vedtekter om omfang og kvalitet av arealer og anlegg av betydning for barn og unge, som skal sikres i planer der barn og unge er berørt.
- d. Organisere planprosessen slik at synspunkter som gjelder barn som berørt part kommer fram og at ulike grupper barn og unge selv gis anledning til å delta.

#### 5. Krav til fysisk utforming

*Følgende skal vies spesiell oppmerksomhet:*

- a. Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare.
- b. I nærmiljøet skal det finnes arealer hvor barn kan utfolde seg og skape sitt eget lekemiljø. Dette forutsetter blant annet at arealene:
  - er store nok og egner seg for lek og opphold
  - gir muligheter for ulike typer lek på ulike årstider
  - kan brukes av ulike aldersgrupper, og gir muligheter for samhandling mellom barn, unge og voksne.
- c. Kommunene skal avsette tilstrekkelige, store nok og egnet areal til barnehager.
- d. Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal, eller dersom omdisponering av areal egnet for lek fører til at de hensyn som er nevnt i punkt b ovenfor, for å møte dagens eller framtidens behov ikke blir oppfylt.

Les meir på regjeringa si nettside om [barn og unges interesser i planlegginga](#).

Mange kommunar har gjennomført [Barnetråkk](#). Dette er registreringar som gir kunnskap om areal som er viktige for barn og unge.

[Barn og unge i plan og byggesak](#) – rettleiar frå KMD om korleis sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge gjennom planlegging og byggesaksbehandling

#### **Byggteknisk forskrift (TEK 17)**

Forskrifta setter minimum standard og funksjonskrav til bygg for at dei skal vere lovlege. Tema i forskrifta omfattar visuell kvalitet, universell utforming og tekniske krav til sikkerheit, miljø, helse og energi.

#### **§ 5-6**

For boliger, skoler, barnehager og andre bygninger der det etter kommunens skjønn er nødvendig å avsette et minste uteoppholdsareal, bør det i planbestemmelsene angis minste uteoppholdsareal inklusiv lekeareal. MUA angis i m2 hele tall per enhet, bolig, skoleelev eller barnehagebarn mv. og skrives m2 MUA. Uteoppholdsareal er de delene av tomten som er egnet til formålet og som ikke er bebygd eller avsatt til kjøring og parkering. Kommunen kan bestemme at hele eller deler av ikke overbygd del av terrasser og takterrasser kan regnes som uteoppholdsareal.

#### **§ 8-2**

Opparbeidet uteareal med krav om universell utforming

- a) uteareal for allmennheten

### **§ 8-3**

Uteoppholdsareal

### **§ 8-4**

Generelle krav til gangadkomst og ganglinjer

- Universell utforming av skolebygninger
- Lekeplasser

### **§ 12-1**

Krav til planløsning og universell utforming av byggverk

### **Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger (ny 1. juli 2023)**

Heimla i folkehelselova. Den stiller ei rekkje funksjonskrav til barnehagar, skular, skulefritidsordningar, leksehjelpordningar i tilknytning til skuleverksemd og andre verksemdar som barnepassverksemd og barneparkar (sjå meir i § 2). Drift av desse føreset godkjenning av kommunen, etter § 15. Statsforvaltaren ved helse, sosial og barnevernsavdelinga er klageinstans.

Paragraf 4 seier at verksemda sine lokale og uteområde skal vere utforma slik at dei fremjar helse, trivsel, leik og læring for alle barn og elevar, dekke behov for aktivitet og kvile, førebygge sjukdom, skade, ulykke, overgrep og andre alvorlege hendingar. Paragraf 5 til 8 tek føre seg plassering av verksemd, inneklima, lys- og lydforhold. Paragraf 13 tek føre seg smittevern.

Helsedirektoratet utarbeidd arealnorm for barnehage. Norma er som følger: Inneareal skal vere 4 m<sup>2</sup> per barn over 3 år, og 1/3 større (5.3 m<sup>2</sup>) per barn under 3 år. Uteareal skal minimum vere seks gonger større enn inneareal. FMHO har i ein serie vedtak fastheld arealnorma som eit «veiledende minimum», slik at avvik frå denne må særskilt grunngjevast og kunne forsvarast med kompensierende tiltak som etter ein konkret vurdering gir barna eit tilsvarande godt tilbod som oppfyllt arealnorm gjer. FMHO si tolking er vidareført i SFVL. [Rettleiar til forskrifta er på høyring til 15. oktober 2023.](#)

### **Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringslova)**

**§ 1** Formålet er å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlege forhold ved ein person.

§ 17 Universell utforming- Offentlege og private verksemdar retta mot ålmenta har plikt til universell utforming av dei alminnelege funksjonane i verksemda.

### **Opplærings- og barnehagelova med forskrifter**

#### **§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø**

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

#### **§ 9 A-7. Det fysiske miljøet (første og andre ledd)**

«Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane. Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid tilrår. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.»

### § 8-1 Nærskuleprinsippet (første ledd, første setning)

«Grunnskoleelevene har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.»

Farleg skuleveg er eitt av vurderingstema i samband med å fastsetje kva som er nærskule. Les tolkingsuttalen her : [Nærskuleprinsippet og skolekretsgrensar \(udir.no\)](https://www.udir.no/tema/nærskuleprinsippet-og-skolekretsgrensar) .

### § 7-1 Om rett til skuleskyss (første ledd)

«Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»

Den daglege skyssen i grunnskulen må vere forsvarleg. At skyssen skal vere forsvarleg vil gjelde både korleis skyssen er organisert og kor lang reisetida er (det vil seie om reisetida er akseptabel). Utdanningsdirektoratet har laga eit rundskriv som informerer om reglane som gjeld for retten til skuleskyss: [Retten til skyss Udir-2-2019](https://www.udir.no/tema/retten-til-skyss).

### Barnevernslova og plan for det førebyggjande arbeidet

§ 15-1 Kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid med fremme gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å førebyggje at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt og utviklar åtferdsvanskar. Ifølgje [Saksbehandlingsrundskrivet \(side 70, Bufdir\)](#), skal ein slik plan kunne inngå i dei ordinære planprosessane etter plan- og bygningslova.

### Regionale forventningar

- Regional plan for folkehelse, særleg Tema 1: [Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming](#)
- [Regional plan for folkehelse Sogn og Fjordane 2015 - 2025](#)
- [Regional planstrategi for Vestland fylkeskommune](#)
- [Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022 - 2025](#)

### Aktuelle lenker

- [Rundskriv barn og unge i planlegging T-2/08:](#)
- [Rettleiar om barn og unge i plan og byggesak](#)
- [Samleside om universell utforming på regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)
- Regjeringa sin handlingsplan for UU:  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/regjeringens-handlingsplan-for-universell-utforming-2/id2473299/?ch=1&q=>
- [BLDs forventningar til FMs likestillingsarbeid:](#)

### I Fylkesatlas

Skular i Vestland/Befolkning

Kartlagte og verdsatte friluftsområder/Friluftsliv

## Sjekkliste barn og unges interesser

	Samfunnsdel	JA	NEI
1	Har kommunen oversikt over særlege utfordringar når det gjeld born og unge?		

2	Har kommunen målsetjingar og strategiar for korleis dei skal handtere desse utfordringane ?		
3	Har kommunen tatt omsyn til rikspolitiske retningslinjer for born og unge i planlegginga?		
4	Har kommunen ein plan for korleis ein vil sikre medverknad frå barn og unge?		
5	Har kommunen lagt til rette for at barnas talsperson kan fylle si rolle i planprosessane?		
6	Har kommunen gjennomført Barnetråkk-registreringar?		Vurdere å gjennomføre dette på viktige stader, rundt større skular osv.
	<b>Planprogram - Arealdel og reguleringsplan</b>		
1	Er barn og unge tekne med på råd?		
2	Er barn og unges interesser vektlagt?		
3	Er det sett krav om minimum uteopphaldsareal i føresegnene til arealdelen?  Det finst tilstrekkeleg areal i nærmiljøet der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø  Reguleringsplan – er krava i RPR 5 a.-d. til fysisk utforming av areal for barn (m.a. leikeareal) vurdert og ivareteke?		
4	Er krav om minste uteopphaldsareal (MUA) innfridd for bustadar, skular og barnehagar?		
5	Er erstatningsareal vurdert der leikeareal vert bygt ned?		klage/motsegn
6	Er det tilstrekkeleg skule- og barnehagetilbod i nærleiken?		
7	Bli skule og barnehage planlagt i tråd med forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (med rettleiar)?		
8	Er negative avvik frå norma grunngeevne? Er det sikra avbøtande tiltak?		
9	Er det planlagt trygg skuleveg?		
10	Er det sett krav om at gangtilkomst og ganglinjer skal vere universelt utforma?		
11	Er det sett krav om at leikeplassar skal vere universelt utforma?		
12	Er eksisterande grønstruktur ivareteke? Døme: 100m skog, stiar, barnetråkk, grønne lungjer, skulevegar, naturleikeområder som ikkje er opparbeidd		
13	Er det sett rekkefylgjekrav, - etablering av leikeareal og sikker tilkomst til uteareal?		<u>I uttale</u> : Minne om krav. <u>Ved off. ettersyn</u> : vurdere motsegn.

<b>14</b>	Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge er tilstrekkeleg sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Sjå egne sjekklister for luftkvalitet og støy.		
<b>15</b>			

### Internasjonale føringar – FNs berekraftsmål

- **Bustadsosialt arbeid som mål i seg sjølv:**

Berekraftsmål 11 – Berekraftige byar og samfunn. Delmål 11.1 Alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustader til ein overkommeleg pris.



- **Bustadsosialt arbeid som verkemiddel for å nå andre mål**

Berekraftsmål 1 – Utrydde fattigdom



Berekraftsmål 3 – God helse og livskvalitet



Berekraftsmål 10 - Redusere ulikskap i samfunnet



- **Behov for samarbeid internt i kommunane, med stat og med utbyggjarar for å nå bustadsosiale målsettingar i kommunane**

Berekraftsmål 17 – Samarbeid for å nå måla



### Lov om kommunanes ansvar på det bustadsosiale feltet

- § 5: Kommunen samarbeider på tvers av sektorar og samordnar tenestene sine på det bustadsosiale feltet. Kommunen samarbeider med andre offentlege aktørar.
- § 5: Kommunen har oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden.
- § 5: Oversikten inngår som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi.
- § 5: Kommunen har fastset mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet i kommuneplanen (samfunnsdelen).
- § 5: Måla og strategiane skal vere eigna til å møte dei utfordringane kommunen står overfor.
- § 6: Kommunen planlegg for å gi individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden.
- § 6: Kommunen vurderer kva bistand som skal bli gitt. Bistandens art og omfang skal vere tilpassa behova til den enkelte.

### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027



- Det blir lagt til rette for å utvikle gode lokalsamfunn i bygd og by, i små tettstader og spreiddbygde område med tilgang til bustader og tenester i tråd med kommunale føresetnader og behov.
- Det blir lagt til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i kommunane i tråd med lokale og regionale behov. Bustadbygginga bør bidra til gode og varierte bustadtilbod og bumiljø for alle.
- Det blir lagt til rette for bustadtilbod for vanskelegstilte i ulike delar av kommunen. Eigaretablering for vanskelegstilte blir lagd vekt på.
- Det blir lagt til rette for at eldre som ønskjer det, kan bli buande lenger i eigen bustad. Kommunane ser utviklinga i helse- og omsorgstenester i samanheng med bustadplanlegging og den langsiktige økonomien til kommunen.
- Samfunns- og arealplanlegginga blir brukt som verkemiddel for å utjamne skilnader, førebyggje levekårsutfordringar og sikre ei sosial balansert utvikling gjennom bustadbygging, lokalisering av teknisk og sosial infrastruktur og offentlege tenester.

### **Nasjonale strategier for den sosiale bustadpolitikken «Alle trenger et trygt hjem» (2021-2024)**

#### **Mål**

- Fleire skal kunne eige eigen bustad
- Leige skal vere eit trygt alternativ
- Sosial berekraft i bustadpolitikken
- Tydlegare roller, og nødvendig kunnskap og kompetanse

#### **Prioriterte innsatsområde**

- Ingen skal vere bustadlause
- Barn og unge skal ha gode butilhøve
- Personar med nedsett funksjonsevne skal på lik linje med andre velje kor og kordan dei bur
- Fleire eigna bustader for eldre

#### **Prioriterte målgrupper**

- Det skal i perioden rettast ein særskilt innsats mot dei som står i fare for å bli eller er bustadlause, barn og unge, og personar med nedsett funksjonsevne.

#### **Regionale forventningar**

- Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022-2025 tiltak 1.5: Følge opp satsinga «Alle trenger et trygt hjem» - kommunane planlegg for eit heilskapleg bustadsosialt arbeid.

#### **Aktuelle lenker**

<https://www.statsforvalteren.no/portal/nyheter/2023/06/ny-lov-om-kommunenes-ansvar-pa-det-boligsosiale-feltet/>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/boligmarkedet/boligsosial-strategi/id2786896/>

<https://www.vestlandfylke.no/folkehelse/hoyring-handlingsprogram-for-folkehelse-2022---2025/>

## **Sjekkliste – bustadsosiale omsyn i plan**

		<b>Ja</b>	<b>Nei</b>
<b>Innsatsområda i den nasjonale strategien og i dei kommunale planane samla sett</b>			

	Har kommunen laga målsettingar, strategiar og metodar for å arbeide for at ingen skal vere bustadlause?		
	Har kommunen laga målsettingar, strategiar og metodar for å arbeide for at barn og unge skal ha gode butilhøve?		
	Har kommunen laga målsettingar, strategiar og metodar for å arbeide for at personar med nedsett funksjonsevne på lik linje med andre skal kunne velje kor og kordan dei bur?		
	Har kommunen laga målsettingar, strategiar og metodar for å legge til rette for fleire eigna bustader for eldre?		
<b>Planstrategi m/vedlegg</b>			
	Har kommunen laga ei oversikt over behovet i kommunen for ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden?(jf. § 5 i Lov om kommunanes ansvar på det bustadsosiale feltet)		
	Inngår oversikta i grunnlaget for arbeidet med planstrategien?		
	Drøftar planstrategien kommunen sitt bustadsosiale arbeid med utgangspunkt i denne oversikta?		
	Har kommunen ut frå desse drøftingane skissert dei bustadsosiale utfordringane i kommunen?		
	Har kommunen vurdert i planstrategien å utarbeide ein bustadsosial handlingsplan eller rullere gjeldande plan?		
<b>Kommuneplanens samfunnsdel</b>			
	Har kommunen fastsett overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet? (Jf. § 5 i Lov om kommunanes ansvar på det bustadsosiale feltet)		
	Er dei overordna bustadsosiale måla og strategiane i tråd med dei utfordringane som kommunen har skissert i oversikta over behovet for ordinære og tilpassa bustader?		
	Har kommunen forankra sitt bustadsosiale arbeid til gjeldande nasjonale føringar og strategiar på det bustadsosiale feltet?		
	Har kommunen inkludert bustader for ulike grupper av vanskelegstilte på bustadmarknaden i den ordinære bustadpanlegginga?		
<b>Kommuneplanens arealdel</b>			
	Har kommunen sett av tilstrekkeleg og eigna område for bustader til prioriterte målgrupper?		
	Har kommunen planlagt for varierte bustader og storleiker på desse?		
<b>Bustadsosial handlingsplan</b>			
	Byggjer planen på berekraftsmåla frå FN?		
	Er den bustadsosiale handlingsplanen forankra i gjeldande nasjonale føringar og strategiar på det bustadsosiale feltet?		
	Er den bustadsosiale handlingsplanen forankra i planstrategien, og i dei overordna måla og strategiane i samfunnsplanen?		
	Blir den sosiale bustadpolitikken sett i samanheng med den meir generelle bustadpolitikken for heile befolkninga?		

	Har kommunen utarbeida eit kunnskapsgrunnlag som inkluderer ei oversikt over behovet for ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden? Har dei til dømes nytta Husbanken sin bustadsosiale monitor og digitalt system for kommunale utleige bustader (KOBO)?		
	Har kommunen synleggjort samanhengen mellom kunnskapsgrunnlaget, inkludert oversikta i planstrategien, overordna mål og strategiane i samfunnsplanen og tiltaka i den bustadsosiale handlingsplanen?		
	Planlegg kommunen for samarbeid og samordning på tvers av sektorar og tenester i kommunen, og med andre offentlege, private eller ideelle aktørar?		
	Har kommunen planlagt korleis dei skal organisere eit heilskapleg bustadsosialt arbeid der bustad og ulike helse- og sosialtenester er samordna?		
	Viser kommunen til korleis dei vil bruke Husbanken sine økonomiske verkemiddel for å oppnå måla i denne planen?		
	Viser kommunen til lov om kommunens ansvar på det bustadsosiale feltet i planen?		
	Er dei konkrete tiltaka i planen i tråd med kunnskapsgrunnlaget og dei overordna måla og strategiane for det bustadsosiale arbeidet i kommunen?		
	Har kommunen definert kven som har ansvar for å følgje opp planen?		
<b>Økonomiplan og budsjett</b>			
	Har kommunen innarbeida dei føreslegne tiltaka frå handlingsplanen i kommunen sin økonomiplan og budsjett?		

### **Internasjonal klimapolitikk**

Parisavtalen har mål om at verdas land skal halde den globale oppvarminga under 2 grader, og gjere alt dei kan for å avgrense temperaturstigning til 1,5 grader. FNs berekraftsmål 13 - [Stoppe klimaendringane](#), er mål om å motarbeide klimaendringane, og konsekvensane av dei. [Meld. St. 40 \(2020–2021\)](#) - Mål med meining, er handlingsplanen for å nå berekraftsmåla innan 2030.

### **Noregs klimapolitikk**

Noregs klimamål er nedfelt i [klimaloven](#) ramma for norsk klimapolitikk. Måla skal vere i samsvar med det nasjonale fastsette bidraget under Parisavtalen. Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Vi har som mål å redusere utsleppa med minst 50 prosent, og opp mot 55 prosent innan 2030, samanlikna med referanseåret 1990, og ha redusert utsleppa med 90-95 prosent innan 2050.

Noreg har 24 [Klima- og miljømål](#), der seks av dei er direkte knytt til klima. Tre av dei er omtale i avsnittet over. Dei tre andre er at Noreg skal vere klimanøytralt innan 2030, vi skal redusere og reversere tap av tropisk skog, og samfunnet skal forberede og tilpassast klimaendringane.

### [Regjeringas klimastatus og -plan \(2022-2023\)](#)

Planen dekker rapportering etter klimalova og summerer opp regjeringas klimapolitikk. Delkapittel 6.3 (s. 124) tek for seg oppfølging av arbeidet med klimatilpassing i Noreg. Her er plan- og bygningslova sentral (s.125).

[Meld. St. 13 \(2020–2021\)](#) – Klimaplan for 2021 – 2030 er regjeringas politikk for å redusere klimagassutslepp i tråd med Noregs klimamål og i samarbeid med EU. Planen har mål om kutte dei ikkje – kvotepliktige utsleppa (transport, avfall, jordbruk mm.) med 45 prosent innan 2030. Kommunal arealplanlegging er nemnt på s. 147 og 80. Klima må vere ein del av alle avgjerdene kommunane tek. Regjeringa skal leggje vekt på at kommunar får god rettleiing og gode verktøy for å vektleggje karbonrike areal i arealplanlegginga. [Klimakur 2030](#) har vore viktig faggrunnlag for tiltak innan ikkje-kvotepliktig sektor.

[Meld. St. 33 \(2012–2013\)](#) – er stortingsmelding om klimatilpassing. Fokuserer på utfordringane som klimaendringane skaper, og korleis Noreg kan verte meir robust i møte med endringane. Høge nasjonale klimaframskrivingar skal leggast til grunn ved vurdering av konsekvensane av klimaendringane. (Arbeid med ny stortingsmelding for klimatilpassing er starta opp).

### **Føringar for planlegginga**

#### [Plan og bygningslova](#)

- § 1-1 lova skal fremma berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

- § 3-1 Innanfor ramma av §1-1 skal planar etter denne lov:

g) ta klimaomsyn gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til venta klimaendringar, herunder gjennom løysingar for energiforsyning, areal og transport.

- §4-3 ROS

- §11-8 a) sikrings-støy og faresone, verkemiddel for å unngå tiltak i områder som er særleg utsett for fare som skred eller ras.

c) sone med særleg omsyn til (...) bevaring av naturmiljø, verkemiddel for å unngå tiltak i naturtypar som er viktig for karbonlagring, eller som har funksjon for klimatilpassing.

-§ 11-9 nr 3 og § 12-7 nr 8, føresegnar til plan om tilrettelegging for vassboren varme.

-§ 11-9 nr 4 rekkefølgjekrav, verkemiddel for å sikre at klimavennleg infrastruktur er på plass.

- § 11-9 nr. 6 føresegn til kommuneplanens arealdel om miljøkvalitet og natur.

- § 12-7 nr. 6 føresegn om restaurering av natur i reguleringsplan.

-§ 27-5 føresegner om fjernvarmetilknytning.

#### Naturmangfaldlova

-§ 1: lovens formål er at naturen med den biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosessar tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneske verksemd, kultur, helse og trivsel, no og i framtida, også som grunnlag for samisk kultur.

§§8-12: Miljørettsprinsippa skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde (...).

-§ 10: Ein påverknad av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastning som økosystemet er eller vil bli utsett for. Her er det viktig at klimaendringane sin verknad vert tatt inn i vurderinga.

#### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Utdrag frå kap.1 Innleiing og kap 5 Klima, natur og miljø for framtida:

- Kap 1.3: Noreg har utfordringar med å nå måla om mellom anna reduserte klimagassutslepp. Dette er utfordringar som fylkeskommunane og kommunane må bidra til å løyse gjennom planlegginga.
- Kap 5: Heilskapleg samfunns- og arealplanlegging må bidra til at innsatsen for klima og miljø sjåast i samanheng og på tvers av sektorane. Omstilling til eit klimarobust lågutlsepssamfunn er eit viktig tema i regionale og kommunale planar framover.
  - Nr. 45: Omstillinga til lågutlsepssamfunnet og bidrag til oppnåing av klima- og miljømåla blir prioritert gjennom arealplanlegging som reduserer utslepp, arealbeslag og transportbehov. Regjeringa oppfordrar kommunane til å setje seg mål for å redusere nedbygginga.
  - Nr. 47: Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen, vurderer kommunen om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit føremålstenleg utbyggingsmønster.
  - Nr. 48: Omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr, tidevassump og andre typar våtmark og skog, blir så langt som råd unngått, slik at ein held ved lag evna areala har til lagring og opptak av karbon.

#### SPR klima og energiplanlegging og klimatilpassing

Dei statlege planretningslinjene legg føringar for kommunar, fylkeskommunar og staten, som gjennom si planlegging og utøving av mynde skal stimulere til og bidra til reduksjon i utslepp av klimagassar og miljøvenleg energiomstilling. Planlegging på ulike nivå skal bidra til at samfunnet vert førebudd og tilpassa endringar i klimaet i dag og i framtida. Planar som behandlar klima – og energispørsmål bør bygge på grundige analyser av nosituasjonen. Naturbaserte løysingar bør vurderast, bortval skal grunngevast.

Rettleiinga til SPR er delt inn i [Klima- og energiplanlegging](#) (reduksjon av utslepp) og [Korleis ta omsyn til klimaendringar i plan](#) (klimatilpassing).

Kommunen må vurdere kva løysingar som best sikrar at dei når klima og energimåla, og vel sjølv om dei utarbeidar klima og energiplan som kommunedelplan, eller om det integrerast i kommuneplanen.

[Naturbaserte løysingar](#) tar utgangspunkt i området naturlege utforming og brukar eller restaurerer eksisterande naturtypar og økosystem, og etterliknar desse. Ved å nytte naturbaserte løysingar kan ein dempe negative verknader av klimaendringane. Bruk av naturbaserte løysingar kan også bidra til bevaring av naturmangfaldet. Ivaretaking av areal som har ein funksjon i klimatilpassing, som til dømes myr, våtmark og skog er også karbonrike, og viktig å ivareta for å

redusere utslepp. Bevisst bruk av blågrøn infrastruktur er viktig for å handtere auka nedbør og overvatn, for å gjere byer og tettstader meir robust mot klimaendringane.

[Klimatilpassing av naturmiljø](#) er ein rettleiar for korleis kommunen i planarbeidet kan bidra til å ivareta artar og naturtypar som blir påverka av klimaendringane. Til dømes ved å sikre store, varierte og samanhengande naturområde som minskar sårbarheita til artar og naturtypar.

[Vossaklima 2030](#) Kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling 2022-2024, er eit godt døme på nyleg utarbeida klimaplan.

#### [SPR for bustad, areal og transportplanlegging](#)

Utbyggingsmønster og transportsystem skal bidra til utvikling av kompakte byer og tettstader, redusere omfanget av transport og leggje til rette for klima- og miljøvenlege transportformer. Potensialet for fortetting og transformasjon bør utnyttast før nye utbyggingsområde tas i bruk, planlegginga skal bidra til å styrke sykkel og gonge som transportform. Klimaplanane bør basert på relevans og lokale forhold i tråd med SPR for klima-energi og klimatilpassing 3.1 i) omfatte samanhengen mellom klima – og energiplanlegging og samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging. I rettleiaren til Miljødirektoratet for reduksjon av utslepp, omfattar steg 14 forholdet til [samordna bustad- og arealplanlegging](#), med statistikk og forslag til indikatorar.

#### [Aktuelle lenker](#)

- [Klima](#) – Kunnskapsside om klima, miljøstatus
- [Klima –](#) Hovudsida om klima frå Miljødirektoratet
- [Klimatilpassing](#) – Hovudsida om klimatilpassing frå Miljødirektoratet
- [FNs klimapanel \(IPCC\)](#) – Sammenstilling av informasjon frå FNs klimapanel
- [Naturpanelet \(Ipbes\)](#) – Sammenstilling av informasjon frå FNs naturpanel
- [Kutte utslipp av klimagasser](#) – for kommunane
- [Klimagassregnskap for kommuner og fylker](#)
- [Klimaservicesenter](#) – Kunnskap om dagens og framtidens klima i Noreg
- [Klimaservicesenter](#) – Klimaprofil for Hordaland
- [Klimaservicesenter](#) – Klimaprofil for Sogn og Fjordane
- [Klimautvalget 2050](#) - NOU for korleis Noreg skal bli lågutsleppsamfunn innan 2050 (starta)
- [Kartkatalog](#) – NVE, kart over fare og varsområde
- [Klima – Informasjonsside](#) frå KS

#### **Rapportar**

- [M406.pdf](#) – Klima i Noreg 2100, kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing
- [m830.pdf](#) – Naturbaserte løysingar for klimatilpassing
- [Naturtyper klimaarbeid](#) – Effektar av klimaendringar og klimatilpassing på naturmangfald
- [Klimaendringenes påvirkning på naturmangfoldet i Norge](#) – Effektane av klimaendring på norsk natur
- [NVE :Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar : korleis ta omsyn til vassmengder?](#)
- [Klimahjelpen](#) – DSB rettleiar for klimatilpassing i planlegging etter plan og bygningslova

#### **Regionale forventningar**

- [Utviklingsplan for Vestland 2020-2024](#) – Regional planstrategi, med hovudmål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga.
- [Regional plan for klima 2022–2035 - Vestland fylkeskommune](#)
- [Regional transportplan 2022-2033 for Vestland \(RTP\) - Vestland fylkeskommune](#)
- [regional-areal-og-transportplan-for-bergensområdet 2017 30.10.17.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)
- [regional-plan-for-attraktive-senter-i-hordaland.pdf \(vestlandfylke.no\)](#)



- [strategi-for-tettstadutvikling-og-senterstruktur-2018-2022.pdf \(vestlandfylke.no\)](https://www.vestlandfylke.no/strategi-for-tettstadutvikling-og-senterstruktur-2018-2022.pdf)

### I fylkesatlas

Flaum/Samfunnstryggleik, Havnivå/Samfunnstryggleik (Middelhøgvatn og Stormflo), Skred/Samfunnstryggleik, Nettanlegg /Energi, Vannkraft/Energi, Vindkraftverk/Energi, Naturtypar/Natur

## Sjekkliste klima-, energi og klimatilpassing

Byggar i hovudsak på SPR for klima og energiplanlegging og klimatilpassing:

	Ja	Nei
<b>Planstrategi</b>		
Er behovet for oppdatering eller utarbeiding av nye planar i lys av venta klimaendringar og tidlegare uønska hendingar omtala?		
Er det gjort ein vurdering om det av klimaomsyn er behov for opheving eller revisjon av gjeldande planar?		
<b>Planprogram – Klima- og energiplanlegging</b>		
Er klima, energi og klimatilpassing tema i planprogrammet?		
Legg planprogrammet opp til å basere planlegginga på eit tilstrekkeleg godt kunnskapsgrunnlag?		
- Blir dei høge alternativa frå nasjonale klimaframskrivingane lagt til grunn for planlegginga? - Blir det nytta klimaprofil for fylket? - Er behovet for å supplere med lokal kunnskap vurdert, samt tidlegare uønskte hendingar? - Har kommunen godt nok kunnskapsgrunnlag om utslepp i kommunen, frå ulike sektorar og om energibruk/omlegging?		
Har kommunen gjeldande reguleringsplanar som det er aktuelt og nødvendig å oppheve eller revidere i lys av eit endra klima?		
<b>Overordna plan (KP) og Klima- og energiplanar</b>		
Er det samanheng mellom måla i KP sin samfunnsdel og arealdel?		
Er det tydeleg kopling mellom kommunedelplan for klima- og energi og kommuneplan?		
Har planen handlingsprogram med tiltak som er kopla opp mot budsjett og økonomiplan?		
Har planen vurdert tidlegare godkjend arealbruk om dei skal endrast av omsyn til klima, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit føremålstenleg utbyggingsmønster?		
Er det vurdert fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde før nye, større utbyggingsområde blir sette av og tekne i bruk? Jf. SPR BATP		
Har planen eit grundig kunnskapsgrunnlag med analyse av nosisasjonen og framskriving? Sjå SPR - Planen bør m.a omfatte		Kan vere grunnlag for motsegn om kunnskapsgrunnlag ikkje er godt nok

-høge klimaframskrivingar m. klimaprofil og lokal kunnskap - klimagassutslepp i kommunen fordelt på kjelde og sektorar - energisystem og energiforsyning - framskriving av utslepp i kommunen		
<b>Reduksjon av klimagassutslepp og energiomlegging</b>		
Har planen ambisiøse mål for utsleppsreduksjon, effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging?  Kan dei sette mål/delmål for å redusere utslepp innan sektorane?		
Bidrar planen til at kommunen når sine utsleppsmål? Er det innarbeida tiltak og verkemiddel for reduksjon av utslepp, sikre effektiv energibruk og omlegging?		Kan vere grunnlag for motsegn
Er det inkludert tiltak for å kartlegge og ivareta karbonrike areal for reduksjon av utslepp?		
<b>Klimatilpassing</b>		
Er det vurdert korleis endringar i klima kan påverke samfunnet?		
I KP sin samfunnsdel skil vurderinga av klimaendringane mellom påverknad på KP sin arealdel, kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon?		
Er det vurdert korleis endring i klima kan påverke ulike interesser som samfunnsikkerheit, kritisk infrastruktur, natur – og kulturmiljø, helse, og næring?		
Skisserer KP sin samfunnsdel alternative strategiar for samfunnsutvikling i lys av klimaendringanes konsekvensar?		
Har kommunen kartlagt og lagt vekt på ivaretaking av økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing?		Kan vere grunnlag for motsegn ved feil eller manglande bruk av tilgjengeleg informasjon
Er bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar vurdert? Bortval skal grunnleggjast.		
Er det innarbeida tiltak eller verkemiddel for å ivareta omsyn til klimatilpassing?		Kan vere grunnlag for motsegn
Ved planlegging av areal til utbyggingsformål, er det i ROS – analysen vurdert om klimaendringane gjer eit endra risiko- og sårbarheitsbilete?		
I planlegginga av nye område for utbygging, fortetting og transformasjon, er det vurdert korleis omsynet til eit endra klima kan ivaretakast? - Er det lagt vekt på heilskaplege løysingar, med ivaretaking av økosystem for klimatilpassing? - Er det tatt omsyn til blågrøne strukturar? - Er det tatt omsyn til forsvarleg handtering av overvatn?		
<b>Reguleringsplan - utsleppsreduksjon</b>		
Er det vist til føringar i overordna plan?		
Er utbygging i samsvar med SPR for BATP?		

	Er verknaden for utslepp av planlagde tiltak tal festa i eit klimabudsjett?		
	Er det lagt opp til fortetting? Ved ny utbygging skal ein unngå spreidd busetnad/spreidde byggeområde. Det gjeld både bustader, skule, barnehagar, off. bygg og næringsbygg. Har bustadområde god tilknytning til infrastruktur, avlaup, gang- og sykkelveg og kollektivdekning?		Kan vere grunnlag for motsegn ved avvik frå BATP
	Er det sett rekkefølgjekrav? Når det vert lagt ut nye byggeområde skal det stillast rekkefølgjekrav for at planen skal føre til reduserte utslepp/effektiv energibruk. Døme på slike krav kan vere at gang- og sykkelveg, kollektiv og at anna klimavenleg infrastruktur skal vere på plass.		
	Er omlegging til effektiv energibruk aktuelt tema i planen? Døme: lågenergi, passivhus, grønne tak, materialval/trebygg		
	Andre aktuelle klimatiltak: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ladepunkt for hybrid- og el-bil</li> <li>- God tilgang til kollektivtransport</li> <li>- Gang- og sykkelveg</li> <li>- Sykkelparkering</li> </ul>		
	<b>Reguleringsplanar – Klimatilpassing</b>		
	Er det gjort greie for kunnskapsgrunnlaget til planen? - Er høge klimaframskrivingar lagt til grunn, og er informasjon om lokale forhold vurdert?		
	Er bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar vurdert? Er det grunngeve kvifor andre løysingar enn naturbaserte er valt?		
	Er våtmarker, myr, vassdrag, skog og andre naturtypar som kan dempe verknadene av klimaendringane kartlagt?		
	Er det tatt høgde for klimaendringar i ROS-analysen (rasfare, flaum og havstiging) ved plassering av infrastruktur og/eller bygg?		

### **Plan- og bygningslova**

Pbl. § 3-1 bokstav e) legge til rette for god forming av bygde omgivnader, gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår.

Bokstav g) tar klimahensyn gjennom løysningar for energiforsyning og transport

### **[Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging av 26.09.2014:](#)**

I punkt 4.3 er det lagt vekt på fortetting ved kollektivknutepunkt i by- og tettstadsområde. Samstundes som omsynet til gode uteområde skal ha vekt. Jordvernet skal stå fast, men skal balanserast mot behovet til storsamfunnet. I område med mindre utbyggingspress kan det planleggast for eit meir differensiert busettingsmønster.

I brev frå miljøvernministeren 31.08.2012 til fylkesmennene går det m.a. fram at Fylkesmannen bør «...se til at kommunene i sin kommuneplanlegging lager arealregnskap som avklarar arealreserver og arealbehov til bl.a. boliger og setter opp mål for volum og mønster for utbygginga.» Det vil framleis vere eit godt verkemiddel i kommuneplanlegginga. Oppdatert rettleiing på arealrekneskap frå departementet er venta i nær framtid.

### **Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027:**

- Kap. 5 Klima, natur og miljø for framtida
  - Nr. 49: . Fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde blir vurdert før nye, større utbyggingsområde blir sette av og tekne i bruk.
  - Nr. 50: Regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og overordna transportløysingar blir fastsette i regionale eller interkommunale areal- og transportplanar. Planane tek omsyn til regionale og lokale føresetnader og utbyggingspress.
  - Nr. 51: Klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy blir redusert ved å leggje til rette for kollektivtransport, sykkel og gåing, effektiv arealbruk og avgrensa sentrumsområde og tettstader.
- 

### **Regionale retningslinjer:**

[Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel:](#)

[Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017 – 2028](#)

[Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur 2018-2022 \(gamle Sogn og Fjordane\)](#)

[Byvekstavtalen for Bergen, Alver, Øygarden, Askøy, Bjørnafjorden, Vestland fylkeskommune og Staten](#)

## Sjekkliste bustad- areal og transportplanlegging

Ved bruk av sjekklista bør ein ta utgangspunkt i ei geografisk differensiering av fylket. Det skal stillast strengare krav i Bergensregionen (Alver, Bjørnafjorden, Øygarden, Askøy), regionsenter i gamle Hordaland og kommunar i gamle Sogn og Fjordane vist til som fylkessenter (Førde), regionsenter (Sogndal og Florø, Nordfjord – m.a. Stryn og Eid jf. fleirkjerna struktur i regionale strategien) enn i kommunar i utkantstrok.

	Kommuneplan/ kommunedelplan / reguleringsplan	Ja	Nei
1	Er B ATP-temaet utgreidd i KU i samband med utlegging av nye byggeområde?	Ok	Gje innspel tidleg i planprosessen /vurder motsegn
2	Opnar planen for bilbasert utbygging?	Gje innspel tidleg i planprosessen /vurder motsegn	Ok
3	Fremjar planen utvikling av kompakte byar og tettstadar, reduserer transportbehovet/bygge opp om eksisterande kollektivtilbod og legg til rette for miljøvenlege transportformar (kollektiv, sykkel og gange)?	Ok	Gje innspel tidleg i planprosessen /vurder motsegn
4	Er det lagt vekt på høg arealutnytting og fortetting og transformasjon i byggjesonene i by og tettstadsområde? Rettleiande utnyttingsgrad: Høg = 100% og oppover, Bergen 2-300% BRA->	Ok	Gje innspel tidleg i planprosessen /vurder motsegn
5	Er potensialet for fortetting og transformasjon utnytta før nye utbyggingsområde takast i bruk?	Ok	Gje innspel tidleg i planprosessen /vurder motsegn
6	Er det sett klare grenser mellom byggeområde og landbruk-, natur- og friluftsområde? (langsiktig LNF-grense, jordvern-grense)	Ok	Gje innspel tidleg i planprosessen /vurder motsegn
7	Er det laga føresegner om parkeringsdekning med maks normer? (Gjeld byar og større tettstadar.) Samsvar med KPA?	Ok	Gje innspel tidleg i planprosessen /vurder motsegn
8	a) Følgjer planen opp retningslinjer i regional plan for attraktive senter i Hordaland/strategi for tettstatsutvikling og senterstruktur – senterstruktur, tenester og handel? b) Følgjer planen opp retningslinjer i regional areal- og transportplan for bergensområdet (for kommunar som ligg i bergensområdet)?	Ok	Gje innspel tidleg i planprosessen /vurder motsegn
9	Ved planar om auka vegkapasitet, er alternativ som tiltak for av-grensing i biltrafikken, betre kollektivtransporttilbod, restriksjonar på parkering og liknande vurdert på lik linje?	Ok	Gje innspel tidleg i planprosessen /vurder motsegn
10	Bidrar planen til å styrke eller sikre eksisterande stiar/tråkk til daglege servicetilbod (skular, butikkar m.m.)?	Ok	Gje innspel tidleg i planprosessen /vurder motsegn

## Samfunnstryggleik og beredskap (ROS-analysar)

Det er generelt behov for større merksemd på samfunnstryggleik og beredskap i samfunnet. Det gjeld òg i kommunane sine planprosessar etter plan- og bygningslova. Nettopp gjennom gode planprosessar legg ein grunnlaget for eit godt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Difor har m.a. plan- og bygningslova eigne føringar knytt til dette, sjå [plan- og bygningslova \(pbl.\) § 3-1 punkt f, g, h og § 4-3](#).

Kommunane skal m.a. førebyggje kriminalitet, ta klimaomsyn og fremje samfunnstryggleik i planlegginga si. Pbl. § 4-3 stiller krav om ROS-analyse i alle plansaker (inkl. òg dispensasjonssøknader), og vidare krav til oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit, m.a. gjennom bruk av omsynssoner i plankartet med tilhøyrande krav i planføresegnene. ROS-analysen skal vise både risiko og sårbarheit som har tyding for om arealet er eigna til utbygging eller ikkje, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Tilsvarende forventningar går og fram av [Kgl. res. av 14. mai 2019 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#) der det står at regjeringa forventar at:

- fylkeskommunane og kommunane legg vekt på klimatilpassing og samfunnssikkerheit i planlegginga, og legg dei høge alternativa frå nasjonale klimaframskrivingar til grunn for arbeidet
- risiko- og sårbarheitsanalysar ligg til grunn for plan- og byggesakshandsaminga

### **Akseptabel risiko - Krav i m.a. [byggteknisk forskrift \(TEK17\)](#) og andre akseptkriteria**

T.d. definerer [TEK17](#) med tilhøyrande rettleiing kva som er akseptabel risiko med omsyn til m.a. flaum- og skredhendingar, sjå §§ 7-2 og 7-3, medan tilsvarende reglar for verksemdsbasert risiko går fram av DSBs temarettleiing nr. 13 (2012) - [Sikkerheten rundt anlegg som håndterer brannfarlige, reaksjonsfarlige, trykksatte og eksplosjonsfarlige stoffer - Kriterier for akseptabel risiko](#). For ein del andre typar risiko/sårbarheit må kommunen sjølv gjere greie for og grunngje kva ein reknar som akseptabel risiko. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet. Krav til risiko- og/eller sårbarheitsreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

### **Utfyllande informasjon og rettleiingsmateriell**

KMD-rundskriv H-5/18 - [Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#)

DSB-rettleiing - [Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging - Metode for risiko- og sårbarheitsanalyse i planlegginga](#)

**TIPS!** Lengst bak i DSB-rettleiaren finst det referansar til ei rekke andre relevante kjelder, m.a. lover og forskrifter, rettleiarar, rundskriv m.m.

Vidare har t.d. [Fylkesatlas](#) eit eige temalag som heiter «Samfunnstryggleik» der ein finn relevant kartfesta informasjon om m.a. skred- og flaumsoner, havnivåstigning, kvikkleire/marin grense m.m. Tilsvarende kan ein finne informasjon om anlegg med farlege stoff i [DSBs FAST-database](#). (**OBS:** Krev innlogging!)



### **Plan- og bygningslova § 3-1 bokstav b**

*sikre jordressursane og ta vare på landskapskvalitetar og kulturmiljø*

*Plan- og bygningslova §19-2, 3. ledd. Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, **jordvern**, sikkerhet og tilgjengelighet.*

### **Jordlova 9. Bruk av dyrka og dyrkbar jord**

*Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida. (Sjå rundskriv M-2/2021 frå LMD om omdisponering og deling etter jordlova.)*

### **Nasjonal jordvernstrategi Prop. 121 S (2022-2023)**

#### **(Om jordbruksoppgjeret 2023 – Vedlegg 9)**

*2.1 Nasjonalt jordvernmål: Regjeringen vil at den årlige omdisponeringen av dyrka jord ikke skal overstige 2000 dekar, og at målet skal være nådd innen 2030.*

*2.8 Avbøtande og kompensierende tiltak: I store samferdselsprosjekter er svært viktig at matjordlaget og underliggende jordlag blir behandlet på forsvarlig måte, både ved permanent og midlertidig omdisponering. Som utgangspunkt skal matjord brukes videre i jordbruksproduksjon.*

### **KDD: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 20. juni 2023.**

- *Regjeringa har ambisiøse mål for klima, miljø og jordvern*
- *Punkt 47: Ved revidering av kommuneplanens arealdel, vurderer kommunen om tidligere godkjent arealbruk skal endres av hensyn til klima, naturmangfold, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpasning, samfunnsikkerhet og et hensiktsmessig utbyggingsmønster*

#### **Kap 6.3 om jordvern:**

- *Av hensyn til beredskap og mulighetene for matproduksjon, er det nødvendig å ta vare på jordressursene over hele landet og sikre at jorda holdes i drift. Bevaring av dyrka jord er derfor en nasjonal interesse.*
- *Særlig i pressområder er det viktig å praktisere et strengt jordvern for å hindre at viktige jordbruksarealer blir bygd ned. I spredtbygde områder er det i tillegg viktig å legge til rette for utvikling i bygdene og generasjonsskifter i jordbruket, slik at grunnlaget for bosetting og jordbruksproduksjon sikres.*
- *Målet er et bosettingsmønster og tjenestetilbud som gjør det attraktivt å bo i bygdene i ulike livsfaser, særlig når unge skal etablere seg. () Det kan for eksempel gjøres ved å sette av aktuelle områder til spredt boligbebyggelse i kommuneplanens arealdel.*
- *De beste jordbruksarealene ligger ofte der utbyggingspresset er størst. () Det er viktig at potensialet for fortetting og transformasjon utnyttes der alternativet er utbygging på dyrka jord.*
- *Ved planrevisjoner er det viktig å vurdere om arealer som tidligere har blitt avsatt til formål som innebærer omdisponering av dyrka jord, men som ennå*

ikke er utbygd, skal tilbakeføres til landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsformål.

[Rettleiar - Garden som ressurs, Bygge og anleggstiltak i og i tilknytning til landbruk – forhold til plan etter plan- og bygningsloven.](#)

[Planlegging for spredt bolig-, fritidsog næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder](#) Om LNF-spreidd og retningslinjer for eventuelle dispensasjonar.

[Massehandtering rettleiar frå Nordhordlandskommunane \(2016\) er tilgjengeleg på /fmho/ksa/plansamarbeid.](#)

### **Vår oppfølging slik at kommunane tek vare på landbruksomsyn i planarbeid etter plan- og bygningslova**

- For å følge opp det nasjonale jordvernmålet er det svært viktig at kommunen bruker eit arealrekneskap så tidleg som mogeleg i planlegging av arealplanen.
- Vi skal følge opp innhaldet i Jordvernstrategien. Vestlandet sin del av 2000 dekar/år dyrka jord (jordbruksareal), er på om lag 180 dekar/år
- Statsforvaltaren må medverke til at kommunane og fylkeskommunane etablerer kompakt utbyggingsmønster som styrer vekst og utbygging vekk frå dei viktigaste jordbruksareala.
- Statsforvaltaren skal medverke til at kommunen etablerer langsiktige grenser mot dei viktigaste landbruksareala, og stille krav om effektiv utnytting av eksisterande og planlagde utbyggingsområde.
- Statsforvaltaren skal krevje at kommunen greier ut alternativ til bruk av dyrka mark i planprosessane, m.a. potensialet for fortetting og transformasjon.
- Statsforvaltaren skal medverke til at spreidd bustadbygging skal handsamast i plan ved t.d. at det vert sett av område til spreidd bustadbygging i område der det ikkje er grunnlag for regulerte bustadfelt.
- Kommunen bør også ha retningslinjer for eventuelle dispensasjonar i LNF-områda.

### **Frådeling av bustadhus / bustadtomter i LNF-områda, vurderingstema ved fråsegn til dispensasjon og event. klage på vedtak i kommunen:**

- Dispensasjonar som gjeld frådeling av bustadhus eller -tomter på gardsbruk skal vurderast i lys av jordlova §§ 9 og 12.
- Om eigedomen ligg innanfor eller utanfor kjerneområde landbruk, eventuelt omsynssone landbruk
- Om eigedomen ligg i eit område der arealbruken av fleire omsyn bør vurderast gjennom planbehandling, til dømes nær sentrumsområde
- Om det ligg føre busetnadsomsyn i kommunen/området som talar for frådeling.

## Sjekkliste landbruk og jordvern

### Arealplanar:

- Dersom det manglar arealrekneskap, sjå spm 1, skal motsegn vurderast. Behovet for arealrekneskap må fremjast tydeleg alt ved oppstart av planarbeidet.
- Dess fleire JA\_på spørsmål 1 - 12, dess meir negativ uttale til oppstart av planarbeid, og dess meir aktuelt med motsegn til plan som er på høyring.
- Negativ uttale/motsegn til plan, avgjerast etter ei heilskapleg vurdering av alle punkta i sjekklista.

		Ja	Nei
1.	Det manglar arealrekneskap over eksisterande arealreservar og kor mykje jordbruksareal (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) som blir omdisponert som følgje av planen/tiltaket.		
2	Dyrka eller dyrkbar mark er planlagt nedbygd utan at vesentlege samfunnsinteresser tilseier det.		
3	Ny utbygging er planlagt å krysse viktige grenser mellom utbyggings- og landbruksområde.		
4	Utbygging vil føre til store driftsulemper for landbruket.		
5	Det er planlagt utbygging med låg utnyttingsgrad på jordbruksland.		
6	Verdifulle kulturlandskap er planlagt utbygd.		
7	Det manglar vurdering av alternative areal ved planlagt utbygging på dyrka mark.		
8	Samanhengande gode skogsområde er planlagt utbygd.		
9	Saka er ikkje godt utgreidd med omsyn til landbruksinteressene.		
10	Vedtak av reguleringsplanar legg sterke føringar for arealbruken og framtidig landbruksdrift. (Saka bør heller drøftast i samband med rullering av kommuneplanen.)		
11	Eventuell kjerneområdekartlegging for landbruk er ikkje lagt som omsynssone i planen?		
12	Det manglar klart definerte krav til forsvarleg gjenbruk av sjølve jordmassane på eventuelt nedbygde jordbruksareal – til utbyggjar sin kostnad.		

## Sjekkliste for dispensasjonar (sjekklista er ny og oppdatert i 2023)

### Vurdering av landbruksinteressene ved dispensasjonar i LNF-områda.

Dess fleire «ja-punkt» dess meir talar for at vi må klage på disp-vedtak i kommunen, så er det til slutt eit leiaransvar om vi skal klage eller ikkje.

	Vurderingstema	Ja	Nei
1.	<b>Korleis ser dette ut i «fugleperspektivet»?</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Er tomta svært uheldig plassert med tanke på oppstyking av gode landbruksareal?</li> <li>- Er tomta svært uheldig plassert med tanke på tun og andre landbruksbygningar?</li> <li>- Gjeld det frådeling av verdifulle bygningar?</li> </ul>	Saka bør sjekkast nærmare, sjå punkta nedanfor	Dette overlet vi til kommunen å vurdere
2.	<b>Gjeld saka bustadhus som det <u>ikkje</u> er behov for på gardsbruket?</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bustadhus er det trong for på alle gardsbruk med busetnad og drift</li> <li>- Kårbustad (hus nr 2) vil det ofte også vere bruk for ved genereasjonsskifte</li> <li>- Bustadhus nr 2 og eventuelt 3 må grunnjevast landbruksfagleg frå søkjar/kommunen.</li> </ul>	Treng i så fall disp etter PBL	
3.	<b>Manglar den landbruks- og planfaglege vurderinga frå kommunen si side?</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vedtak om dispensasjon i LNF må også ha ei landbruksfagleg vurdering, eventuelt vedtak etter jordlova.</li> <li>- Er dette ei sak der det vanlegvis veret gjeve avslag etter jordlova §§ 9 og 12?</li> </ul>	Manglande (event feilaktig) landbruksfagleg vurdering, kan gje grunnlag for klage	
4.	<b>Sterke planfaglege omsyn som talar mot dispensasjon?</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Typisk pressområde eller andre område der arealbruken som hovudregel må styrast av planar og ikkje disp?</li> <li>- Ligg tomte i eit område utan spesielle busetnadsomsyn? (sjå SSB-grunnkretsar)</li> <li>- Finst det eventuelt gode alternative tomter i området som er betre for landbruksomsyna?</li> </ul>	Bør som hovudregel ikkje godkjenne disp i ved sentrumsområda eller like ved regulerte område.	I utkantområder med få saker, er disp kanskje einaste reelle alternativet for bustadbygging.

<p><b>5.</b></p>	<p><b>Manglar dei grunnleggande vilkåra for disp?</b> sjå PBL § 19-2?</p> <p>A: Blir landbruksinteressene sett vesentleg til side?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samanhengande areal?</li> <li>- Verdifull jord?</li> <li>- Verdifulle bygningar?</li> <li>- Konkrete driftsulemper?</li> <li>- Spesielt verdifullt kultur-landskap?</li> <li>- Konkrete miljøulemper</li> </ul> <p>B: Er fordelane med å gje dispensasjon klart større enn ulempene?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Opplisting av føremoner og ulemper for landbruket og området</li> <li>- Bør være komplette</li> <li>- «Samfunnsgagnleg bruk»?</li> <li>- Private/økonomiske interesser tel lite (sjå også rundskriv om omdisp/deling etter jordlova.)</li> </ul> <p>Svaret må vere nei på det spm A og ja på spm B for å kunne gje dispensasjon.</p>	<p>Viss dei grunnleggande vilkåra manglar, så vil ein disp eigentleg vere eit ugyldig vedtak. Dette er kommunen sitt ansvar.</p>	
<p><b>6.</b></p>	<p><b>Nasjonale eller vesentleg regionale interesser som talar for at vi må klage på disp-vedtak?</b></p> <p>Jamfør oppdragsbrevet 5.1.7.4: <i>Statsforvalteren kan klage på enkeltvedtak etter plan- og bygningsloven der nasjonale eller vesentlig regionale interesser blir berørt.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Er denne saka sopass viktig av omsyn til nasjonale eller vesentlege regionale interesser at vi bør klage? Dette må i så fall ha kome klart fram i vår vurdering.</li> <li>- Kvar skal vi legge lista for å overprøve kommunale vedtak?</li> </ul> <p>Dette er til sjuande og sist eit leiaransvar, og eit viktig tema i dialogen med kommunane.</p>	<p>Spørsmål om vi skal klage er til slutt eit spørsmål som avdelingsleiinga må involverast i.</p>	

### Nasjonale føringer

#### **FNs berekraftsmål**

- Mål 6 Reint vatn og gode sanitærforhold  
Delmål 6.6:  
*Innen 2020 verne og gjenopprette vannrelaterte økosystemer, inkludert fjell, skoger, våtmarker, elver, vannførende bergarter og innsjøer.*
- Mål 13 Stoppe klimaendringene  
Delmål 13.1: *Styrke evnen til å stå imot og tilpasse seg klimarelaterte farer og naturkatastrofer i alle land.*
- Mål 14 Livet i havet  
Delmål 14.5:  
*Innen 2020 bevare minst 10 prosent av kyst- og havområdene, i samsvar med nasjonal rett og folkeretten og på grunnlag av den beste vitenskapelige kunnskapen som er tilgjengelig.*  
Delmål 14.2:  
*Innen 2020 forvalte og beskytte økosystemene i havet og langs kysten på en bærekraftig måte for å unngå betydelig skadevirkninger, blant annet ved å styrke økosystemenes motstandsevne og ved å iverksette tiltak for å gjenoppbygge dem, slik at havene kan bli sunne og produktive.*
- Mål 15 Livet på land.  
Delmål 15.1:  
*Innen 2020 bevare og gjenopprette bærekraftig bruk av ferskvannsbaserte økosystemer og tjenester som benytter seg av disse økosystemene, på land og i innlandsområder, særlig skoger, våtmarker, fjell og tørre områder, i samsvar med forpliktelser i internasjonale avtaler.*  
Delmål 15.5:  
*Iverksette umiddelbare og omfattende tiltak for å redusere ødeleggelsen av habitater, stanse tap av biologisk mangfold og innen 2020 verne truede arter og forhindre at de dør ut.*  
Delmål 15.4:  
*Innen 2030 bevare økosystemer i fjellområder, inkludert det biologiske mangfoldet der, slik at de skal bli bedre i stand til å bidra til en bærekraftig utvikling.*  
Delmål 15.8:  
*Innen 2020 innføre tiltak for å unngå innføring og spredning av fremmede arter for å redusere fremmede arters påvirkning på land- og vannbaserte økosystemer i betydelig grad, og dessuten kontrollere eller utrydde prioriterte fremmede arter.*  
Delmål 15.9:  
*Innen 2020 integrere verdien av økosystemer og biologisk mangfold i nasjonale og lokale planleggingsprosesser.*

#### **Nasjonale mål (Aichi-måla i biomangfoldkonvensjonen):**

Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. Ingen artar og naturtypar skal utryddast. Utviklinga til truga og nær truga artar og naturtypar skal betrast. Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar.

«Konvensjonen om biologisk mangfold»:

<https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1992-06-05-1>.

**Nasjonale forventningar av 12.06.2015 til regional og kommunal planlegging – oppdateres til 2019? Kommer nye forventningar. Skriv inn «siste gjeldende». Sjekk forventningar til det spesifikke tema.**

- Fylkeskommunen/kommunane skal identifisere viktige verdiar av naturmangfald og landskap og ivareta desse i sine planar.
- Kommunane skal ta vare på naturverdiar, sikre samanhengande grønstruktur og opne vassvegar.

### **Stortingsmeldingar**

- Meld. St. 40 (2020-2021) «Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030».
- St.meld. 14 (2015-16) Handlingsplan for naturmangfald: Natur for livet.
- Regjeringa sin miljøpolitikk og rikets miljøtilstand (villrein).
- Meld. St. 29 (2020–2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur
- Meld. St. 18 (2015-2016) Friluftsliv — Natur som kjelde til helse og livskvalitet.
- Med. St. 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021-2030. => inneheld strategiar i høve å styrke handteringa av karbonrike areal i arealplanlegginga. => Stortingsmeldinga førte vidare til regjeringa sin «Naturstrategi for våtmark» (23.06.2021):  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/a78ecf5ad2344fa5ae4a394412ef8975/nn-no/pdfs/stm202020210013000dddpdfs.pdf>  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/naturstrategi-for-vatmark/id2863261/>.
- Regjeringa sin klimastatus- og plan (06.10.2022). Planen utgjer den lovpålagte rapporteringa etter klimalova, og inneheldt relevante føringar i høve planfeltet, td. strategiar for reduksjon i nedbygging av karbonrike areal og andre arealbruksendringar. Dei tek også opp tilråding om bruk av arealrekneskap, jf. avsnitt 3.5.3 i rettleiaren om kommuneplan.

### **Lov og forskrift**

#### **Naturmangfaldlova**

Lova skal sikre biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald og har som målsetting å sikre berekraftig forvaltning. Førekost av artar og naturtypar skal takast vare på i levedyktige førekomst i naturlege utbreiingsområde [§§ 4 og 5](#). Prinsippa i [§§ 8-12](#) skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit og vurderinga vere ein del av vedtaksdokumentet. I tillegg skal alle skal opptre med aktsemd og unngå skade på naturmangfaldet, jf. § 6.

**Utvalde naturtypar** (nml § 52-56): Ein naturtype med status som utvald er ikkje formelt verna, men skal bli tatt særlege omsyn til, og konsekvensar av tiltak skal utgreiast. Dei åtte



utvalde naturtypene er omtalte i felles forskrift, og er **slåttemark, slåttemyr, kystlynghei, kalksjøar, kalk- lindeskog, open grunnlendt kalkmark, olivinskog og hole eiketree**. Dei fem utheva naturtypene finst i Vestland fylke. Rettleiar til forskrift om utvalde naturtypar

**Prioriterte artar** (nml §§ 23 og 24): Ein art med status som prioritert er ikkje formelt verna, men kan få eit utvida vern mot uttak eller skade (i nokre tilfelle inkludert «økologiske funksjonsområde»). Det er eigne forskrifter for kvar prioritert art. Dei 14 prioriterte artane er (pr. februar 2023); Pattedyr: fjellrev. Fuglar: dverggås og svarthalespove (den nordlege underarten). Insekt: elvesandjeger, eremitt og klippeblåvinge. Karplantar: dragehode, honningblom, rød skogfrue, svartkurle, skredmjelt og dvergålegras. Mosar: Trøndertorvmose. Lav: elfenbeinslav. Dei tre artane som er lenka til forskrift finst i Vestland fylke. Rettleiar til forskrifter om prioriterte artar

### **Plan og bygningslova**

Føringane i pbl § 1-1 stadfestar at planlegginga skal leggje vekt på langsiktige løysingar og at konsekvensar for miljø og samfunn skal beskrivast. Krav til planprogram for alle planar som kan ha verknader på miljø og samfunn, § 4-1. Av §4-2 kjem det fram at alle planar skal beskrive føremål, hovudinnhald og verknadar.

Alle planvedtak etter plan- og bygningslova byggjer på vekting av interesser. Korleis ein veker prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova, saman ved forvaltningsmåla i §§ 4 og 5, er avhengig av kva naturmangfaldverdiar som finnast, i kva omfang dei vil verte rørt, og av andre omsyn i saka. For å sikre mest mogleg einsarta forvaltning i tråd med prinsippa, krev § 7 i naturmangfaldlova at vurderinga og vektlegginga av prinsippa skal gå fram av avgjerda. Det inneber ei plikt til å synleggjere korleis prinsippa er vurderte i den enkelte sak, i kva grad dei er relevante, og kva vekt dei er tillagde. Dersom planvedtaket rører naturtypar som er truga eller nær truga på Norsk raudliste for naturtypar 2021, verdifulle naturtypar som Norge har eit særleg ansvar for, truga eller nær truga arter på Norsk Raudliste, eller verdifulle arter Norge har et særleg ansvar for, skal prinsippa i §§ 8-12 ha større vekt.

### **Vassressurslova § 11**

Langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring skal ein oppretthalde eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr.

### **Vassforskrifta § 12**

Stiller vilkår til ny aktivitet eller inngrep i ein vassførekomst:

- a) alle praktisk tiltak skal gjerast for å avgrensa negativ utvikling i tilstand til vassførekomst
- b) samfunnsnytte større enn tap av miljøkvalitet
- c) tiltak kan ikkje gjennomførast på anna måte grunna store mishøvelege kostnader eller at tiltaket ikkje teknisk kan gjennomførast

### **Lakse- og innlandsfiskelova § 7**

Omsynet til fiskeinteressene og ivaretaking av fiskens og andre ferskvassorganismar sine økologiske funksjonsområde skal innpassast i planar etter plan- og bygningslova.

### **Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag**

Forskrifta er heimla i § 7 i lakse- og innlandfiskelova. Alle tiltak som kan påverke fisk eller andre ferskvassorganismar, eller fangsten i vassdraget, negativt må ha løyve etter denne

forskrifta, så sant det ikkje er gitt føringar i planvedtak som vi vurderer som så gode at det ikkje er nødvendig med ekstra sakshandsaming. Eksempel på tiltak er: erosjonssikring, plastring, tersklar, bygging av bru eller fiskeforbetrande tiltak som steinutlegg for å skape skjul for fisken, eller gjenopning av bekk (kan vere konsesjonspliktig etter § 8 i vrl).

Erosjonssikring må ha naturleg utforming av ru steinutlegg (viss ein i det heile må sikre).  
Vise til tiltakshandboka side 108-114:

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1051/m1051.pdf>.

### **Forskrift om fangst av elvemusling**

All fangst av elvemusling er forbode utan løyve frå Statsforvaltaren.

### **Forskrift om framande organismar**

Føremål: hindre innføring, utsetting og spreing av framande organismar som kan gje uheldige følgjer for naturmangfaldet. Krav til aktsemd i § 18, med krav om kunnskap og forebyggjande tiltak. Tiltaks- og varslingsplikt i § 19, den ansvarlege skal iverksette eigna tiltak for å avverje og avgrense skade, varsle Miljødirektoratet og gjenopprette tilstand ved fjerning av den framande arten eller andre eigna tiltak.

### **Rettleiing**

- [KLD: Rettleiar «Naturmangfoldloven kapitel II» - mars 2016 – liste opp veiledere for forskriftene i stedet](#)
- Kommentarutgave 2010: Naturmangfoldloven. Backer, Inge Lorange.
- [Brev frå MD](#) 11.07.2011 om naturmangfald og pbl:
- T-2/16: eget kapittel om naturmangfald. Grunnlag for motsegn.
- [Rettleiar til forskifter om prioriterte artar.](#)

### **Aktuelle lenker**

- Viktigaste Primærkjelder Kart: [Naturbase](#) og [Artskart. Økologisk grunnkart, naturtyper KU-verdi \(heng saman med T-2/16\) \(kan vere eldre data i Fylkesatlas\).](#)
- [Naturbase](#). Viktigast er *Naturvernområder*, dei fem øvste kategoriane under *Naturtyper*, *Naturmangfold*, øvste kategori under *Arter og artsforvaltning*, og dei to øvste kategoriane under *Landskap*.
- [Artskart](#). Mange måtar å sortere og filtrere data for målretta søk etter artsinformasjon.
- [Økologisk grunnkart](#). Berggrunn og mye anna, men går svært treigt.
- [Fylkesatlas](#). Alt i eitt -løysing (slik som Økologisk grunnkart), men betre tilrettelagt. Relevante tema under «Natur».
- [Artsdatabanken](#): Omtale av raudlista [artar](#) og [naturtypar](#), og [framande artar](#)
- [Nasjonale miljømål](#) fordelt på resultatområde
- [Internasjonale miljømål for biologisk mangfald 2011-2020](#)
- [Oversyn over internasjonale miljøavtalar](#)
- Faktaark NVE verneplanar vassdrag i [Hordaland](#) og [Sogn og Fjordane](#)
- [Rikspolitiske retningsliner \(RPR\) for verna vassdrag](#)
- [Råd om landskap og naturmangfald i planlegging i Hordaland](#)

### **Fylkesatlas**

Artar av stor forvaltingsinteresse/Natur/Artar

Artar av særleg stor forvaltingsinteresse/ /Natur/Artar artar/Natur/Artar Marine naturtypar/Natur/Naturtypar Naturtypar/Natur Naturvernområder/Natur Elvemusling/Natur/Artar Raudlisteartar/Natur/Artar Verneplan for vassdrag/Natur Villrein/Natur/Artar Korallar/Kyst og fiskeri/tre temalag + internt temalag (spør Gunn Helen eller Julie) Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA-HORD)/Landskap/Kulturlandskap Nasjonale laksevassdrag/Natur/Lakseforvaltning (4 tema inkl. nedbørfelt)	Framande
--	----------



*Elvemuslingen er særst sårbar for ureining og partikkelavrenning. Ved avrenning til sidebekkar som renn inn i hovudvassdrag, kan tiltak sjølv langt unna gje dramatiske konsekvensar. Foto: Magnus Johan Steinsvåg©.*

## Sjekkliste naturmangfald

		Kjelder	Ja	Nei
1.	Har kommunen vurdert tiltaket etter naturmangfaldlova §§ 8-12?	<a href="#">Rettleiar: Naturmangfaldfoldloven kapitel II (2016)</a>  <a href="#">Om naturmangfaldlova på Rettsdata.no</a>		Minne om at det skal gjerast. Vurder klage/ oppheving
2.	Kan tiltaket påverke naturvernområde?	Tekst med * under viser til aktuelle karttema og kartlag		
	T-2/16: Verneområde etter nml.	<a href="#">Naturbase:</a> *Naturvernområder <a href="#">Fylkesatlas:</a> *Natur→ Naturvernområder	Tiltak i verneområde er FORBODE og må ha disp. Sjekk med verneområde-ansvarleg (liste).	
	Tiltak i randsona rundt verneområde etter nml	<a href="#">Naturbase:</a> *Naturvernområder	Må legge vekt på verneområdet ved avgjerd etter PBL (nml § 49). Sjekk med	

	Tiltak i foreslått verneområde der det er meldt oppstart av verneprosess etter nml	<p><u>Fylkesatlas</u>: *Natur→ Naturvernområder</p> <p><u>Naturbase</u> el. <u>Fylkesatlas</u>: *Foreslåtte naturvernområder.  <b>NB</b>: alle føreslåtte/tilbodne verneområde er ikkje lagt inn, sjekk med saksbehandlarar vern.</p>	<p>verneomr.ansvarleg (sjå liste) om tiltak kan ha effekt i verneområdet.</p> <p>Ta kontakt med saksbehandlar for den pågåande vernesaka.</p>	
3.	<p>Kan tiltaket påverke registrerte naturtypelokalitetar?</p> <p>T-2/16:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvalde naturtypar (nml § 52)</li> <li>• Raudlista naturtypar  <b>CR, EN, VU</b>: Alle, minus lok. med svært låg lokalitetskvalitet (NiN)  <b>NT</b>: A, og dels B etter DN-handbok 13, lok. med høg og svært høg lokalitetskvalitet (NiN)</li> <li>• A-lok. etter DN-handbok 13</li> <li>• A og B-lok. etter DN-handbok 19 (marint)</li> <li>• Lok. med «sentral økosystemfunksjon» (NiN) og minst moderat lokalitetskvalitet</li> <li>• «Spesielt dårlig kartlagte naturtyper» (NiN) med minst høg lokalitetskvalitet</li> </ul>	<p>Tekst med * under viser til aktuelle kartlag i <u>Naturbase</u> (under Naturtyper, naturmangfold) eller i <u>Fylkesatlas</u> (Natur):</p> <p>*Utvalgte naturtyper</p> <p><u>Raudliste for naturtypar</u>  *Naturtyper – Miljødirektoratets instruks  *Naturtyper, DN-håndb. 13</p> <p>*Naturtyper, DN-håndb. 13</p> <p>*Naturtyper, DN-håndb. 19</p> <p>*Naturtyper – Miljødirektoratets instruks (sjekk faktaark for lokaliteten, sjå på «Utvalgskriterium»</p> <p>*Naturtyper – Miljødirektoratets instruks (sjekk faktaark for lokaliteten, sjå på «Utvalgskriterium»</p> <p><u>DN-Handbok M-1941</u> har ein verditabell i punkt 1.4.1 der kategoriane i T-2/16 har fått farge som samsvarer med fargane i kartlaget «Naturtyper KU-verdi» i Naturbase og Fylkesatlas. Hak av kategoriane «Stor verdi» og «Svært stor verdi», og du ser naturtypelokalitetar som</p>	<p>Vurder uttale, klage eller motsegn jf. T-2/16.</p>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Skogområde med regional eller nasjonal verneverdi i systemet for slik verdisetting</li> </ul>	<p>utløyer motsegn etter T-2/16. <b>NB: Lokalitetar etter DN-handbok 13 er berre delvis lagt inn, og må sjekkast separat!!</b></p> <p><u>Narin skogområdeundersøkelser (Biofokus)</u></p>		
4.	<p>Kan tiltaket påverke område med artsregistreringar?</p> <p>T-2/16:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Prioriterte artar (nml § 23) og evt. økologisk funksjonsområde</li> <li>Raudlista artar i kategori CR, EN, VU og leveområde</li> <li>Freda artar</li> <li>Spesielle økologiske former av artar</li> <li>Særleg omsynskrevjande artar</li> <li>Intakte, viktige spreingskorridorar</li> <li>Viktige funksjonsområde for villrein.</li> <li>Viktige økologiske funksjonsområde for ferskvassartar (lakse-</li> </ul>	<p>Generelt: Bruk <u>Artskart</u> for å finne detaljinformasjon om enkeltförekomst</p> <p><u>Naturbase</u>: Arter og artsforvaltning→ Arter av nasjonal forv.interesse→ Arter av særlig stor forvaltingsinteresse→ Prioriterte artar</p> <p><u>Fylkesatlas</u>: Natur→ Raudlisteartar (Artsdatab.) UTAN NT og DD</p> <p><u>Naturbase</u>: Som øvst→ Fredete artar</p> <p><u>Naturbase</u>: Som øvst→ Spesielle økologiske former</p> <p><u>Naturbase</u>: I praksis alle grupper under Arter av nasjonal forv. interesse. <b>U.OFF. -artar</b>: Stort sett ansvarsartar der yngleplass haldast hemmeleg. Mest aktuelt langs kysten og i innlandet eit stykke frå folk, men spør heller for mye enn for lite! Olav Overvoll i Hordaland og Tore Larsen i Sogn og Fjordane.</p> <p>Må vurderast ut frå generell kunnskap.</p> <p><u>Fylkesatlas</u>: Natur→ Villrein <u>Regional plan for Hardangervidda</u> <u>Regional plan for Nordfjella</u> <u>Kvalitetsnormen for villrein.</u></p> <p><u>Fylkesatlas</u>: Natur→ Anadrome vassdrag Lakse- og sjøaureførande strekningar</p>	Vurder negativ uttale/klage/motsegn	

	<p>og innlandsfiskeleva § 7a)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Nasjonale laksevassdrag og laksefjordar</li> </ul>	<p>Elvemusling</p> <p><u>Fylkesatlas</u>: Natur→ Nasjonale laksevassdrag Nasjonale laksefjordar</p>		
5.	<p>Vil tiltaket verke negativt inn på landskap?</p> <p>T-2/16:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Samanhengande naturområde med urøyrtpreg (3.6)</li> <li>Geologisk naturmangfald (3.6)</li> <li>Verdsarvområde (3.9)</li> <li>Heilskapelege kulturlandskap av nasjonal eller stor regional interesse (3.9)</li> <li>Landskap kartlagd etter NiN, med verdisetting (3.9)</li> <li>Landskap der dei samla kultur- og naturmangfaldverdiane utgjer ein miljøverdi av nasjonal eller stor regional interesse (3.9)</li> </ul>	<p><u>Fylkesatlas</u>: Landskap→ Inngrepsfrie område (INON)</p> <p><u>Økologisk grunnkart</u>: Geologi→ Geologisk arv</p> <p>Informasjon om Vestnorsk fjordlandskap hos <u>Riksantikvaren</u>. Finst ikkje på digitale kart!</p> <p><u>Naturbase</u>: Landskap→ Utvalgte kulturlandskap Verdifulle kulturlandskap <u>Fylkesatlas</u>: Landskap→ Kulturlandskap (fleire tema)</p> <p>Ingen verdisetting er gjort enno.</p> <p>I praksis lik Heilskapelege kulturlandskap ovanfor. Dessutan KULA, kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse: <u>Sogn og Fjordane</u> <u>Hordaland</u></p>	Vurder negativ uttale/klage/motsegn	
6.	<p>Er det fare for spreing av framande artar i samband med flytting av massar eller tiltak i sjø og vassdrag?</p>	<p><u>Artskart</u>: Søk→ Rødliste- og fremmedartskategori→ Kryss av for Svært høy, Høy og Potensielt høy risiko for å sjå kjente førekomst. <u>Fylkesatlas</u>: Natur→ Framande artar→ som over. (klikk på lenka til Artsobservasjonar for å sjå faktaark).</p>	Vurder negativ uttale/klage/motsegn	

## Nasjonale føringar

### **FNs bærekraftmål**

- Mål 6 Reint vatn og gode sanitærforhald, delmål 6.6:  
*Innen 2020 verne og gjenopprette vannrelaterte økosystemer, inkludert fjell, skoger, våtmarker, elver, vannførende bergarter og innsjøer.*
- Mål 13 Stoppe klimaendringene, delmål 13.1: *Styrke evnen til å stå imot og tilpasse seg klimarelaterte farer og naturkatastrofer i alle land.*
- Mål 15 Livet på land, delmål 15.1:  
*Innen 2020 bevare og gjenopprette bærekraftig bruk av ferskvannsbaserte økosystemer og tjenester som benytter seg av disse økosystemene, på land og i innlandsområder, særlig skoger, våtmarker, fjell og tørre områder, i samsvar med forpliktelser i internasjonale avtaler.*  
Delmål 15.5:  
*Iverksette umiddelbare og omfattende tiltak for å redusere ødeleggelsen av habitater, stanse tap av biologisk mangfold og innen 2020 verne truede arter og forhindre at de dør ut.*

### **Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging:**

#### Om planlegging i sjø:

- Fylkeskommunal og kommunal planlegging er viktig for å sikre det langsiktige arealbehovet til fiskeri- og havbruksnæringane, samtidig som andre samfunns- og miljøinteresser blir varetekne.
- Departementet skal avklare behovet for statlege planretningslinjer for kystnære sjøområde. Statlege planretningslinjer vil kunne gi signal om samordning og avveging mellom ulike interesser i kystsona gjennom regional, interkommunal og kommunal planlegging. Retningslinjene blir mellom anna sett i lys av arbeidet med rundskriv og rettleiar for planlegging i sjøområda.

## Lov og forskrift

### **Plan- og bygningslova (pbl) § 1-8**

Forbod mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen, med mindre anna byggegrense er fastsett gjennom planvedtak. Dette er det einaste lovfesta byggeforbodet i pbl. Det set byggehandsaminga på hovudet for slik det elles er etter pbl. Innan byggeforbodssona – 100 meters-sona eller særskilt fastsett byggegrense – må tiltakshavar og kommunen særskilt grunngi kvifor det skal byggjast eller etablerast noko tiltak, mens ein elles skal grunngi kvifor ein ikkje får byggje innan eit utbyggingsformål. Byggeforbodet skal leggjast til grunn både i planlegging og i den einskilde byggesak.

I all planlegging 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Det skal ein gjere

uansett om det er sett anna byggegrense i planen. Det er verd å merke seg at friluftsliv, opphald og ferdsel, i strandsona, berre er eit av fleire omsyn.

### **Naturmangfaldlova § 6**

Alle skal opptre med aktsemd og unngå skade på naturmangfaldet.

Dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen var først vedtatt i 2011. Desse vart revidert og fastsett ved kgl.res. av 28.05.2021:

### **Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021)**

[Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Byggeforbodet langs sjø er stadig blitt skjerpa gjennom tida, ved nyare lover. Dei noverande planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen er etter sitt innhald også ei skjerping av dei vurderingane som skal gjerast. Dei presiserer dei skjønsmessige emna som skal vurderast.

Planretningslinjene delar kommunane inn i tre sonar etter m.a. utbyggingspress m.m. Men vurderingane treng ikkje vere lik innan dei ulike sonene. Det er grunn for ytterlegare differensiering innan både dei einskilde sonene og dei einskilde kommunane etter dei same vilkår som ligg til grunn for den overordna differensieringa. Innan same sone, t.d. sone to, kan det vere kommune eller del av kommune som ligg nærare sone ein og andre nærare sone tre. Tilsvarende gjeld for kommunar i sone tre. Det kan vere kommunar eller deler av kommunen som ligg nærare sone to enn sone tre. Vi må altså gjere ei nærare vurdering av kommunane enn berre å sjå til soneinndelinga.

Metoderettleiar – strandsone og strandsoneverdiar:

Vestland fylkeskommune – strandsonerettleiar Vestland fylke:

[Strandsonerettleiar Vestland fylke \(arcgis.com\)](https://arcgis.com)

### **Lakse- og innlandsfiskelova § 7**

Omsynet til fiskeinteressene og ivaretaking av det økologiske funksjonsområdet for fisk og andre ferskvassorganismar skal innpassast i planar etter plan- og bygningslova.

§ 7 a. Nasjonale laksevassdrag og [nasjonale laksefjorder](#).

Gjeld: Etnefjorden – Ølsfjorden, Fjordane ved Osterøy, Sognefjorden, Dalsfjorden, Førdefjorden, Nordfjord.

Nasjonale laksevassdrag er gitt eit særskilt vern i lov om laksefisk og innlandsfisk § 7a første ledd. Les meir i kap 4.9 Vassdrag.

### **Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag og vassressurslova (tiltak i vassdrag)**

Alle tiltak i vassdrag skal handsamast etter vassressurslova av NVE (konsesjonsplikt i § 8), og etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag med heimel i laks- og innlandfiskelova (viss NVE vurderer at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig) av Statsforvaltaren. Tiltaket skal ikkje forskyve fangsten i vassdraget eller negativt påverke produksjonsmoglegheita til laksefisk i vassdraget.



### Aktuelle lenker

- [Havforskningsinstituttet. Kunnskapsrettleiar for marine naturverdiar og tiltak i kystsona.](#)
- [Havforskningsinstituttet. Plansaker i kystsona.](#)
- [Analyse av utfordringar](#) for planlegging i sjø Norconsult på vegne av KMD frå 2015.
- Forslag til [Regional kystsonerplan Sunnhordland og Ytre Hardanger](#) med [akvakulturanalyse](#)

### Fylkesatlas

- Kartlagte og verdsatte friluftsområder (DOK)/Friluftsliv
- Statleg sikra friluftsområde (DOK)/Friluftsliv
- Naturtypar/Natur
- Naturvernområde/Natur
- Landskapsregionar og landskapstypar/Landskap (mest SFJ)
- Verneplan for vassdrag/Natur
- Nasjonale laksevassdrag/Natur/Lakseforvaltning (4 tema inkl. nedbørfelt)
- Lakse- og sjøaureførande strekningar/Natur/Lakseforvaltning (berre SFJ)
- Anadrome vassdrag/Natur
- Havnespy/Kyst og fiskeri (diverse hamnespy kartlag for fylket og Noreg)
- Korallar/Kyst og fiskeri – både interne og eksterne data (spør Gunn Helen eller Julie på Miljøavdelinga)
- Marine naturtypar/Natur/Naturtypar
- Vannforskriften og Vannett/Natur

### Sjekkliste strandsone langs sjø og vassdrag, sjøareal

		Ja	Nei
	<b>Strandsone</b>		
1.	Er området sett av til byggjeformål i kommuneplanen eller reguleringsplan? Er byggjeformålet avgrensa til byggegrensen til sjø?	Sjekk byggegrense til sjø og føresegnar om plankrav, ellers OK	Vurder motsegn/klage
2.	Er det andre tiltak i umiddelbar nærleik (?)	Fortetting kan vere greitt dersom ikkje viktige verdiar vert råka. Obs: Presens/ byggepress i området. Samlet belastning.	Vurder motsegn/klage
3.	Er området eigna til friluftsliv og rekreasjon, eller er det brukt til friluftsføremål?	Vurder motsegn/klage	
4.	Vil tiltaket medføre privatisering av strandsona?	Vurder motsegn/ klage	
5.	Medføre tiltaket vesentlege landskapsinngrep eller vesentlege landskapsverknader?	Vurder motsegn/klage	

6.	Er alternative lokaliseringar vurdert?	Vurder argumentasjonen til kommunen.	Vurder motsegn/klage
7.	Vil tiltaket ha ei samfunnsmessig overvekt av fordelar?		Vurder motsegn/klage
	<b>Planlegging i sjø – Kommuneplan, reguleringsplan, dispensasjonar</b>		
	Har kommunen vurdert planlagt arealbruk i sjø opp mot friluftsliv, landskap, marint naturmangfald, forureina botn, miljøtilstand, framande artar og støy?	Vurder argumentasjonen til kommunen.	Vurder motsegn/klage
	Vil planen/arealbruk føre til større risiko for spreiding av framande artar? T.d. hamnespy		
	Har kommunen kunnskapsgrunnlag om alle relevante interesser i sjøområda?		Rå til utgreiing/planomtale
	Har kommunen kunnskapsgrunnlag om sårbart naturmangfald og risiko for negative effektar? T.d. korallar eller grunne blautbotnsområde.		
	Er miljøtilstanden og påverknad på naturmangfald i sjøen vurdert konkret i forhold til akvakultur? Gjeld ny arealbruk, utviding eller endringar. Er det gjort ei tilstrekkeleg samla og heilskapleg KU-vurdering? Dei samla verknadene etter naturmangfaldlova?	Vurder argumentasjonen til kommunen.	Vurder motsegn/klage
	Har kommunen planlagt utvida eller ny aktivitet i terskelfjordar?	Vurder motsegn ved dårleg miljøtilstand	
	Har kommunen vurdert foreslått akvakulturanlegg opp mot bestandssituasjonen for anadrom fisk (villaks og sjøaure) og lakselussituasjonen i området?	Vurder motsegn i fjord- og sjøområde av verdi for anadrom fisk	Vurder motsegn/klage
	Har kommunen vurdert vandringsvei for anadrom fisk , - smoltutvandring og innsig av gytefisk, beiteområde for sjøaure?		



### Nasjonale føringer

#### **FNs berekraftsmål**

- Mål 6 Reint vatn og gode sanitærforhald, delmål 6.6:  
*Innen 2020 verne og gjenopprette vannrelaterte økosystemer, inkludert fjell, skoger, våtmarker, elver, vannførende bergarter og innsjøer.*
- Mål 13 Stoppe klimaendringene, delmål 13.1: *Styrke evnen til å stå imot og tilpasse seg klimarelaterte farer og naturkatastrofer i alle land.*
- Mål 15 Livet på land, delmål 15.1:  
*Innen 2020 bevare og gjenopprette bærekraftig bruk av ferskvannsbaserte økosystemer og tjenester som benytter seg av disse økosystemene, på land og i innlandsområder, særlig skoger, våtmarker, fjell og tørre områder, i samsvar med forpliktelser i internasjonale avtaler.*  
Delmål 15.5:  
*Iverksette umiddelbare og omfattende tiltak for å redusere ødeleggelsen av habitater, stanse tap av biologisk mangfold og innen 2020 verne truede arter og forhindre at de dør ut.*

#### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023:

Utdrag frå kap. 02 Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet:

- Fylkeskommunane og kommunane vurderer arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tek særlege omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser

Utdrag frå kap. 04 Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

- Kommunane legg vekt på å sikre byrom og blågrøn infrastruktur med stiar og turvegar som sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn og legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle.
- Fylkeskommunane og kommunane sikrar bruks- og verneverdiane til vassdraga i planlegginga. Potensialet i vassdraga for trygg avleiing av overvatn og naturbasert demping av flaum skal utnyttast.

#### **Nasjonal restaureringsstrategi**

Skal restaurere 15 % av vassdrag i Vestland innan 2030. *Målet med strategien " "Mer livskraftige vassdrag. Nasjonal strategi for restaurering av vassdrag 2021 - 2030" er å restaurere minst 15 % av forringede vassdrag i Norge i perioden 2021 – 2030, og reversere den negative trenden slik at vi i 2030 restaurerer vassdrag i en høyere takt enn vassdrag forringes.*

#### **Stortingsmeldingar**

- [Regjeringa sin miljøpolitikk](#) og rikets miljøtilstand
- [Natur for livet — Norsk handlingsplan for naturmangfold. Meld. St. 14 \(2015–2016\).](#)

## **Lov og forskrift**

### **Naturmangfaldlova §§ 8-12**

Lova skal leggjast til grunn for alle tiltak som kan påverke vassdrag og kantvegetasjonsbeltet.

### **Vassressurslova § 11 (kantvegetasjon)**

Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Unntak gjeld likevel for byggverk som står i nødvendig samanheng med vassdraget, eller der det gjeld opning for å sikre tilgang til vassdraget. Vassdrag er definert å femne om «botn og bredder» opp til høgaste vanlege flaumvasstand (tiårsflaum).

Grunneigaren, tiltakshavar og fagmynde kan krevje at kommunen fastset breidda på beltet. Breidda kan også fastsetjast i rettsleg bindande planar etter plan- og bygningslova. (Kommunen kan ikkje setje byggjegrænse lik 0 og så fjerne kantvegetasjonen.)

Statsforvaltaren kan i særlege tilfelle frita for kravet om eit funksjonelt kantvegetasjonsbelte. Sjå nettsak for meir informasjon og søknadsskjema:

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/vatn/kantvegetasjon-langs-vassdrag/>.

### **Vassforskrifta**

Vassforskrifta har som føremål å gi rammer for fastsetjing av miljømål som skal sikre ei mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane, og set difor konkrete føringar på prosess og kriterium for forvaltning av vassressursane. Eit tiltaksprogram konkretiserer kva som kan gjerast for å oppnå betre tilstand i vassdrag med forringa tilstand, og med det nå miljømåla som er satt.

Ved enkeltvedtak om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst som kan medføre at miljømåla ikkje nås eller at tilstanden blir forringa, skal § 12 i vassforskrifta vurderast.

Vilkåra i §12 skal vere oppfylt for at det skal kunne gis løyve etter det aktuelle sektorregelverket:

- a) alle praktiske tiltak som kan gjennomførast skal settast inn for å avgrense negativ utvikling i tilstanden for vassførekomsten
- b) samfunnsnyttan av dei nye inngrepa eller aktivitetane skal vere større enn tap av miljøkvalitet
- c) tiltak kan ikkje gjennomførast på annan måte grunna store mishøvelege kostnader eller at tiltaket ikkje teknisk kan gjennomførast

Tiltak i vassdrag skal vurderast etter § 8 i vassressurslova av NVE (konsesjonsplikt). Viss NVE vurderer at tiltaket ikkje er konsesjonspliktig skal tiltaket vurderast etter forskrift for fysiske tiltak i vassdrag.

### **Lakse- og innlandsfiskelova § 7**

Omsynet til fiskeinteressene og ivaretaking av det økologiske funksjonsområdet for fisk og andre ferskvassorganismar skal innpassast i planar etter plan- og bygningslova.

§ 7 a. [Nasjonale laksevassdrag](#) og nasjonale laksefjorder

Nasjonale laksevassdrag er gitt eit særskilt vern i lov om laksefisk og innlandsfisk § 7a første ledd: «Når det treffes vedtak eller gjennomføres tiltak som kan påvirke laksens levevilkår, skal de særskilte hensyn som følger av Stortingets vedtak om nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder legges til grunn. I disse områdene skal laksen sikres en særlig beskyttelse mot skadelige inngrep.»

Verneregimet for nasjonale laksevassdrag er nærare definert i St.prp. nr. 32 (2006-2007) kap. 6.1. I korte trekk går dette ut på at det ikkje skal gjennomførast nye tiltak som kan vere til nemneverdig skade for laksen. Vidare må tiltak som er nødvendige for ulike gode samfunnsformål som til dømes sikring av viktig infrastruktur og eigedom, så langt som råd ta omsyn til laksen.

**Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag** er heimla i § 7 i lakse- og innlandfiskelova. Alle tiltak som kan påvirke fisk eller andre ferskvassorganismar, eller fangsten i vassdraget, negativt må ha løyve etter denne forskrifta, så sant det ikkje er gitt føringar i planvedtak som vi vurderer som så gode at det ikkje er nødvendig med ekstra sakshandsaming. Eksempel på tiltak er: erosjonssikring, plastring, tersklar, bygging av bru eller fiskeforbetrande tiltak som steinutlegg for å skape skjul for fisken, eller gjenopning av bekk (kan vere konsesjonspliktig etter § 8 i vrl).

Erosjonssikring må ha naturleg utforming av ru steinutlegg (viss ein i det heile må sikre).

Vise til tiltakshandboka side 108-114:

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1051/m1051.pdf>.

#### **Forskrift om [rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag \(RPR\)](#)**

Tiltak som kan påvirke verneinteresser i vassdrag verna mot kraftutbygginga krev særskilt handsaming, i tråd med forskrifta om rikspolitiske retningslinjer. Det bør vidare sjekkast ut om det er utarbeidd differensiert forvaltningsplan for det aktuelle vassdraget. Dette er ofte innarbeidd i kommuneplanens arealdel (KPA).

#### **Rettleiing**

- [KLD: Rettleiar T-1554 «Naturmangfoldloven kapitel II» - mars 2016](#)
- [Brev frå MD 11.07.2011 om naturmangfald og pbl](#)
- [Rettleiar frå NVE Nr 2/2019: Kantvegetasjon langs vassdrag](#)
- [Nettsak om kantvegetasjon](#)
- [Tiltakshandboka for betre fysisk vassmiljø](#)

#### **Aktuelle lenker**

- Viktigaste Kart-/databasar: [Naturbase](#), [Artskart](#), [Fylkesatlas](#), [Lakseregisteret](#) (ikkje fullstendig liste over anadrome vassdrag. Spør fiskeforvaltarne).
- [Nasjonale miljømål](#) fordelt på resultatområde
- [Internasjonale miljømål for biologisk mangfald 2011-2020](#)
- [Oversyn over internasjonale avtalar med lenkjer til dei enkelte](#)
- [Faktaark NVE verneplanar vassdrag i Hordaland](#)
- [Faktaark NVE verneplanar vassdrag i Sogn og Fjordane](#)
- [Rikspolitiske retningsliner \(RPR\) for verna vassdrag](#)
- Informasjon om vatn: <http://vann-nett.no/portal/>

- Vitskapsrådet for lakseforvaltning- kart med vurdering av bestandstilstand til laks: <https://vitenskapsradet.no/>.
- [NINA. Bestandstilstand til sjøaure i kart.](#)
- [NINA. Overvaking av gytebestandar av laks og sjøaure, gytefiskteljingar i kart.](#)
- [Høydedata.no](#) (laserinnsyn) – kan vise korleis vassdraget har vore før inngrep. Kan òg vise eventuelle endringar i høgde (som kan bli vandringshinder for fisk). Vel «NHM DTM» under «karttype».

### Fylkesatlas

Arter av stor forvaltingsinteresse/ /Natur/Arter

Arter av særleg stor forvaltingsinteresse/ /Natur/Arter

Framande arter/Natur/Arter

Naturtypar/Natur

Naturvernområde/Natur

Raudlisteartar/Natur/Arter

Verneplan for vassdrag/Natur

Anadrome vassdrag/Natur/Lakseforvaltning (ikkje fullstendig oversikt. Spør fiskeforvaltarane).

Lakse- og sjøaureførande strekkingar/Natur/Lakseforvaltning (berre SFJ)

Nasjonale laksevassdrag/Natur/Lakseforvaltning (4 tema inkl. nedbørfelt)

Munningsfredningszone/Natur/Lakseforvaltning

### Sjekkliste vassdrag

		Ja	Nei
1	Vil planen/tiltaket føre til inngrep i vassdrag eller kantvegetasjonsbeltet? <ul style="list-style-type: none"> <li>• Inngrep i leveområde for vasstilknytte arter</li> <li>• Landskapsinngrep; konsekvensar for friluftslivet</li> </ul>	Informer om aktuelt lovverk; kan inngrepa unngåast?	
2	Vil planen/tiltaket få konsekvensar for vassdrag verna mot kraftutbygging?	Informer om og vurder etter RPR	
3	Vil planen/tiltaket få konsekvensar for fiskeproduksjonen eller fisket i vassdrag med laks/sjøaure? <ul style="list-style-type: none"> <li>• Inngrep i gyte- og oppvekstområde; redusert produksjonsareal/kvalitet</li> <li>• Fjerning av kantvegetasjon reduserer fiskeproduksjonen</li> <li>• Ev. lyssetjing av gangveg m.m. kan påverke fisk og fisket; må unngå lys retta mot elva</li> <li>• Graving i elv kan påverke laks/sjøaure ved at slam frå gravinga legg seg over gyte- og oppvekstområde, uansett om gravinga skjer ovanfor eller nedanfor vandringshinderet</li> <li>• Avrenning frå tiltaksområde?</li> </ul>	Informer om lovverk; vurder om og ev. korleis tiltaka kan tilpassast fiskeinteressene	



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vernet vassdrag. Legg inn verneplan – vassdrag, med ref.</li> </ul>		
<b>4</b>	Vil planen/tiltaket få konsekvensar for nasjonale laksevassdrag?	Informer om føringar for NLV	
	<p>For 1-4: Dersom planen/tiltaket får konsekvensar for vassdrag inkl. kantvegetasjonsbeltet eller anadrom fisk (laks/sjøaure):</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Drøft saka med sakshandsansvarleg innan vassdrag/fisk.</li> <li>• Dersom «ja» på punkt 2-4 er det aktuelt å vurdere motsegn.</li> <li>• Er det utgreidd alternative løysingar/avbøtande tiltak som fjernar/reducerer konsekvensar for vassdrag/fisk?</li> <li>• Er det grunngitt kvifor andre løysingar enn naturbaserte er vald?</li> <li>• Er krava i naturmangfaldlova §§ 8-12 ivareteke?</li> </ul>		



### Nasjonale føringar

**Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023:** Utdrag frå kap 02 Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet:

- Fylkeskommunane og kommunane identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Samla verknader blir tekne omsyn til.
- Fylkeskommunane og kommunane vurderer arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tek særlege omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for ei berekraftig utvikling i fjell og utmark og har særleg merksemda retta mot område med stort utbyggingspress. Dette skjer mellom anna ved å fastsetje langsiktige utbyggingsgrenser

Utdrag frå kap 03 Berekraftig areal- og transportutvikling

- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for høg arealutnytting i byområde gjennom fortetting og transformasjon med kvalitet i omgivnadene, med vekt på arkitektur, byrom, kulturmiljø, grønstruktur og andre miljøverdiar. Lokalisering av bustader, service, handel og andre arbeidsplass- og besøksintensive verksemdar må vurderast i samanheng med eksisterande eller framtidige kollektivknutepunkt.
- Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for sykling og gange i byar og tettstader, mellom anna gjennom trygge skoleveggar, ved å planleggje for gange og sykling frå kollektivknutepunkt og ut til friluftslivsområde og for transportløyningar for grupper som er mindre mobile.

Utdrag frå kap 04 Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

- Kommunane legg vekt på å sikre byrom og blågrøn infrastruktur med stiar og turveggar som sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn og legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle.

### **Statlege planretningslinjer**

- **Statlege planretningslinjer for samordna bustad- areal og transportplanlegging** (BATP). Retningslinjene gir føringar for å fortette i byar og tettstader, men ein skal samstundes ta vare på areal med kvalitet. Omsyn til overordna grønstruktur, viktig naturmangfald, areal til handtering av overvatn og område med estetisk verdi er viktige. Sjå areal- og transportplanlegging. Sjå kap .. Samordna bustad, areal- og transportplanlegging.
- **SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing**. Sjå kap .. Klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

- [SPR for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøe](#). Sjå kap .. Strandsone langs sjø og vassdrag. Regjeringa arbeider med å utvikle nye statlege planretningsliner (SPR) for følgjande tema: Fjellområda og planlegging i sjøområde.
- [Rikspolitiske retningsliner \(RPR\) for verna vassdrag](#) gjeld verna vassdrag og 100 meters beltet frå desse. Mange kommunar har nedfelt og konkretisert retningslinene i kommuneplanens arealdel. Sjå kap .. Vassdrag.
- [Rikspolitiske retningsliner \(RPR\) for barn og unge](#) gir føringar for kvaliteten på område der barn oppheld seg, dvs konkrete krav til kvalitet og funksjonar for areal som vert nytta av barn og unge. Sjå kap .. Barn og unge...

## **Lov og forskrift**

### **Plan- og bygningslova**

Oppgåver og omsyn som skal inngå i planlegging etter lova går fram av § 3-1. Planlegging skal mellom anna omfatte mål for å sikre naturgrunnlaget, område for friluftsliv og verdifulle landskap.

Mange av arealformåla i kommuneplanen arealdel (§ 11-7 ) og reguleringsplanar (§ 12-5) vil innehalde viktig grønstruktur.

### **Naturmangfaldlova**

I formålsparagrafen til lova er naturmangfald definert å omfatte både biologisk - , landskapsmessig- og geologiske mangfald.

### **Friluftslova**

Formålet er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmenhetens rett til ferdsel og opphold i naturen. Lova skal sikre folk sin rett til å utøve friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet.

Dei viktigaste rettane knytt til allemannsretten går fram av lova, som og definerar omgrepa innmark og utmark.

### **Plan- og bygningslova**

Arealformål og omsynssonar som sikrar friluftslivsinteressene skal gi føringar for bruken av områda, og kor kommunen vil leggje til rette for friluftslivet.

Arealformåla i planen vere tilpassa plannivå, om friluftsområda ligg utanfor tettbygd strok (LNFR-område), i eller nær byggesona, eller i sjø.

### *Friluftsliv*

Det er eit nasjonalt miljømål er å sikre og vidareutvikle friluftslivet som ein viktig del av vår nasjonale identitet og kulturarv. Kommunen skal sikre og leggje til rette for gode tur- og rekreasjonsområde gjennom arealplanlegginga. Kommunen må identifisere og ta vare på områda og kontakten mellom desse. Både naturterreng og rekreasjonsterreng i tettstader er viktige.

### **Nettstader**

[Friluftsliv i arealplanlegginga](#) Rettleiinga omfattar planprogram, arealformål på overordna plan og reguleringsplan og kunnskapsgrunnlag.

## Kunnskapsgrunnlag

- Data om friluftslivsområde som er kartlagt og verdsett ligg i Naturbase.
- [Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder](#), - rettleiar M-98/2014 frå Miljødirektoratet har metode for å kartleggje og verdsette friluftsområde.
- [Plan for friluftslivets ferdselsårer](#) – rettleiar M-1292/2019 frå Miljødirektoratet gir metode for å identifisere, ivareta og utvikle stiar, turvegar og leder som er viktige for friluftslivet.
- [Barnetråkk](#)

Er eit digitalt verktøy der barn fortel planleggjarar, kommunen og lokale politikarar kva for område som er viktige i deira lokalmiljø. Registreringar gjennom Barnetråkk er nyttig i arbeidet med å sikre medverknad frå barn og unge. Resultat frå registreringane vert eit sentralt kunnskapsgrunnlag for kommunen, som skal ivareta barna sine behov og ønskjer gjennom si arealplanlegging.

## Aktuelle lenker

- [St. meld 18 \(2015 -2016\)](#) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet
- Klima- og miljødepartementet si [Handlingsplan for friluftsliv \(2018\)](#).
- Turforslag: <https://ut.no/>.

Høyr eventuelt med Fylkeskommunen (Britt Karen Spjeld eller Anders Søyland) for meir informasjon om friluftsliv i eitt område. Eller friluftslivorganisasjonar: FNF Hordaland/Sogn og Fjordane, Friluftsråd, Turlaget eller lokallag.

## Landskap

Landskap er eit omgrep for våre visuelt forståelege omgjevnadar, ei overordna ramme som omfattar både naturmiljø og kulturmiljø.

Norge er tilslutta den [Europeiske landskapskonvensjon](#). Landskapet gir områda sitt særpreg og er viktig for folk sin trivsel. Landskapet er resultat av påverknad mellom naturlege og menneskelege faktorar, og er stadig i endring.

Vi skal sikre verdifulle landskapskvalitetar gjennom planlegginga.

Sjå omtale av [landskap i arealplanlegginga](#) på Miljødirektoratet si nettside.

## Nettstader

- [Brosjyre](#) om den europeiske landskapskonvensjon.  
Sjå Regjeringen.no/Stedsutvikling: [Landskap](#), [Arkitektur](#) og [Byggeskikk](#).
- [Råd om landskap i kommunal planlegging i Hordaland, 2011](#)

## Kunnskapsgrunnlag – verdsatt landskap

Følgjande rapportar gir oversyn over kartlagde landskapstypar i Hordaland etter metode frå Nasjonalt referansesystem for landskap:

- [Landskapstyper langs kyst og fjord i Hordaland](#) (Puschmann 2004)
- [Landskapskartlegging av Hordaland fylke](#) (Uttakleiv 2009)

- I rapport [Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke](#) (Clementsens et al 2011) er det gjennomført skildring og *verdisetting* av landskapsområda i Hordaland.
- For kysten av Sogn og Fjordane er det gjort landskapsanalyse og *verdisetting* av landskapsområde, som grunnlag for Fylkesdelplan for vindkraft [Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke](#) (Uttakleiv 2009).

### **Overordna grønstruktur – Blågrøn struktur**

**Grønstruktur** er veven og store og små naturprega område i byer og tettstader, som turdrag, friområde og parkar, område nær bustadområde og skular og langs vatn og vassdrag. Grønstrukturen har verdi både som nærturområde og for naturmangfaldet. Det er viktig å sikre grønstrukturen for at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester. Å ta vare på grønstrukturen er soleis og viktig for klimatilpassinga.

Mange stader blir grønstrukturen oppsplitta, redusert eller omgjort til parkliknande areal. Kommuneplanens arealdel er det viktigaste plannivået for å take vare på og vidareutvikle den overordna grønstrukturen. Utanfor byggeområda vil viktige friluftsområde inngå i LNF-områda. Grønstrukturen vil binde desse saman med grønne område innafor byggesona. Desse omfattar grøntdrag og naturområde, gjennomgåande turdrag og parkar, større friområde, leikeområde og naturområde.

Sjå omtale av [Grønstruktur i arealplanlegginga](#) på Miljødirektoratet si nettside.

**Blågrøn infrastruktur** er nettverket av naturlege og semi-naturlege område som vegetasjonsdekka landlege område, kantsoner, opne vassdrag, ferskvatn og kystområde. Bevisst bruk av blågrøne strukturar er viktig for å gjer byer og tettstader meir robuste mot auka nedbør knytt til klimaendringar.

Sjå kap 4.7 om [naturbaserte løysingar](#) under klimatilpassing.

Døme: [Blågrønne strukturer](#), Kommuneplanens arealdel, Bergen kommune.

Omsyn til klima gjer og at det er viktig å lokalisere utbygging til areal som er mindre viktige for karbonbinding. Ein må i størst mogleg grad byggje på areal som alt er påverka av tidlegare utbygging. Det er også viktig å minimere inngrepet i storleik, utføre utbyggingar på skånsam måte både med tanke på direkte skadeverknader, og for å kunne gjere det mogleg eventuelt å tilbakeføring areala til opphavleg tilstand. Attstående trær og annen vegetasjon gjer at karbontapet blir noe mindre.

### **Inngrepsfrie naturområder**

Inngrepsfrie naturområde er definert som naturområde som ligg ein kilometer eller meir (i luftline) frå tyngre tekniske inngrep. Områda har stor verdi for mangfaldet av friluftsområde, natur og landskap, og for naturen si evne til klimatilpassing.

Inngrepsfri natur er ein av åtte miljøindikatorar til nasjonal miljømål 1.1. «økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtenester». Der er ein indikator på arealbruken, og viser utviklingstrekk og status for større samanhengjande naturområde med urørt preg i landet.

Sjå omtale av [inngrepsfrie naturområde](#) på Miljødirektoratet si nettside.

### Kunnskapsgrunnlag

[Fylkesatlas Vestland](#), Temalag Landskap/Inngrepsfrie områder (INON) for inngrepsstatus fram til 2018.

Deler av følgjande rapporter om temaet friluftsliv, landskap og grønstruktur (utarbeidd som underlagsdokument utarbeidd i samband med Nasjonal ramme for vindkraft på land kan vere nyttig:

- [Faggrunnlag - Friluftsliv](#)
- [Faggrunnlag - Landskap](#)
- [Faggrunnlag – Sammenhengende naturområder](#)

Høyr eventuelt med Fylkeskommunen (Britt Karen Spjeld eller Anders Søyland). Eller friluftslivorganisasjonar: FNF Hordaland/Sogn og Fjordane, Friluftsråd, Turlaget eller lokallag.

### Fylkesatlas

Friluftsliv/Kartlagte og verdsatte friluftsområder (DOK)

Friluftsliv/Statleg sikra friluftsområde DOK

Friluftsliv/Dagsturhytter og Stiar til dagsturhyttene

Friluftsliv/Tur- og friluftsruter

Friluftsliv/Historisk – FRIDA – kom. Ikkje verdsette friluftsområde (for Askvoll og Lærdal kommune)

Landskasregionar og landskapstypar/Landskap (mest SFJ)

Inngrepsfrie områder/Landskap

## Sjekkliste friluftsliv, landskap, grønstruktur og samanhengande naturområde med urørt preg

		Ja	Nei
	<b>Sjekkliste planprogram</b>		
1	Har kommunen tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å sikre viktig grønstruktur i planen?		Gjennomføre ny kartlegging/undersøkingar, få statusgjennomgang på eksisterande data
2	Har kommunen gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftsområde?		Gjennomføre kartlegging og leggje data i Naturbase, jf. Rettleiar M-98.
3	Har kommune oversyn over naturområde (myr, våtmark, vassdrag, skog mm) som er viktige for å sikre naturbaserte løysingar i arbeidet med klimatilpassing?		
	<b>Sjekkliste overordna plan</b>		
1	<u>KPs Samfunnsdel:</u>		

2	Har planen omtalt sammenhengen mellom verdien av å sikre friluftsområde og grønstruktur og oppfølginga av mål innan folkehelse, barn og unge?		
3	Har planen strategiske mål knytt til sammenhengen mellom klima og forvaltning av areal, som grøne og blå-grøn strukturar?		
4	Er samanhengande grønstruktur kartlagd i kommunen?		
	<b>KPs Arealdel:</b>		
1	Sikrer planen viktige grøntområde nær skular og barnehager?		
2	Sikrer planen viktig grøntstruktur mellom bustadområde og skular, barnehager og lokale?		
3	Ivaretar førsegne areala på tilfredsstillande måte?		
4	LNFR-områda: Er kunnskapsgrunnlaget om viktige friluftsområde, grønstruktur og landskap vist i kart og føresegner?		
5	Er det lagt inn omsynssone på viktige nasjonale, regionale eller lokale grøntområde?		
6	Har kommunen vurdert verdien av grøntstrukturen og viltkorridorar ut frå omsyn til dyrelivet og anna naturmangfald?		
7	Byggeområde: Er det lagt inn overordna krav om å sikre viktig grønstruktur innafor byggeområda?		
8	Føreligg det føresegner som kan føre til mindre vatn i vassdrag, som vidare kan påverke padleinteressar, eller landskapsoppleving?		
9	Er det planlagd inngrep i samanhengande grønstruktur?		
	<b>Sjekkliste reguleringsplan</b>		
1	Er grønstrukturen i planområdet vist i kart og føresegner?		
	Er barn og unge teken med på råd i planlegginga?		
2	Har planen blå-grøn struktur for å sikre naturbaserte løysingar for å takel flaum, og overvatn, jf. arbeide med klimatilpassing		
3	Er det planlagd inngrep i samanhengande grønstruktur?		

## Avfalls-/gjenvinningsanlegg og avfallshandtering

Det er av nasjonal interesse og stor tyding for lokalsamfunn at kommunane har velfungerande avfalls- og gjenvinningsanlegg.

Det føreligg ulike regelverkskrav til handtering av ulike avfallsfraksjonar, og det føreligg ulike krav til avfallsprodusentar. Avfall- og gjenvinning er eit komplekst fagfelt. På dette planfeltet er det viktig med god intern samordning i embetet mellom miljø (forureining, naturmangfald mm), beredskap, folkehelse og plan. Det må vere ei god kopling mellom ivaretaking av nasjonale interesser og vesentlege regionale interesser etter plan- og bygningslova og sakshandsaminga etter forureiningslova. Utgangspunktet for denne sjekklista er handtering av avfalls- og gjenvinningsanlegg etter plan- og bygningslova. Etablering og utviding av slike anlegg må vurderast ut frå dei samla verknadene for miljø og samfunn.


Kommunane skal sørge for innsamling av avfall frå hushald etter forureiningslova §§ 30 og 32. Dette kan organiserast gjennom kommunale eller interkommunale løysingar for handtering av avfall. I tillegg har kommunane plikt til å ha anlegg for opplag eller behandling av hushaldsavfall. Kommunane skal også sørge for tilbod for mottak av farleg avfall frå hushald som har mindre mengder slikt avfall, jf. avfallsforskrifta (FOR-2004-06-01-930) § 11-10.

Krav til næringsavfall følgjer av forureiningslova § 32. Utgangspunktet er at den som produserer næringsavfall skal sørge for at dette blir brakt til eit lovleg avfallsanlegg eller at avfallet gjennomgår gjenvinning. Næringsavfall gjeld avfall frå offentlege og private verksemdar, og frå institusjonar, jf. avfallsforskrifta § 1-3 bokstav d.

Krav til farleg avfall følgjer av kap. 11 i avfallsforskrifta. Bestemmelsane i kap. 11 i avfallsforskrifta gjeld oppbevaring, transport og handtering av farleg avfall, jf. avfallsforskrifta § 11-2. Eit viktig utgangspunkt er at farleg avfall skal takast hand om på forsvarleg vis. I avfallsforskrifta § 11-5 blir det lagt til grunn at «Alle som oppbevarer, transporterer eller håndterer farlig avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forurensning eller skade på menneske eller dyr». Farleg avfall skal heller ikkje blandast saman med anna avfall, og ulike typar farleg avfall skal heller ikkje blandast saman dersom dette kan føre til fare for forureining, eller skape problem for vidare handtering av avfallet. Vidare blir det stilt kompetansekrav til den som skal ta hand om farleg avfall, jf. avfallsforskrifta §§ 11-3 bokstav c og 11-5 tredje ledd.

Eit viktig utgangspunkt i norsk avfallshandtering er gjennomføringa av EUs rammedirektiv for avfall (direktiv 2008/98/EF). Klima- og miljødepartementet drøftar i avfallsstrategien, «Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi» (16.06.2021), dei nasjonale miljømåla på dette feltet. I strategien følgjer ein opp Meld. St. 45 (2016-2017) «Avfall som ressurs – avfallspolitikk og sirkulær økonomi». Strategien følgjer også opp avfallsdirektivet og prioriterer avfallsførebygging, gjenvinning og ressursutnytting i tråd med avfallshierarkiet (også omtalt som avfallspyramiden eller ressurspyramiden). Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi er tilgjengeleg her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-strategi-for-ein-gron-sirkular-okonomi/id2861253/>

## AVFALLSHIERARKIET



Kilde: Miljødirektoratet 2016 / Miljøstatus.no

Artikkel 28 i rammedirektivet for avfall stiller krav om at det blir utarbeidd nasjonal avfallsplan. I artikkel 29 følger krav om eit nasjonalt avfallsforebyggingsprogram. Miljødirektoratet har utarbeidd nasjonal avfallsplan 2020 – 2025 i tråd med rammedirektivet for avfall, «Den beskriver bl.a. avfallsmengder, status for håndtering av ulike typer avfall, og de viktigste behandlings- og gjenvinningsanleggene i Norge. Planen beskriver også behov for endringer i avfallsinfrastrukturen, bl.a. på basis av EU-krav om forberedelse til ombruk og materialgjenvinning. Inkludert i avfallsplanen er også et avfallsforebyggingsprogram», [Avfallsplan 2020-2025 - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no/avfallsplan-2020-2025)

Den 15. november 2022 blei avfallsforskrifta tilpassa krava i EUs reviderte deponidirektiv (EU 2018/850). For å betre kunne nå måla om ein sirkulær økonomi, så er det forbod mot å leggje avfall som er kjeldesortert, samla inn for ombruk og materialgjenvinning på deponi (søppelfylling).

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/strengere-regler-for-deponering-av-avfall/id2946056/>

Det er utarbeidd ein nasjonal plaststrategi, 10.08.2021, med mål om å auke mengda plastavfall som kan attvinnast, hindre at plastavfall kjem på avvegar i naturen, ha gode tiltak for opprydding der det likevel skjer og fremme tiltak for meir berekraftig bruk av plastprodukt, [Noregs plaststrategi - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/noregs-plaststrategi-regjeringen.no)

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 viser i punkt 44 til at «Fylkeskommunane og kommunane legg gjennom areal- og samfunnsutviklinga og verksemdsutøvinga si til rette for omlegging til ein meir sirkulær økonomi, der ressursar og eksisterande bygningar og anlegg blir brukte lengst mogleg og i større grad brukte om att og oppgraderte».

Forureiningslova § 2 nr. 2 viser til at forureiningsmyndigheitene skal samordne si verksemd med planmyndigheitene, slik at plan- og bygningslova saman med forureiningslova blir brukt for å unngå eller hindre forureining og avfallsproblem. Avfallsanlegg som kan føre til forureining eller virke skjemmaende må søke om løyve etter forureiningslova. Avfallsanlegg som handterer farlig stoff (farlig avfall/kjemikalier) kan kome inn under forskrift om farlig stoff/storulykkeforskrifta. Viss avfallsanlegga er meldepliktig etter forskrift om handtering av farlig stoff, må dei sende innmelding til DSB.

Sjå lovdata for: [Forskrift om håndtering av brannfarlig, reaksjonsfarlig og trykksatt stoff samt utstyr og anlegg som benyttes ved håndteringen - Lovdata](#)



Kommunal planlegging må ta omsyn til avfallsanlegg som kritisk infrastruktur. Støyande anlegg og verksemd bør ikkje lokaliserast nær eksisterande sårbar resipient (td. vasskjelder, naturmangfald mm.)/ busetnad. Det bør ikkje planleggast for td. bustader, barnehagar og skular tett på avfallsanlegg/ forbrenningsanlegg/ industri som har utslepp av støv, lukt og støy. Kommunane har etter folkehelselova § 9 ansvar for å føre tilsyn med faktorar og forhold i miljøet som anten direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse, og for å fremje trygge og helsefremjande miljø. Tilsynsmyndigheita innan miljøretta helsevern er lagt til kommunane, jf. folkehelselova § 8.

Innan dette feltet er det ei generell forskrift om miljøretta helsevern (FOR-2003-04-25-486), sjå lovdata: [Forskrift om miljørettet helsevern - Lovdata](#), og i tillegg eksisterer det forskrifter som tek for seg miljøretta helsevern innan særskilte felt, som td. vassforsyning og drikkevatt ([Forskrift om vannforsyning og drikkevann \(drikkevannsforskriften\) - Lovdata](#)) og hygieniske forhold i skular og barnehagar ([Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger - Lovdata](#)).

Folkehelseinstituttet har utarbeidd følgjande råd og føringar til kommunane i samband med deponering og forbrenning (28.06.2018): [Deponering og forbrenning - råd og føringar - FHI](#)

Mange konflikter mellom naboar og industriverksemdar kan førebyggast ved god planlegging. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 går det fram av punkt 18: «I konsekvensutgreiingar skal alternativ, samla verknader av føreslegen arealbruk og sumverknader vurderast». Rundskriv T-2/16 – revidert februar 2021 etterspør i avsnitt 3.1 ei vurdering av om det føreligg vesentleg avvik frå T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga». I samband med planar om avfallsanlegg er det også relevant å vurdere om det føreligg vesentlege avvik frå T-1520 «Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging», jf. avsnitt 3.2 i rundskriv T-2/16. Vurderinga av dette temaet er relevant for både arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar. I samband med dette temaet er også Helsedirektoratet sin rettleiar om «Systematisk folkehelsearbeid» (sist faglig oppdatert: 11. juni 2020), [Innsigelsar i arealplanlegging ved interesser av nasjonal eller vesentlig regional betydning - Helsedirektoratet](#)

Manglande areal til avfallsløysingar kan føre til fare for forureining/forsøpling. Eigna lokalisering av avfallsanlegg er difor eit vesentleg vurderingstema.

### **Kommuneplan og reguleringsplan med krav til avfallssystem**

På kommuneplannivået er det førebels ikkje eit klart heimelsgrunnlag for å kunne stille krav til avfallssystem, jf. pbl. § 11-9 nr. 3.

Kommunane kan stille krav til avfallssystem i føresegner til reguleringsplan, jf. pbl. § 12-7 nr. 2 og nr. 4. Byggteknisk forskrift (TEK17) har vidare krav til utforming av avfallssystem for bygg og bustader, jf. TEK17 § 12-12.

### **Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)**

Avfallsanlegg som handterar farleg stoff (farleg avfall/kjemikalier) bør vere omtalt i kommunen si heilskaplege ROS analyse.

Vurdering av uønskte hendingar/ulukker, risiko for ulukker, type avfallsfraksjonar, avfallstype (privat, næring eller spesialavfall), risikoavfall (medisinavfall og smittefarleg avfall), lagringsmåte og om tryggleiken ved anlegg i høve publikumsinteresser er tilstrekkeleg ivaretatt bør belysast. Sjå rettleiar til heilskapleg ROS på DSB sine heimesider. [Helhetlig ROS i kommunen | Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap \(dsb.no\)](#)

Ved planlegging og evt. utviding av avfallsanlegg må dei ulike risiko- og sårbarheitene knytt til anlegget vere tilstrekkeleg belyst på kommuneplannivå, og på detaljreguleringsplannivå (planROS).

RISE-rapporten «Branner i avfallsanlegg» (2020) drøftar og belyser risikoen knytt til brannar i avfallsanlegg, og identifiserer tiltak som kan hindre brann og begrense skadeomfang og miljøpåverknad. I rapporten blir det tilrådd at risikoanalyser bør femne om meir enn brann, men også sjå på oppsamling av slokkevatn og korleis røyk frå brennande farleg avfall kan påverke omgjevnadene.

<https://risefr.no/informasjon/aktuelt?articleID=117>

### **Storulukkeforskrifta og avfallsanlegg som handterer farleg avfall**

Koordineringsgruppa for storulukker har i samarbeid med avfallsbransjen utarbeidd ein rettleiar som gjer greie for når avfallsanlegg kjem inn under storulukkeforskrifta. Koordineringsgruppa består av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), Arbeidstilsynet, Miljødirektoratet, NSO og Petroleumstilsynet. Rettleiaren gjer greie for krava i storulukkeforskrifta i samband med avfallsanlegg, og skal sikre at det blir lik praksis for anlegg som lagrar og handterer farleg avfall. Storulukkeforskrifta krev at verksemdene sjølv vurderer om dei har slike mengder farlege kjemikal at dei blir omfatta av forskrifta.

Lenke til storulukkeforskrifta:

[Forskrift om tiltak for å forebygge og begrense konsekvensene av storulykker i virksomheter der farlige kjemikalier forekommer \(storulukkeforskriften\) - - Lovdata](#)

Miljødirektoratet si side om rettleiaren:

<https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/fagmeldinger/2023/januar-2023/veileder-om-storulukkeforskriften-og-avfall/>

Rettleiaren om storulukkeforskrifta og vurdering av avfall:

<https://www.dsb.no/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieell/temaveiledning-om-storulukkeforskriften-og-vurdering-av-avfall/>

<b>Planstrategi</b>	Ja	Nei
I samband med utforminga av planstrategi skal kommunane innhente synspunkt frå mellom anna Statsforvaltaren i Vestland, jf. pbl. § 10-1. I planstrategien skal kommunane drøfte strategiske valg knytt til langsiktig arealbruk og miljøutfordringar. Kommunane kan bidra til kutt i klimagassutslepp frå avfallsdeponi og forbrenningsanlegg gjennom avfallsførebygging. Kommunane kan også bidra til ei meir berekraftig tilnærming gjennom å sjå til ei auka grad av ombruk, materialgjenvinning og energigjenvinning. Der det er aktuelt og det eksisterer problemstillingar til dette temafeltet, så er det relevant å spele inn synspunkt om dette i samband med planstrategien.		
DSB tilrår at Heilskapleg ROS blir oppdatert kvart fjerde år og i samband med planstrategien. Heilskapleg ROS skal leggjast til grunn for diskusjonen av samfunnstryggleikspolitikken i kommunen. Er det tatt utgangspunkt i ein oppdatert heilskapleg ROS i planstrategien?		
<b>Kommuneplanen</b>		
I arealdelen til kommuneplanen blir avfallsanlegg/ renovasjonsanlegg normalt sett av til areal for «Bebyggelse og anlegg» eller «Andre typar bebyggelse og anlegg», jf. pbl. § 11-7 nr. 1. Anlegg vil kunne nemnast etter type, td. «Renovasjon», jf. kart- og planforskrifta (FOR-2009-06-26-861) <a href="#">Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister (kart- og planforskriften) - Lovdata</a> . Har kommunen vurdert behov og sett av areal til nødvending infrastruktur som til dømes avfallsanlegg med tilstrekkelege bufferzoner til naboar?		

Skal det etablerast avfallsanlegg på ein ny stad i samband med KPA? Er det tatt omsyn til dette i konsekvensutgreiinga for KPA og er det tatt tilstrekkeleg omsyn til alternativvurderingar?		
Dersom det blir planlagt for ei vesentleg utviding av eksisterande avfallsanlegg, så er spørsmålet om utvidinga medfører verknader som krev konsekvensutgreiing i samband med KPA. Er det i samband med utvidinga av eksisterande gjenvinningsanlegg gjort greie for verknader av endra arealføremål?		
Heilskapleg ROS skal leggjast til grunn for arbeidet med kommuneplanen. Er det tatt utgangspunkt i heilskapleg ROS i samband med utarbeidinga av KPA i samband med lokalisering av nytt avfallsanlegg og utviding av eksisterande avfallsanlegg? Viss avfallsanlegga er meldepliktig etter forskrift om handtering av farlig stoff, må dei sende innmelding til DSB. Er det sendt melding til DSB?		
Er det planlagt for bustader tett på avfallsanlegg/industri som har utslepp av støv, lukt, støy?		
Småbåtanlegg – blir det tatt omsyn til i føresegnene at det blir lagt til rette for kjeldesortering av avfall og at miljøfarleg avfall blir handtert etter forureiningslova.		
<b>Kommunedelplan</b>		
Kommunane kan også utforme tematiske planar for å følgje opp arbeidet med gjenvinning og avfallsreduksjon. Det er råd å vurdere slike planar i samband med kommunedelplanar for energi og klima.		
<b>Reguleringsplan for avfallsanlegg</b>		
Er det vurdert behov og sett av tilstrekkeleg areal til avfallsløysingar/infrastruktur til dømes i byrom og utfartsområde?		
Utløyser reguleringsplan for avfallsanlegg krav om konsekvensutgreiing? Dekkjer konsekvensutgreiinga relevante tema? Er planforslaget i tråd med arealdelen til kommuneplanen?		
Er det gjennomført ROS-analyse for anlegget? Dekkjer ROS-analysen relevante tema i samband med etablering, fornying eller utviding av anlegget? Sjå til dømes risikofaktorar som er omtalt i det landsdekkjande tilsynet med branntryggleik i avfallsanlegg: <a href="https://www.dsb.no/rapporter-og-evalueringer/landsdekkende-tilsyn-med-brannsikkerhet-i-avfallsanlegg/">https://www.dsb.no/rapporter-og-evalueringer/landsdekkende-tilsyn-med-brannsikkerhet-i-avfallsanlegg/</a>		
Skal anlegget handtere slike mengder farlege kjemikal at dei blir omfatta av forskrift om farleg stoff / storulukkeforskrifta? Det er opp til verksemda å leggje fram vurdering av dette. Dersom anlegget kjem inn under storulukkeforskrifta er DSB sin rettleiar om tryggleiken rundt storulukkeverksemdar relevant. Er det vurdert omsynssoner etter pbl. § 12-6? DSB peiker på at dei viktigaste omsyna som planlegginga må ivareta når det gjeld storulukkeverksemda og omgjevnadene er:		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppretthalde forsvarleg avstand til befolkninga rundt eksisterande storulukkeverksemdar</li> <li>• Ha kontroll med endringane i omgjevnadene kring eksisterande storulukkeverksemdar</li> <li>• Sørge for forsvarleg avstand ved etablering av ny storulukkeverksemd og endringar i eksisterande storulukkeverksemdar</li> </ul>		
<b>Reguleringsplan i samband med bustadføre mål, hamneanlegg og næringsanlegg</b>		
Er det tatt omsyn til renovasjonsløysingar i plan?		

### Snødeponi

Kommunane må vurdere både permanente eller mellombelse snødeponi etter plan- og bygningslova. Når eit areal blir nytta til snødeponi må det vurderast om det skal regulerast og om det skal handsamast som eit søknadspliktig tiltak etter pbl. § 20-1. I pbl. § 20-5 er det gjort unntak for

søknadsplikt for mellombelse tiltak som skal liggje kortare enn 2 månader. Pbl. § 30-5 har bestemmelsar om plassering av mellombelse tiltak. Det kan også vere behov for løyve etter forureiningslova på grunn av forureiningsfaren. Det bør unngåast å dumpe snø i ferskvatn eller sjøvatn. Grus, sand, slam og anna avfall som ligg igjen etter snøsmeltinga må leverast til godkjent avfallsmottak, jf. forureiningslova § 32. Vi viser til rettleiaren til Miljødirektoratet som gjev nærare råd om handsaming av snødeponi etter forureiningslova og plan- og bygningslova:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/Haandtere-sno-broyting/>

[Handtering av brøytesnø:](#)

[Handtering av brøytesnø | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

## Forureina grunn

Det er knytt nasjonale interesser til planar som gjeld områder med grunnforureining. Rundskriv t-2/16 – revidert februar 2021, avsnitt 3.3 «Forurenset grunn», gjev nærare føringar for å ivareta nasjonale interesser i samband med temaet forureina grunn.

Det er eit lovkrav at område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast som omsynssone. Det gjeld både i arealdelen til kommuneplanen og i reguleringsplanar, jf. pbl. § 4-3. Det er viktig å sjå til at områder med kjent grunnforureining blir handtert på tilstrekkeleg vis i plan. Område med grunnforureining kan visast med omsynssone etter plan- og bygningslova §§ 11-8 bokstav a og 12-6. Kommunen har ei plikt til å sjå til at fareområde blir i varetatt i planen på ein tilfredsstillande måte. Om kommunen gjer dette gjennom omsynssoner eller ved å bruke andre verkemiddel i planen, er ikkje avgjerande. Plan- og bygningslova § 28-1 set i byggjesak krav til byggegrunn og at det er tatt omsyn til fare og miljøforhold på byggjetomta, herunder grunnforureining. TEK17 § 9-3 set krav til undersøking om det er forureina grunn ved planlegging av byggverk, jf. rettleiing frå Direktoratet for byggkvalitet, <https://dibk.no/regelverk/byggteknisk-forskrift-tek17/9/9-3/>

[I rettleiaren om «Kommuneplanens arealdel» \(18.03.2022\) frå Kommunal- og distriktsdepartementet blir det vist til, s. 154: «Områder hvor det er kjennskap til eller mistanke om avfall, spesialavfall eller miljøgifter i grunnen, kan avmerkes spesielt i kommuneplanen som båndlagt område i påvente av avklaring av forurensningssituasjonen og arealbruken. I områder hvor det er forurensninger i grunnen etter tiltak, eller hvor det ikke er aktuelt å iverksette tiltak, kan området reguleres til formål og med krav som tar hensyn til forurensningen. Etter plan- og bygningsloven § 28-1 har kommunen ansvar for at miljøforhold er tilstrekkelig undersøkt før det gis byggetillatelse».](#)

Kommunane har eit særleg ansvar for å ivareta folkehelseomsyn, jf. folkehelselova §§ 4 – 7. Alle planar skal fremme helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Det skal såleis gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging.

Miljødirektoratet har utarbeidd rettleiar for plansaker og grunnforureining:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/miljohensyn-i-arealplanlegging/forurensning/forurenset-grunn/>

Vidare er det også laga ein eigen rettleiar som gjeld temaet grunnforureining i byggje- og gravesaker:

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/forurenset-grunn/for-myndigheter/forureina-grunn-i-byggje-og-gravesaker/>

Vidare gjev rettleiar «Bygging på nedlagte deponier: Veiledning om regelverk og kva som bør vektlegges ved bygging på, og i randsonen til, nedlagte deponier» nyttige råd, jf. Miljødirektoratet, M-1780/2020: <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1780/m1780.pdf>

[Folkehelseinstituttet har skrive ein eigen temaartikkel om «bygging på gamle avfallsdeponier» \(28.06.2018\):](#)

[Bygging på gamle avfallsdeponier - FHI](#)

Det er også relevant å sjå til Helsedirektoratet sin rettleiar «Særlig viktige nasjonale og vesentlige regionale interesser på folkehelseområdet som legges til grunn ved vurdering av planforslag»:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/systematisk-folkehelsearbeid/innsigelser-i-arealplanlegging-ved-interesser-av-nasjonal-eller-vesentlig-regional-betydning/saerlig-viktige-nasjonale-og-vesentlige-regionale-interesser-pa-folkehelseområdet-som-legges-til-grunn-ved-vurdering-av-planforslag>

Relevant er også rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (FOR-1995-09-20-4146), og rettleiar om «Barn og unge i plan og byggjesak» (09.11.2021):

<https://www.regjeringen.no/contentassets/6f2cf57ce3a341fb8b11876c2341b2a0/no/pdfs/h-2498-n-barn-og-unge-i-byggesak.pdf>

Sakshandsamarar på plan hos SF må ha brukartilgong til Grunnforureiningsdatabasen (GF2) – (send epost til [grunnforurensning@miljodir.no](mailto:grunnforurensning@miljodir.no) for å få tilgong). Dette gjev innsynsmoglegheiter i områder med forureina grunn som ikkje er matrikkelført. <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>.

Kommunen må avklare myndigheit med miljødirektoratet/ statsforvaltar dersom det skal føregå graving på industri/avfallslokalitet.

## **Kommuneplan**

### **Omsynssoner**

Miljødirektoratet tilrår at område med forureina grunn blir vist omsynssone av typen sikrings-, støy- og faresone, etter plan- og bygningslova § 11-8 punkt a. Omsynssonene bør omfatte både område der det er fastslått at grunnen er forureina, og område der kommunen vurderer at det er risiko for det.

Kommunen bør gi planføresegner for å hindre ein arealbruk som medfører risiko for at miljøgifter blir spreidd i omgjevnadene, eller gir skadar på menneske eller miljø. Dersom det er aktuelt å bruke områda til bygging eller friluftsmål, er det viktig at kommunen stiller krav til undersøkingar og opprydding i seinare planfasar.

Som eit alternativ til å bruke omsynssone, kan kommunen velge å regulere arealbruken gjennom å fastsetje arealmål og føresegner som tek omsyn til miljørisiko.

### **Reguleringsplanar**

Reguleringsplaner skal vere i tråd med føringar om arealbruken gitt i kommuneplanen. Omsynssoner i kommuneplanens arealdel kan vidareførast i reguleringsplanar.

Område kan ofte takast i bruk til til dømes utbygging eller grønnstruktur sjølv om grunnen inneheld forureiningar frå tidlegare verksemd. Men situasjonen gir auka kostnader i bygge- eller anleggsprosjektet og betyr meirarbeid for myndar og tiltakshavere. Dei forureina massane må skiftast ut eller handterast på annan forsvarleg måte.

I detaljregulering kan kommunen fastsetje tilpassingar og tiltak for eventuell intern handtering av forureina masse innanfor tiltaksområdet. Forureiningsforskrifta har reglar om korleis dei skal handterast.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen» uttrykkjer i avsnitt 5 «Krav til fysisk utforming», nr. 1, «Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare». I tilfelle der eit tiltak blir vurdert til å ha vesentlege konsekvensar for befolkninga si helse, så kan kommunen påleggje at det blir gjennomført ei helsekonsekvensutgreiing, jf. folkehelselova § 11.

### Sjekkliste forureina grunn

		Ja	Nei
1	Er forureina grunn eit tema i arbeidet med kommuneplanen og er det vurdert i planskildringa?		
2	Er forureina grunn vist med omsynssone etter pbl. § 11-8 bokstav a i plankartet, går det fram av føresegner eller er det handtert på anna vis i KPA som er i tråd med pbl. § 4-3?		
3	Er det undersøkt om det finst registrerte lokalitetar med forureina grunn i plan-området, jf. grunnforurensningsbasen, eller det ut frå annan informasjon er grunn til å tru at det eksisterer vesentlege utfordringar knytt til forureining. Dette gjeld også når det skal gravast i område med syredannande alunskifer og andre syredannande bergartar eller område der det har blitt deponert avfall som kan medføre utslepp av helseskadelege gassar eller det kan føre til setningsskadar.		Sjekk grunnforureiningsbasen med innlogga brukar
4	Er det vurdert om historisk aktivitet kan ha ført til forureina grunn (industri, verkstader, bensinstasjon, tankanlegg, fyllplassar, drivhus)?	Kommunen bør vurdere nærmare konsekvensar.	
5	Er området med (grunn til å tru at det er) forureina grunn vist som omsynssone? (aktsemdskart)		Be kommunen ta inn omsynssone/motsegn
6	Dersom det er forureina grunn, er det tatt omsyn til dette i planarbeidet? Tema i ROS? Er miljøteknisk undersøking og risikovurdering gjennomført?		Be kommunen gjere vurderingar/motsegn
7	Er det tatt omsyn til handtering av overvatn i planforslaget?		

8	Dersom planen gjeld bygging på nedlagt deponi. Er det føretatt grunnundersøkingar? Er det forsvarleg og trygt å byggje på grunnen med omsyn til riskio for utskliding og setningskadar?		
9	Er risiko for deponigass handtert i plan?		
	<b>Byggjesak</b>		
	Er det grunn til å tru at det er forureina grunn i området?		Tiltakshavar må sørgje for at det blir utført nødvendige undersøkingar for å få klarlagt omfanget og betydninga av eventuell forureining i grunnen. Dersom forureina grunn må kommunen godkjenne tiltaksplan. Dette gjeld også terrenginngrep som ikkje krev melding/søknad etter PBL, jf. forureiningsforskrifta kap 2.

### **Forureiningsforskrifta**

Kap. 7 omhandlar lokal luftkvalitet.

Kap. 8, 9 og 27 og avfallsforskrifta kap. 10 omhandlar utslepp som følgje av forbrenning.

### **Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023**

Utdrag frå kap 04 Byar og tettstader der det er godt å bu og leve:

Sikre trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø fri for skadeleg støy og luftforureining

### **Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegginga av 25.04.12 (T-1520)**

Retningslinja har som mål å førebygga og redusere lokal luftforureining gjennom god arealplanlegging. Ho har tilrådde grenser for luftforureining som skal leggast til grunn ved planlegging av nye verksemdar eller ny utbygging eller utviding av eksisterande verksemd eller utbyggingsområde.

### **Statlege planretningslinjer av 26.09.2014 for samordna bustad, areal og transport-planlegging (sjå kap .. )**

Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byar og tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet.

Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnast for å oppnå effektive løysingar, og slik at transportbehovet kan avgrensast og ein kan leggje til rette for klima- og miljøvenlege løysingar.

### **Miljødirektoratets rettleiar om lokal luftkvalitet:**

[https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/luftkvalitet/lokal-luftkvalitet/.](https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/luftkvalitet/lokal-luftkvalitet/)

Lenke til [varslingsstenesta luftkvalitet i Norge](#)

### **Geografisk differensiering i Hordaland:**

I Hordaland er det særleg sentrale delar av Bergen som har store utfordringar knytt til dårleg luftkvalitet og då særleg frå forureiningskomponenten NO<sub>2</sub>.

## Sjekkliste lokal luftkvalitet

	<b>Kommuneplan/kommunedelplan</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>
<b>1</b>	Er det gjort ei vurdering av luftkvalitet i samband med revisjon av KPA?		
<b>2</b>	Ved sannsyn for dårleg luftkvalitet, er det utarbeidd gule og raude soner t.d. som temakart til KPA?		



<b>3</b>	Er det utarbeidd omsynssoner med føresegner eller retningslinjer knytt til luftkvalitet i område for bustadutbygging eller anna følsame føremål i gul sone?		
<b>4</b>	Er det utarbeidd føresegner eller retningslinjer knytt til luftkvalitet i område for bustadutbygging eller andre følsame føremål i gul sone?		
<b>5</b>	Der det er dokumentert område med raud sone er det definert avviksområde (kollektivknutepunkt/sentrumsområde)?		
	<b>Områderegulering/detaljregulering</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>
<b>1</b>	Er planen i samsvar med KPA?		
<b>2</b>	Er det gjennomført (meir) detaljerte luftkvalitetsberekningar?		
<b>3</b>	Der det er dokumentert at området ligg i gul sone, opnar planen for bustadbygging eller anna følsamt føremål?		
<b>4</b>	Er det gjort plangrep som sikrar tilfredsstillande luftkvalitet kring bustadane?		
<b>5</b>	Der området ligg i raud sone bør det ikkje etablerast bustadar, helseinstitusjonar, barnehagar, skular, leikeplassar, utandørs idrettsanlegg samt parkar ol.		
<b>6</b>	Ligg planområde i avviksområde (sentrumsområde eller kollektivknutepunkt) kor det kan opnast for føremåla nemnt over?		
<b>7</b>	Er det ved regulering i avviksområda lagt vekt på at uteområda har så god luftkvalitet som mogleg i utforming av plankart og/eller føresegner?		

Støy er definert som forureining i forureiningslova, og er eit miljøproblem som rammar mange. [Nasjonale mål for støy er](#) (Miljøstatus):

1. redusere støyplaga<sup>1</sup> (SPI) med 10 % innan 2020, samanlikna med 1999.
2. redusere talet på personar<sup>2</sup> som blir utsett for eit innandørs støynivå på over 38 dB med 30 % innan 2020, samanlikna med 2005.


1) [SSB bereknar utvikling](#). Siste berekning gjort i 2014 viste ein nedgang på 9 %. SSBs kommentar til metoden: *Denne måten å beregne utviklingen av støyplagen har imidlertid flere svakheter som det er viktig å være klar over. Siden beregningene tar utgangspunkt i de støyutsatte i 1999, blir det ikke tatt hensyn til befolkningsvekst eller tilflytting til områder som er plaget av støy.*

2) [Siste SSB berekning i 2014](#) viser ei auke frå 2005 på 20 %. Dette er auke i innandørs støynivå i bustad og gjer meir reell dokumentasjon av utviklinga enn mål nr. 1.

Støyplager kan føre til mistriivnad, dårleg søvn og dårleg helse. Uforstyrta søvn er ein føresetnad for god fysiologisk og mental helse. Fråvær av støy er òg ein føresetnad for at kulturmiljø, friluftsliv- og rekreasjonsområde skal ha full verdi. Les om støy og helseplagar på [Folkehelseinstituttets heimesider](#).

**Figur 1. Antall støyutsatte over 55 dB(A)**

Utsatte over 55 dB(A)



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Vurdering av støy både i einskildsaker og i planlegging skjer etter retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging -T 1442/2021:

[Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging \(regjeringen.no\)](#)

- Og etter Miljødirektoratets rettleiar:

[Veileder om behandling av støy i arealplanlegging - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#)

Retningslinene er revidert i 2021 og støy som plantema og premiss for planlegging er ytterlegare framheva. Støyforholda skal avklarast og inngå i KU på overordna plannivå, kommuneplanen. Det må avklarast kva for areal som er egna for støyømfintlege bygg og der ein ikkje treng ta slike omsyn. Dersom ein ikkje kan nå kvalitetskriteriene for støy, bør ein vurdere om arealet er egna for

støyfølsamt bruksformål. Det skal i all hovudsak ikkje utsettast til lågare plannivå, område- eller detaljreguleringsplan.

Formålet med retningslinjen er å **forebygge støyplager** ved å:

- anbefale at det vert utarbeidd *støysonekart* for eksisterande støykjelder som skal sikre at støyutsatte områder rundt støykjelder vert synleggjort
- gje anbefalingar om kvar bebyggelse med *støyfølsamt bruksformål* ikkje bør etablerast, og kvar etablering berre kan skje med særlege avbøtande tiltak
- gje anbefalingar for støygrenser ved etablering av nye støykjelder, slik at desse vert lokalisert og utforma med tanke på å hindre nye/aukte støyplager.
- gje anbefalte støygrenser for bygg- og anleggsverksemda som følgjer av ein plan

Retningslinja skal leggst til grunn av kommunane i deira planlegging. Retningslinja er rettleiande, ikkje rettsleg bindande. Men planar, der støy er tema, skal ha føresegner om støy (støygrenser, ev. driftstider og ev. nødvendige tiltak for å redusere støy) i samsvar med det "slingringsrommet" som er gjeve i T-1442. Desse føresegnene blir då juridisk bindande for planen.

Støygrensene gjeld utandørs støy ved 6 ulike bygningstypar, bebyggelse med støyfølsamt bruksformål, som er bustadar, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, skuler og barnehagar (heretter "bustader mm"). I T-1142, tabell 2, er det gjeve anbefalte støygrenser (i desibel- dB) for 10 ulike støykjelder (veg, bane, fly, industri (to ulike), hamn/terminal, skytebanar, vindmøller, motorsportsbanar og nærmiljøanlegg). Er situasjonen i planen slik at ingen bustader mm får støy over støygrensene i tabell 2 så er (normalt) støy ikkje noko tema for denne planen. I bustader mm som har støy like under støygrensene kan likevel 10 % av ein normalbefolkning oppleve sterk støyplage eller 25 % plaga, men slik er grensene sett.

Sidan ulike støykjelder har ulik opplevd plagegrad ved same dB/støynivå, har grensene for ulike kjelder ulike talverdiar angjeve som dB.

Støy er tema i plan når anbefalte støygrenser i tabell 3 for bustader mm vert overskriden som følgje av:

- Nye bustader mm er planlagt plassert nær eksisterande støykjelder
- Nye støykjelder (eller utviding av eksisterande) er planlagt plassert nær eksisterande bustader mm

Kommunane kan også ivareta støy ved "rekreasjonsområder og stille områder" (parker, friluftsområder mm). Kommunen kan identifisere desse i for eksempel KPA eller andre plankart som grøn sone, og setje støygrenser for desse areala som man ønskjer å halde framover.

Det aller viktigaste i støysaker er at det finnes et godt faktagrunnlag som dokumenterer støysituasjonen i planen. Ein støyfagleg utredning utførd av akustisk kompetent konsulent/personell. "Ein må så tidleg som mogleg i planprosessen gjera støyfaglege utgreiingar, der støynivå vert talfesta i tabell og/eller i berekningspunkt i kart for representative høgder (t.d. ved fasadar og uteopphaldsareal). Den støyfaglege utgreiinga skal som hovudregel ikkje utsettast til byggjesaka.

T-1442 opnar for avvik frå grunnregelen (lågare støy enn grensene i tabell 3) ut frå to hovudprinsipp:

1. Gul og raud støysone (T-1442 tabell 2).

Helst skal bustader mm haldast utanfor støysonene. I gul støysone kan det akseptast avvik frå tabell 3 og i raud sone kan det kun akseptast avvik frå tabell 3 i *sentrumsområder og kollektivknutepunkt* dersom slike avviksområder er avsett i KPA. Grunnskular og barnehagar skal (står bør) ikkje byggast i raud sone uansett.

Gul sone for ei støykjelde er det arealet som har frå 0 - 10 dB meir støy enn grenseverdien i tabell 3. Til dømes støy frå veg. Tabell 3 grensa for vegstøy (også kalla *nedre grense gul sone*) er  $L_{den}$  55 dB. Så gul sone går frå  $L_{den}$  55 dB til  $L_{den}$  65 dB. Areal ved støykjelda som har støy  $> L_{den}$  65 dB ligg i raud støysone.

T-1442 forutset langt på veg at man har opplysningar om dei framtidige støyforholda i planer illustrert som støysoner. Det er nok tilfelle for dei fleste riks og fylkesvegar, jernbane/bybane linjer, flyplassar og vindmøller i Vestland. Men støysonekart manglar ofte for industriområder, steinbrudd, pukkverk, asfaltverk, skipsverft, kommunale vegar, skytebanar, motorsportsbanar mm. Så her må tiltakshavar få akustisk konsulentar til å berekne støyforholda for den aktuelle planen der det er relevant. Og skulle tiltakshavar "gløyme" det så skal kommunen evt. Statsforvaltaren "minne" tiltakshavar for planen at dette må gjerast.

Det som er viktig å hugse på er at støysonekarta viser berekna framtidig utvendig støy i 4 meters høgde. Tabell 3 grensene gjelder for kotehøgda for vindauga (for soverom/stue) og uteopphaldsareal, som kan være høgare og lågare enn 4 meter og dermed kan ha høgare lydnivå enn det som støysonekartet viser. Derfor alltid støyfagleg utredning for planen.

2. Stille side

I tabell 3 står det at støygrensene gjeld " på uteopphaldsareal og utanfor vindauga til *rom med støyfølsomt bruksformål*", som er soverom og stue. Dersom alle vindauga til soverom og stue pluss uteopphaldsareal ligg på same side og støykjelda (for eksempel ein veg) ligg på motsett side på same kotehøgde så kan dB nivået på stille side være  $L_{den}$  55 mens dB nivået på støyutsett fasade kan være mykje høgare. Men tabell 3 grensa kan altså vera oppfylt sjølv om andre fasadar på bustaden kan ha støynivå opp mot raud sone. Man nyttar bygningskroppen som støyskjerm.

Avvik som kan akseptast

T-1442 seier (pkt. 3.2.1) at i gul sone kan ein akseptere at det vert bygd bustader mm dersom ein "med avbøtande tiltak tilfredsstiller grenseverdiane i tabell 3", altså at man oppnår ein eller annan grad av stille side. Den "fullkomne stille side" er at alle vindauga for soverom/stue og uteopphaldsareal ligg på stille side. T-1442 opnar for (side 11) at man også kan ha for eksempel 50 % av soverom/stuer skal ha vindu mot stille side og fleire andre døme på akseptable avvik.


Det er ein fordel at kommunane har bestemt seg for kvar dei meiner grensa for avvik skal gå i deira kommune, gjennom føresegner i kommuneplanens arealdel, slik som [Bergen kommune har gjort](#) for sin KPA 2030 (sjå § 22).

Eksempel frå Bergen kommunes KPA (§ 22.2):

Tiltak i støybelastet område tilsvarende gul støysone.  
Grenseverdier kan fravikes dersom det dokumenteres gjennom støyfaglig utredning at følgende kriterier er oppfylt:

- a. Planløsning og stille side Alle boenheter skal ha minst en fasade som vender mot stille side der støynivået ikke overstiger nedre grenseverdi for gul sone. Minimum halvparten av oppholdsrom og minst 1 soverom skal ha minst 1 vindu som kan åpnes mot stille side. Barnehager og grunnskoler skal ha alle oppholdsrom på stille side.
- b. Støyutsatte sider Støynivået skal ikke overstige nedre grenseverdi for rød sone. Spesielt for øvrig byggesone og LNF: Grenseverdi reduseres med 5 dB.
- c. Uteoppholdsareal  
Støynivået skal ikke overstige nedre grenseverdi for gul sone.

TEK 17 § 13-6 som viser til lydklasse C i NS 8175 gjev juridisk bindande krav til innandørs lydnivå for oppholds- og soverom frå utandørs lydkjelder (for bustader tabell 4). Der ein aksepterer stue/soverom med vindauga mot støyande fasade, så er det ein samanheng her som er viktig. Dersom lydnivået på støyande fasade kjem over gitte dB verdier så vil ikkje "standard vegg/vindu" isolere nok. Det må installerast dyrare lydvindauga og evt. tyngre fasade.



Poenget med stille side opprinneleg var at man skulle kunne opne vindauga på soverommet utan at man fekk for mykje støy om natta. Etter TEK 17 der no alle? bustader vert utstyrt med balansert ventilasjon som igjen betyr at man ikkje treng opne vindauga, så er det "press" frå fleire hald at stille side ikkje lenger er relevant/nødvendig.

[Miljødirektoratet sine kommentarar](#) om dette så langt i forbindelse med revisjon av T-1442, er at stille side skal behaldast som eit viktig prinsipp. Dei meiner at forskninga ([bl.a. Ronny Klæboe TØI](#)) viser at færre plages av støy når bustaden har stille side, uavhengig av om soveromsvindaugget er opent eller ikkje.

Vesentlege avvik frå støyretteiar T-1442 i planen kan gje grunnlag for motsegn til planen frå Statsforvaltaren. (Også Avinor, Forsvarsbygg, Statens vegvesen og Bane Nor kan reise motsegn, for eksempel dersom det vært planlagt bustader (for) nær deira (støyande) anlegg.)

Når kan Statsforvaltaren gå til motsegn? I rettleiar M 128 pkt 6.3 (side 104) er desse eksempla lista opp:

- at støysonekart som er utarbeidet av anleggseier ikke er synliggjort i kommuneplanen eller på annen egnet måte.
- at avvikssoner ikke er behandlet og begrunnet på en forsvarlig måte i kommuneplanen
- at støyvurderinger i plansak mangler eller er svært mangelfulle.
- at planlagt arealbruk avviker fra grenseverdiene uten at avbøtende tiltak er tilstrekkelig innarbeidet i planen.
- at planlagt arealbruk avviker fra anbefalingene i retningslinjen uten at årsakene til avviket er grunngitt og tilstrekkelig dokumentert.
- at planlagt arealbruk er i strid med retningslinjene og Statsforvaltaren ikke finner at begrunnelsen for avviket kan forsvare avvikets omfang.

### Fylkesatlas

Støysoner for Forsvarets skyte- og øvingsfelt/Støy/Forureining

Støysoner for Bane NOR sitt jernbanenett/Støy/Forureining

Støysoner Avinor Lufthamn/Støy/Forureining

Støykartlegging veg etter T-1442/Støy/Forureining

Strategisk støykartlegging veg/Støy/Forureining

## Sjekkliste støy

Sjå direkte i [rettleiar M 128](#) for sjekklister. Det har kommet ein ny rettleiar.

	<b>Kommuneplan / kommunedelplan</b>	Ja	Nei
1	<a href="#">Rettleiar M 128</a> , pkt. 3.8 side 69		
2	Er det gjort konsekvensutgreiing for støy?		
3	Er det utarbeidd støysonekart med gul og raud sone?		
4	Er det etablert omsynssoner?		
5	Er støy tema i føresegnene til kommuneplanen?		
6	Er stille område synleggjort?		
7	Er planen utarbeidd med tanke på å unngå arealkonflikt, t.d. industri og bustad/barnehage/skule?		
	<b>Reguleringsplan</b>		
	<a href="#">Rettleiar M 128, side 70</a>		
	Støyende virksomhet - Reguleringsplan		
	<a href="#">Rettleiar M 128, pkt 3.9 side 72</a>		
	<b>Byggesak</b>		
	<a href="#">Rettleiar M 128, side 71</a>		
	Støyende virksomhet		
	<a href="#">Rettleiar M 128, side 73</a>		

## Generelt

I samsvar med Plan og Bygningslova § 27-2 skal planlagt **bortledning av avløpsvatn være i tråd med forureiningslova**. Dette betyr at både **kapasitet og nivå på reinsing** må vere på plass, når ny bygging knytast til eksisterande avløpsanlegg. Dette betyr at leidningsnett og reinseanlegget **må ha kapasitet til å ta imot avløpsvatnet**, og reinseanlegget må være bygd med **riktig reinseløysing** slik at reinsnivå i løyvet kan overhaldast. Vi har ved våre tilsyn i 2020 og 2021 funnet at **enkelte kommunar framleis ikkje har oppgradert reinseanlegga i tråd med sine utsleppsløyve**. Vi har òg nokre tilfelle kor kommunen har bygd nye reinseanlegg, men kor avløpsvatnet i enkelte område framleis leiast til dei gamle anlegga i påvente av utbygging av leidningsnett.

For å betre sikre at dette vart fylgt opp i planprosessane i kommunen, har vi lagt til nokre **kontrollpunkt** i sjekklista for oppstart av planarbeid. Kontrollpunktta minner om at det kan liggje relevant informasjon i tilsynsrapportane våre på avløp.

Vedlagt er **tilsynsrapportane** våre for dei kommunane som har avvik som nemnt over. Disse tilsynsrapportane gjeld dei store tettstadene i kommunane som er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 14.

## Oversikt over aktuelle avvik etter tilsynsaksjonen i 2021 (kan kome fleire rapportar her):

- Stord kommune – sjå tilsynsrapporten under punkt 9, andre forhold.
- Kvam kommune – sjå tilsynsrapporten under avvik 2, side 6
- Bjørnafjorden kommune – sjå tilsynsrapporten avvik 3, side 6
- Kinn kommune – sjå tilsynsrapporten under punkt 9, andre forhold.
- Askøy kommune – her har vi ikkje opplysningar i tilsynsrapport, men i løyvet sitt oversendingsbrev side 10, og løyvet punkt 3.2.3.
- Eidfjord kommune – sjå tilsynsrapporten under avvik 1, side 6

Alle tilsynsrapportar er kanskje enklast å finne på Norske Utslipp.no:

<https://www.norskeutslipp.no/no/Listesider/Virksomheter-med-utslippstillatelse/?s=100&SectorID=90&f=46>

Oversikt over kontroller ligg helt til høgre i bilete:

ORSKE UTSLIPP MILJØ-DIREKTORATET

Utslipp til luft og vann og generert avfall fra ulike samfunnssektorer, inkludert årlige utslipp fra virksomheter med rapporteringsplikt til Miljødirektoratet og Statsforvalteren

### Virksomheter med tillatelse

353 virksomheter.

Virksomhet	Sektor	Type virksomhet	Fylke	Kommune	Tillatelse	Kontroller
Aker stord i, eldøyane (Aker solutions as)	Avløp	Privat avløpsanlegg	Vestland	Stord	Tillatelse	2021, 2015
Aker stord ii, kjetteinståa (Aker solutions as)	Avløp	Privat avløpsanlegg	Vestland	Stord	Tillatelse	2021, 2015
Alstad rensanlegg (Bodo kommune teknisk avdeling)	Avløp	Avløpsnett og -rensing	Nordland	Bodo	Tillatelse, Tillatelse	2019, 2014
Alvdal rensanlegg (Alvdal kommune)	Avløp	Avløpsnett og -rensing	Innlandet	Alvdal	Tillatelse	2020, 2016 [...]

NB. Om lenka ikkje fungerer kan de gå til [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no), scroll heilt ned på sida til «Virksomheter med tillatelse». Klikk på «avløp», og vidare sortere på fylke i neste søkjebilete som kjem opp.

## **Lov og forskrift**

### **Plan og bygningslova**

- § 27-2. Avløp
- § 27-3. Tilknytning til eksisterende private anlegg
- § 30-6. Fritidsbebyggelse
- § 21-5. Den kommunale bygningsmyndighetens samordningsplikt
- § 12-7. Bestemmelser i reguleringsplan, punkt 12

### **Vassforskrifta og vassressurslova**

Vassforskrifta har som føremål å gi rammer for fastsetjing av miljømål som skal sikre ei mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane, og set difor konkrete føringar på prosess og kriterium for forvaltning av vassressursane. Eit tiltaksprogram konkretiserer kva som kan gjerast for å oppnå betre tilstand i vassdrag med forringa tilstand, og med det nå miljømåla som er satt.

Legg til henvising til føringane her ([vannforvaltningsplanane](#))

Vurderingar av resipientens tilstand og kapasitet til å ta i mot utslepp frå t.d. avløpsvatn burde kartleggast i dei overordna planane, slik at ein ikkje legg opp til utbygging i område der resipienten ikkje toler meir utslepp. Dette kan òg vere relevant med omsyn til diverse næring. Legge til lenke her. Nasjonale føringar for arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltningsplanane. Brev av mars 2019.

Det er eit uttalt mål at òg gamle anlegg etablert før 2007, då dagens gjeldande avløpsregelverk trådte i kraft, skal oppgraderast slik at dei tilfredsstillar dei «nye» reinsekrava i forureiningsforskrifta. Det er ei målsetting at alle anlegg skal ivareta forskriftskrav innan 2027, og seinast innan 2033, i tråd med målsettingane i vassforskrifta om god miljøtilstand i alle vassførekomster skal nås.

### **§21-5 Den kommunale bygningsmyndighetens samordningsplikt**

For å sikre samordning kan kommunen oppmode utbyggjar om å sende inn søknad om utsleppsløyve og byggjesøknad samtidig, slik at saksbehandlarane er orienterte og kan samordne seg. Det er eit viktig prinsipp at utsleppsløyvet etter forureiningsforskrifta skal vere gitt før byggjesaka blir behandla, jamfør [plan- og bygningsloven § 21-2](#) om søknad om løyve.

Det er eit viktig prinsipp at avløpshandteringa skal vere klarert og i samsvar med forureiningslova før tomt kan skiljast frå, eller før byggjesaka kan behandlast, jf. plan- og bygningslova § 27-2.

§ 27-2: «Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal bortledning av avløpsvann være sikret og i samsvar med forurensningsloven. Rettighet til å føre avløpsledning over annens grunn, alternativt til å



knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.

Når offentlig avløpsledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen, knyttes til avløpsledningen. Vil dette etter kommunenes skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad eller særlige hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning.

Kommunen kan i andre tilfeller enn nevnt i andre ledd, kreve at bygningen skal knyttes til avløpsledning når særlige hensyn tilsier det.

Reglene i andre og tredje ledd gjelder også for eksisterende byggverk. Før oppføring av bygning blir godkjent, skal avledning av grunn- og overvann være sikret. Tilsvarende gjelder ved vedlikehold av drenering for eksisterende byggverk.»

#### § 27-3. Tilknytning til eksisterende private anlegg

«Plan- og bygningsmyndigheten kan tillate tilknytning til private vann- og avløpsanlegg. Eieren av anlegget kan i så fall kreve at den som blir tilknyttet anlegget foretar eller betaler de utvidelser og forandringer av anlegg som tilknytningen gjør nødvendig, eller at det blir stilt sikkerhet for dette. Eieren kan i tillegg kreve refusjon for de opprinnelige anleggsutgiftene og senere oppgraderinger. Kostnadene og refusjonen fastsettes ved skjønn. Utgiftene til skjønnen bæres av den som blir tilknyttet anlegget.»

#### **Kven er myndighet for utslepp av avløpsvatn? (flyttet)**

Forureiningsforskrifta kapittel 11-15 (*myndighet i kursiv*)

Kapittel 11: Generelle bestemmelser om avløp gjeld for kapittel 12 til 15B.

Kapittel 12: Krav til utslipp av sanitært avløpsvann fra bolighus, hytter og lignende  
(*Kommunen*)

Kapittel 13: Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra mindre tettbebyggelser  
(*Kommunen*)

Kapittel 14: Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelser  
(*Statsforvaltaren*)

Kapittel 15: Krav til utslipp av oljeholdig avløpsvann (*frå bensinstasjoner o.l. (Kommunen)*)

Kapittel 15A: Påslipp til kommunalt avløpsnett (*Kommunen*)

Kommunen er forureiningsmynde for avløp under 50 pe og over 50 pe i mindre tettstadar. (Tettstad slik det går frem av forureiningsforskrifta § 11-3 k, og regnet ut ved hjelp av Norsk Standard NS-9426 *Bestemmelse av personekvivalenter (pe) i forbindelse med utslippstillatelse for avløpsvann*. Kommunen har myndighet for tettbygd område på størrelse mellom 50 og 2000 pe ved utslepp til ferskvatn og elvemunning, og mellom 50 og 10 000 pe ved utslepp sjø.

#### **Hytter/hyttfelt har ikkje plikt til å kople seg til kommunalt avløp, jf. plan- og bygningslova § 30-6**

Fritidsbustader er ikkje omfatta av plikt til tilkopling til kommunalt avløpsnett i plan- og bygningslova, med mindre dette er bestemt i plan, jf. plan- og bygningslova § 30-6.

§ 30-6. *Fritidsbebyggelse*

«Lovens bestemmelser i § 27-1 andre til fjerde ledd og § 27-2 andre til fjerde ledd gjelder for fritidsbebyggelse bare når dette er bestemt i plan. Departementet kan gi forskrift om at andre bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven ikke skal gjelde for fritidsbebyggelse.» Det kan vere aktuelt å oppfordre kommunane til å gi planføresegner tilsvarende 27-2 for avløp også i fritidsbebyggelse.

§ 12-7 punkt 12 «Krav om nærmere undersøkelser før gjennomføring av planen, samt undersøkelser med sikte på å overvåke og klargjøre virkninger for miljø, helse, sikkerhet, tilgjengelighet for alle, og andre samfunnsinteresser, ved gjennomføring av planen og enkelttiltak i denne».

### Uttale til planar

Miljøavdelinga handsamar kommunedelplanar/hovudplanar for avløp (temaplanar).

### Avløpsregelverk, aktuelle lenker

- [Miljødirektoratet - avløp](#)
- [Avløpsdirektivet mm](#) om reinsing av avløpsvatn frå byområde.
- [Forureiningsforskrifta del 4 om avløp](#)

### Fylkesatlas

Avløpsanlegg/Avløp/Forureining  
Tettbebyggelse 2021/Avløp/Forureining  
Fritidsbusetnad 2019/Avløp/Forureining

## Sjekkliste avløp

	Kommuneplan/Kommunedelplan/Strategiplan/Samfunnsplan	Ja	Nei
1	Har kommunen ein gjeldande hovudplan for avløp?		
2	Har kommunen kartlagd sårbare resipientar/gjort vurderingar av om resipienten kan handtere eitt auka utslepp ved utbygging av fleire bustadar?  Er dette omtalt i samfunnsplanen?	Må ha inn planføresegn som fører vatnet vekk frå resipienten	
	<b>Reguleringsplan</b>		
2	Er eksisterande VA-struktur i området gjort greie for? Er det utarbeidd ein VA-rammeplan/teknisk plan for området i samsvar med hovudplan for avløp?		
3	Korleis skal avløpsvatnet handterast? <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilknytning til kommunalt avløpsnett?</li> <li>• Er planlagt bortleding av avløpsvann i tråd med forureiningsloven jf.§ 27-2 i pbl?</li> </ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Er det kapasitet på det kommunale avløpsnett og reinseanlegget?</li> <li>○ Oppnår det kommunale reinseanlegget reinsekrava i forskrifta (er det bygd med tilstrekkeleg rensesetnologi?)</li> <li>● Kva tilstand har dei aktuelle resipientane for avløpsvatnet? Vil den aktuelle resipienten tole eit nytt/auka utslepp av avløpsvatn?</li> <li>● Er det krav om utsleppsløyve etter Kapittel 14 i området? <i>Fylkesmannen er forureiningsmyndigheit</i></li> </ul>		
4	<p>Er bortleiing av grunn- og overvatn sikra frå området?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Er overvassavrenning før og etter utbygging vurdert, t.d. dimensjonering av system for overvatn?</li> <li>● Er det kartlagt korleis planlagde flomvegar skal opparbeidast i området og ut i resipient?</li> </ul>		
5	Er det krav om nærare granskingar før gjennomføring av planen, jf. reguleringsplan § 12-7 nr. 12		
	<b>Dispensasjonar</b>		
6	<p>Kva avløpsløyving er omsøkt?</p> <p>Vil dette medføre inngrep i naturområde/strandsone?</p>		

## Massehandtering

Dette er laga ei eiga omfattande sjekklister for berekraftig massehandtering, sjå eige vedlegg.

Sjekklister er prosessorientert etter planar etter pbl, med detaljar for korleis massehandtering skal handsamast på ulike stadium i prosessen og i ulike plantypar.

Under følgjer ei forenkla sjekklister – som representerer eit utdrag av den fullstendige sjekklister.

### Forenkla sjekklister for berekraftig massehandtering


Dette er ein kortversjon av «sjekklister for berekraftig masseforvaltning i plan» som gjev eit utdrag av hovudpunkta i den fullstendige sjekklister. Sjekklister er prosessorientert, og du finn tilnærming til korleis vi handterer temaet knytt til aktuell plantype, plannivå og sak under dei ulike kapitla. Sjå lenke til fullstendig dokument her (omlag 20 sider) → her kjem lenke etter kvart

Innleiingsvis i det fullstendige dokumentet på lenka over finn du ei generell oversikt over relevante berekraftsmål, føringar, lovverk og rettleiingsdokument. Under kvart kapittel finn du konkrete utsjekkingspunkt og kva vi kan formidle til kommunane i dei ulike sakene.

Statsforvaltaren (plan, miljø og landbruk) har utarbeida eigen ressurspyramide for massehandtering. Denne kan formidlast vidare og skal gjere det enklare å forstå korleis massar skal vurderast og handterast i plan- og byggeprosjekt.

Vi har òg utarbeida eit utkast avslutningsvis i den fullstendige sjekklister til kva ein massehandteringsplan kan innehalde – denne må tilpassast kvar sak etter omfang, og vi har ikkje gode eksempel per no (haust 2023).

### Ressurspyramide for overskotsmassar av jord og stein som ikkje er forureina



Figur 1 – Ein versjon av ressurspyramiden for handtering av overskotsmasse av jord og stein som ikkje er forureina. Piler frå figuren syner til forklaring av dei ulike prioriteringane i pyramiden. Figur: Statsforvaltaren i Vestland 2023

<p><b>Statleg plan</b></p> <p>Heimel pbl. § 6-4</p> <p><u>Massehandtering bør vere eit tema, og kan få verknad for val av løysing.</u></p>	<p>Når embetet vert kontakta om mandat og KVVU må vi sikre at sakshandsamarar på plan, landbruk og miljø vert involvert - slik at ein sikrar kompetanse inn i sakene. I mandatet bør det leggast føringar for massehandsaming, gjenvinningsmål, ol.. Dette vil ha stor betydning for val av løysing.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ligg det føringar for massehandsaming i mandatet for KVVU? Bør SFVL ha ei rolle i prosjektet?</li> </ul> <p>Sjå fullstendig sjekklister for detaljar kring mandat, KVVU, KS1 og KS2.</p> <p>Kommunal- og moderniseringsdepartementet er vedtaksorgan for statlege arealplanar. Statsforvaltaren vil i ein slik prosess kunne fremje faglege råd, men vil ikkje kunne fremje motsegn mot ein statleg arealplan.</p>
<p><b>Planstrategi</b></p> <p>Heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 10-1, men er ikkje ein eigen plantype.</p> <p><u>Massehandtering bør vere eit tema</u></p>	<p>Føremålet med den kommunale planstrategien er å gje eit oversyn over dei politiske prioriteringane av planbehovet i kommunestyreperioden, og å ta stilling til om kommuneplanen skal rullerast.</p> <p>Ved varsel om oppstart kan vi syne til berekraftsmåla og overordna føringar, gje råd og rettleiing til korleis kommunen kan legge opp til strategiar for å ivareta massehandtering i eigen kommune.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Er massehandtering eit tema?</li> <li>- Har kommunen vurdert behovet for / nytten av eventuelt interkommunalt samarbeid kring massehandtering?</li> </ul>
<p><b>Samfunnsdelen av kommuneplanen</b></p> <p>Heimel pbl § 11-2.</p> <p><u>Massehandtering skal vera eit tema i KPS</u></p>	<p><u>Kunnskapsgrunnlaget bør innehalde:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oversikt over massehandtering/behov i kommunen</li> <li>- Avklare utgreiingsbehov/behov for areal</li> <li>- Beskrive langsiktige utfordringar</li> <li>- Vurdering av eksisterande føringar og rutinar for massehandtering i byggesak og KPA</li> </ul> <p><u>Samfunnsdelen bør innehalde:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Arealstrategiar som gjev grunnlag for prioriteringar av betydning for massehandsaming i framtidig arbeid med arealdelen</li> <li>- Kommunen bør legge opp til samarbeid med aktørar</li> </ul>
<p><b>Arealdelen av kommuneplanen (KPA)</b></p> <p>Heimel pbl § 11-5.</p> <p><u>Det er særleg viktig at massehandtering er løfta fram i arealdelen</u></p> <p>Her kan kommunen legge premiss og arealavklaringar for å sikre tilgang til byggeråstoff, legge til rette for økt</p>	<p><u>Planprogrammet for KPA bør innehalde:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det bør gå fram av planprogrammet korleis temaet massehandtering er vurdert og korleis temaet skal vurderast vidare i planarbeidet (KU / innspel)</li> <li>- Kommunen bør gjere vurderingar av noverande og framtidig behov for areal til handtering, lagring og disponering av massar (t.d. massebehandlingsanlegg). Invitere til dialog med aktørar.</li> <li>- Legg ein opp til plangrep for å redusere overskuddsmasse eller oppnå massebalanse igjennom planen?</li> </ul> <p><u>Høyring av av KPA bør innehalde:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Er kunnskapsgrunnlaget tilstrekkeleg?</li> <li>- Har kommunen sikra gode nok føringar for korleis ein handterer massar direkte opp mot arealdelen, og i reguleringsplan og byggesak?</li> </ul>

<p>attvinning, redusere masseoverskot, transport og arealinngrep</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Er det avklart område for masseuttak, mellomlager, anlegg for sortering og gjenvinning, og deponering, både eksisterande og nye?</li> <li>- Kommuniserer kommunen klare krav, råd og rettleiing i planomtalen kring massehandtering, lovverk og sakshandsaming i eigen kommune? Samarbeid med aktørane.</li> <li>- Stiller kommunen krav til rapportering/masserekneskap i reguleringsplan/byggesak?</li> <li>- Er overordna prinsipp for massehandtering i tråd med ressurspyramiden vurdert?</li> <li>- Masserekneskap: Er overskot og behov for massar i regionen/kommunen kartlagt/vurdert?</li> <li>- Miljøkonsekvensar: Er følgjer av massehandtering og massetransport på forureining, naturmangfald og klima og tiltak for å redusere dette vurdert?</li> <li>- Vi oppmodar om at kommunen inkluderer krav om massehandteringsplan i reguleringsplanar av ein viss storleik og ellers i planar der dette er aktuelt.</li> </ul>
<p><b>Reguleringsplanar</b></p> <p>Heimel pbl § 12-1.</p> <p><u>Massehandtering skal vere avklart før vedtak av reguleringsplan.</u></p> <p><u>Det er ikkje tilstrekkeleg å stille krav om dette ved byggesak.</u></p>	<p><u>Planinitiativ bør innehalde:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Her bør potensielle konsekvensar for massehandtering, særlovverk og sektorlover vere vurdert og drøfta.</li> <li>- Massehandtering i tråd med ressurspyramiden bør vere eit viktig punkt i oppstartsmøte for reguleringsplanar.</li> </ul> <p><b>Massehandteringsplan:</b> Dersom planen fører/kan føre til stort overskot/underskot/omdisponering av massar bør det utarbeidast ein massehandteringsplan som del av planen. <u>Denne skal vera i tråd med ressurspyramiden.</u> Massehandtering kan få store verknadar for utforming av planframlegget og gjennomføring av plan – t.d.: KU-plikt, planeringshøgder/byggehøgder, utnyttingsgrad, kostnader, behov for mellomlager, massebehandling, transport, klima og miljø, støy, støv og landskapsverknadar.</p> <p><u>Høyring av planframlegg:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Er massehandtering vurdert og omtalt i planen?</li> <li>- Planomtalen skal gjere greie for koplingane mot nasjonale, regionale og lokale omsyn og føringar i naudsynt grad, t.d.: FNs berekraftsmål, nasjonale forventningar - Reduksjon av transport/ transportavstander skal vere eit tema.</li> <li>- Er det gjort avklaringar av om tiltaka krev løyve etter anna lovverk?</li> <li>- Korleis er ev. krav kring massehandtering i KPA, KPS og planstrategi svart ut i planen?</li> <li>- Er det sett detaljerte føringar kring massehandtering i føresegnene? (ikkje godt nok at det står at massane skal køyrast til deponi – <u>det skal gjerast konkrete vurderingar og val etter ressurspyramiden</u>).</li> <li>- kan ein flytte eventuelle jordmassar til anna areal i staden for å bygge oppå jordmassane? Ved eventuell flytting - finnst det ein plan for dette og for korleis dei ulike laga skal byggjast opp? Ligg det føringar kring dette i føresegnene?</li> </ul>
<p><b>Planendring (og eldre reguleringsplanar)</b></p>	<p><u>Planendring og endring etter forenkla prosess:</u></p> <p>Endring av planar etter «forenkla prosess» kan vere utfordrande då opphavelig planmateriale totalt sett kan vere utdatert eller mangelfullt</p>

<p>Heimel pbl. § 12-14 Rundskriv H-6/17</p>	<p>jf. nye lover og føringar (til dømes manglande planomtale, ROS-analyse, og manglande vurdering av massehandsaming, eller vurderingar og føresegner i strid med ressurspyramiden). Endringar etter forenkla prosess oppdaterer sjeldan heile planen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi bør påpeike om planen framleis har manglar og om den bør oppdaterast etter ordinær prosess.</li> <li>- Gjer ein utsjekk av planen opp mot punkta som står under «reguleringsplanar → 2.Høyring» i fullstendig sjekklister</li> <li>- Er det vurdert om endringa kan/vil føre til endringar kring massehandtering?</li> <li>- Er planmaterialet samla sett utdatert?</li> <li>- Er det behov for nye utgreiingar?</li>   <li>- Be om at massehandtering vert inkludert som tema, og at det vert gjort utarbeida <b>massehandteringsplan</b> som del av endringa dersom aktuelt (til dømes utfylling/planering, vegutbyggingar ol.).</li>   <li>- Dersom planen har føresegner for massehandtering som sikter på å køyre massane direkte til deponi utan at det er gjort vurderingar opp mot ressurspyramiden bør vi krevje at det vert gjort ei vurdering og ev. at føresegna vert endra.</li> </ul>
<p><b>Dispensasjonar</b>  pbl. § 19-2</p>	<p><b>Samordning:</b> Vil ein dispensasjon føre til tiltak der vi må vurdere særskilt løyve/krav til massehandtering etter forureiningslova med forskrifter? Dersom dispensasjonen kan få konsekvensar for miljøomsyn eller det er usikkerheit kring dette bør temaet sjekkast ut etter dialog med miljø/landbruk.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gjer ein utsjekk av føringar og lovverk som er trekt frem innleiingsvis i den fullstendige sjekklister.</li> <li>- Er massehandsaming ei aktuell problemstilling?</li> <li>- Er massehandsaming trekt fram i ulempe/fordel-vurderinga? Det er viktig at konsekvensane av eventuell massehandsaming vert avklart, vurdert og redusert igjennom planlegging og skadereduserande tiltak. Negative konsekvenser er særskilt knytt til natur-, miljø, landskap-, friluftsliv- og landbruksomsyn. Støy, støv og trafikkulempar frå massetransport og område for massehandsaming kan gje negative konsekvenser for nærmiljøet.</li> <li>- Er det vurdert om dispensasjonen fører til masseoverskot / masseunderskot – og vurdert grep som balanserer dette?</li> <li>-</li> <li>- Be om at det vert utarbeida <b>massehandteringsplan</b> i tråd med ressurspyramiden før det eventuelt vert gjeve dispensasjon og byggeløyve dersom aktuelt.</li> <li>- Ev. oppmode om at KPA/KDP eller reguleringsplan vert oppdatert og at ein rår i frå at det vert gjeve dispensasjon før avklaring på plannivå som sikrar forsvarleg og berekraftig massehandsaming.</li>   <li>- Anlegg for handtering av overskotsmassar bør ikkje plasserast på dyrka eller dyrkbar mark</li> </ul>

## Vedlegg

### Rutinar for vurdering av planar og dispensasjonar

#### Fordeling av oppgåver på kommunalavdelinga

Kommunalavdelinga v/planseksjonen har hovudansvaret for fullført sakshandsaming for alle plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. Kommunane i Vestland er fordelte mellom sakshandsamarane i seksjonen. Oppdatert liste ligg på nettsida til Statsforvaltaren i *Vestland/plan og bygg/arealforvaltning*.

Ansvar for å utforme og sende uttale til planar og fremje forslag til motsegn, ligg til sakshandsamar. Sakshandsamar har vidare ansvar for å gi uttaler og fremje forslag til klage på dispensasjonsvedtak. Avdelingsdirektør eller seksjonsleiar tek avgjerd i spørsmål om ein skal fremja motsegn til planar eller om ein skal klage på vedtak.

#### Samhandling i plansaker på embetet

Det er planmøte ein gong i veka.

Alle fagavdelingane har minst ein plankontakt. Plankontaktane er inviterte og vel sjølv om dei vil delta på planmøta. I møte der kommuneplanar og områdereguleringsplanar er tema, legg ein til grunn at plankontaktane møter saman med relevante sakshandsamarar i planseksjonen.

Planmøta er i hovudsak «produksjonsmøter» der aktuelle saker vert tatt opp. Sakshandsamar gjer på førehand greie for kva ein vil ha innspel til. Dei andre møtedeltakarane møter førebudde og kjem med relevante innspel til sakene på dagsorden. Sakshandsamar gjer greie for saka på møtet.

Planseksjonen tek også direkte kontakt med tilsette på dei andre fagavdelingane når det er trong for det. Miljøavdelinga har utarbeidd liste over fagansvarleg innanfor ulike tema, lista ligg på *Felles FMVL/kommunal/plan/temafordeling miljøavdelinga – plan*.

#### Fagområdeoversikt og sjekklister til hjelp i sakshandsaminga

Det er utarbeidd oversikt over kvart fagtema samt sjekklister til bruk i sakshandsaminga for saksområda som Statsforvaltaren skal ivareta. Under kvart fagtema er det referert til styrande dokument som kan nyttast i argumentasjonen ved uttaler og forslag til motsegn.